



Kvam herad

Årsmelding 2015



Foto: Tore Skeie



Innhald

1	Press	4
2	Kvam herad som samfunnsutviklar	5
2.1	Visjon	5
2.2	Hovudmål.....	5
2.3	Hovudstrategiar	5
2.4	Folketalsutvikling	6
2.5	Etikk	6
2.6	Internkontroll, tilsyn og beredskap	7
3	Kvam herad som arbeidsgjevar	9
3.1	Organisasjonskart for Kvam herad	9
3.2	Medarbeidarar.....	9
3.2.1	Sjukefråværsutvikling frå 2008 – 2015.....	9
3.2.2	Rekruttera og behalda arbeidskraft	10
3.2.3	Heiltidskultur	10
3.2.4	Leiarskap – medarbeidarskap - Lean.....	11
3.2.5	Omstilling.....	11
3.2.6	Pensjon	11
3.2.7	Helse, miljø og tryggleik	12
3.2.8	Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering	12
4	Kvam herad som ressursforvaltar – økonomiske hovudlinjer	13
5	Kvam herad som tenesteytar	21
5.1	Politisk verksemd.....	22
5.1.1	Om tenestene.....	22
5.1.2	Målsetjingar og resultat	23
5.1.3	Økonomiske rammer.....	24
5.2	Administrasjon, styring og fellesutgifter	25
5.2.1	Om tenestene.....	25
5.2.2	Målsetjingar og resultat	25
5.2.3	Økonomiske rammer.....	27
5.3	Barnehagar	28
5.3.1	Om tenestene.....	28
5.3.2	Målsetjingar og resultat	28
5.3.3	Økonomiske rammer.....	31
5.4	Grunnskule.....	32
5.4.1	Om tenestene.....	32
5.4.2	Målsetjingar og resultat	33
5.4.3	Økonomiske rammer.....	37
5.5	Kommunehelse	39
5.5.1	Om tenestene.....	39
5.5.2	Målsetjing og resultat.....	39
5.5.3	Økonomiske rammer.....	46
5.6	Pleie- og omsorg	47
5.6.1	Om tenestene.....	47
5.6.2	Målsetjingar og resultat	49
5.6.3	Økonomiske rammer.....	53
5.7	Sosialteneste og NAV.....	55
5.7.1	Om tenestene.....	55
5.7.2	Målsetjingar og resultat	56
5.7.3	Økonomiske rammer.....	58
5.8	Barnevern	59
5.8.1	Om tenestene.....	59

5.8.2	Målsetjingar og resultat	59
5.8.3	Økonomiske rammer.....	62
5.9	Bustader.....	63
5.9.1	Om tenestene.....	63
5.9.2	Målsetjingar og resultat	63
5.9.3	Økonomiske rammer.....	64
5.10	Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø	65
5.10.1	Om tenestene.....	65
5.10.2	Målsetjingar og resultat	65
5.10.3	Økonomiske rammer.....	69
5.11	Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift.....	70
5.11.1	Om tenestene.....	70
5.11.2	Målsetjingar og resultat	70
5.11.3	Økonomiske rammer.....	72
5.12	Brann og ulukkesvern.....	73
5.12.1	Om tenestene.....	73
5.12.2	Målsetjingar og resultat	73
5.12.3	Økonomiske rammer.....	74
5.13	Samferdsel og grøntanlegg	75
5.13.1	Om tenestene.....	75
5.13.2	Målsetjingar og resultat	75
5.13.3	Økonomiske rammer.....	77
5.14	Vatn, avløp og renovasjon/avfall	78
5.14.1	Om tenestene.....	78
5.14.2	Målsetjingar og resultat	78
5.14.3	Økonomiske rammer.....	80
5.15	Kultur.....	81
5.15.1	Om tenestene.....	81
5.15.2	Målsetjingar og resultat	81
5.15.3	Økonomiske rammer.....	86
5.16	Kyrkja.....	87
5.16.1	Om tenestene.....	87
5.16.2	Målsetjingar og resultat	87
5.16.3	Økonomiske rammer.....	87
5.17	Skatt og rammetilskot.....	88
5.17.1	Om tenestene.....	88
5.17.2	Målsetjingar og resultat	88
5.17.3	Økonomiske rammer.....	88
5.18	Finans og fellespostar	89
5.18.1	Om tenestene.....	89
5.18.2	Målsetjingar og resultat	89
5.18.3	Økonomiske rammer.....	90
5.19	Fellestema – Kommunale bygg.....	91
5.19.1	Om temaet	91
5.19.2	Målsetjing og resultat.....	91
5.20	Fellestema: Sosiale kostnader inkludert premieavvik	93
5.21	Fellestema: Avskrivingar	94
6	Kvam herad - Årsrekneskap.....	95
6.1	Hovudoversikt - drift.....	96
6.1.1	Rekneskapsskjema 1A	98

6.1.2	Rekneskapsskjema 1B	99
6.2	Hovudoversikt – investering.....	100
6.2.1	Rekneskapsskjema 2 A	102
6.2.2	Rekneskapsskjema 2B	102
6.3	Balanse.....	103
6.4	Notar	105
6.4.1	Rekneskapsprinsipp.....	105
6.4.2	Arbeidskapital.....	106
6.4.3	Godtgjersler og honorar	106
6.4.4	Pensjonsnote	107
6.4.5	Varige driftsmidler	108
6.4.6	Aksjar og partar	109
6.4.7	Sal av finansielle anleggsmiddel.....	109
6.4.8	Låneportefølje	110
6.4.9	Garantinote	111
6.4.10	Obligasjonsportefølje	111
6.4.11	Avsetjingar og bruk av avsetjingar	112
6.4.12	Kapitalkonto	113
6.4.1	Gebyrfinansierte sjølvkosttenester	114
6.5	Statusrapport drifts- og investeringsprosjekt	116
6.5.1	Avslutta prosjekt	116
6.5.2	Aktive driftsprosjekt	119
6.5.3	Aktive investeringsprosjekt	120
6.5.4	Aktive skule- og barnehageprosjekt.....	122
6.5.5	Aktive VAR-prosjekt:	122
7	Politisk vedtekne budsjettjusteringar i perioden desember 2014 – desember 2015 ...	123
8	Statuskommentar til budsjettvedtak, HST-110/14	125
9	Vedlegg.....	131

Biletet på framsida er frå bygging av Tørvikbygd barnehage som skal stå klar sommaren 2016.

Foto: Tore Skeie

1 Press

Årsmeldinga for 2015 syner det enorme mangfaldet i tenester som ein kommune leverer. Den norske kommunen er blitt ein fantastisk organisasjon med ei spennvidde i oppgåver som det nesten ikkje finst make til nokon stader i verda. I den norske velferdsmodellen står kommunen sterkt i posisjonen som utøvar av eit tenestespekter i vekst, forvaltar av eit lovverk i endring og utviklar av lokalsamfunnet. Og kommunen vert pressa frå alle kantar. På den eine sida finn ein staten med sine behov for å visa handlekraft gjennom reformer, lange stortingsmeldingar og store behov for detaljstyring. Innbyggjarane har sine behov og ynskjer som ikkje alltid samsvarar med økonomiske rammer eller kommunen sitt mandat. I tillegg ser ein at samfunnet endrar seg i stor takt. Største endringane i 2015 var nok at den norske økonomien gjekk frå å vera brennheit til lunka.

Arbeidsmarknaden endra seg brått og ringverknadane inn i den kommunale organisasjonen er merkbare. Migrasjonsutfordringane i verda sette og sitt preg på den kommunale arbeidskvardagen. Sjølve dokumentet er langt og omfattande, men det gjev eit godt innblikk i den kommunale verksemda og kompleksiteten i det dei tilsette jobbar med. Det er lite som er statisk og arbeidet med å skapa ein dynamisk organisasjon held fram. Eg har stor tru på at lesaren av dette dokumentet vil sjå at tilsette i Kvam herad syner stor vilje og evne til endring og i stor grad tenkjer innovativt til beste for innbyggjarane.

I alt det positive og gode arbeidet som blir utført kan ein ikkje stikka under ein stol at kommunen har økonomiske utfordringar. Me nyttar for mykje ressursar for å gjennomføra samfunnsoppdraget vårt, og me leverer tenester som er i overkant generøse sett i samanheng med at me er ein låg-inntektskommune. Det er heradsstyret og rådmannen i fellesskap sitt ansvar å få balanse i økonomien att.

Arild McClellan Steine
- rådmann -

2 Kvam herad som samfunnsutviklar

2.1 Visjon

Kvam herad har som visjon å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future. Visjonen ligg til grunn for den nyleg vedtekne kommuneplanen for 2015-2030 (HST-064/15, 6.10.15). Slagordet ut frå visjonen er «Framtida er her». Dei samfunna som klarar å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier sine innovatørar, set pris på kreativitet og fremmar det særeigne. Dette gjev oss fire underbyggjande faktorar:

Talent - Toleranse – Trivsel – Teknologiutnytting

Nedanfor er ei ordskey av visjonsdokumentet:



2.2 Hovudmål

Hovudmålet til Kvam herad er: Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og bergensregionen.

2.3 Hovudstrategiar

Kommuneplanen set langsiktige mål og strategiar for heile kvammasamfunnet, Kvam herad sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon. For å få dette til er fylgjande hovudstrategiar valt i planperioden: «stadutvikling», «bustad», «infrastruktur», «verdiskaping» og «livskvalitet».

Stadutvikling
Overordna mål Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med eit større mangfald av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for <u>alle</u> med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet.

Bustad
Overordna mål Kvam herad skal ha eit variert bustadstilbod tilgjengeleg for alle grupper som ynskjer å busetja seg i kommunen og som ynskjer å verta buande, samt at folk vert buande lengst mogleg i sin eigen heim.

Infrastruktur og kommunikasjon
Overordna mål Kvam skal ha ein trafiksikker og effektiv infrastruktur –eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grendene.

Verdiskaping igjennom samarbeid
Overordna mål I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet

Livskvalitet
Overordna mål I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i kommunen skal oppleva høg livskvalitet og at samfunnet vårt vert opplevd på same vis.

2.4 Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga i Kvam var negativ i 2014 og 2015 etter fleire år med ei positiv utvikling. Folketalet går ned ifrå 8 539 per 01.01.2015 til 8 475 per 01.01.2016, ein nedgang på 0,7%. På 2 år er nedgangen på 109 personar. Den faktiske trenden er at me vert færre, medan Hordaland fylkeskommune og Statistisk sentralbyrå sine prognosar legg til grunn at me skal verta omkring 10.000 innbyggjarar innan 2035.

2.5 Etikk

Administrasjonsutvalet vedtok 14. mai 2014 nye etiske retningslinjer og reglar for tilsette, innleigde konsulentar og andre samarbeidspartnarar knytt til organisasjonen Kvam herad. Retningslinjene erstattar tidlegare retningslinjer frå 2008. Retningslinjene er distribuert til alle tilsette, og ulike tiltak for å gjera dei tilsette kjende med innhaldet ligg i tiltaksplanen for retningslinjene. Det vart ikkje

gjennomført felles tiltak for alle tilsette i 2015, men trening i etiske dilemma var tema i leiersamling 21.1.15.

Revisjon av etiske retningslinjer for dei folkevalde har starta opp i samband med arbeidet med politisk organisering, men er ikkje avslutta. Inntil vidare gjeld dei som er vedtekne i HST-24/08 som del av reglementet for politiske organ. Kurs i etikk vart gjennomført for det nye heradsstyret i samband med folkevaldopplæring hausten 2015.

2.6 Internkontroll, tilsyn og beredskap

Kvam herad deltok på KS sitt Effektiviseringsnettverk for internkontroll til Hordaland, som avslutta sommaren 2015. Administrasjonen har arbeidd med følgjande tiltak i etterkant av nettverket:

1. **Administrativt delegeringsreglement.** Kommunen har kjøpt eit nettbasert system for delegeringsreglement. Før administrativ delegering kunne gjerast, måtte delegeringsreglementet mellom politikarar og administrasjon reviderast. Dette arbeidet vart starta opp i 2015, men vert ikkje sluttført før i 2016. Etter dette går ein i gang med det administrative delegeringsreglementet (frå rådmann og utover i organisasjonen).
2. **Arbeidsgjevarpolitikk.** Ulike dokument på området vart samla i eit fellesdokument som vart ferdigstilt mai -15.
3. **Lokal personalhandbok.** Arbeidet med å oppgradera og ferdigstilla ei nettbasert utgåve av den papirbaserte lokale personalhandboka starta opp i 2015, og vert ferdigstilt våren 2016.
4. **Avvikssystem.** Kommunen har eit eigenutvikla system for rapportering i eigen nettportal. Portalen skal skiftast ut, og arbeidet med å finna eit nytt system, er starta opp. Det skal innarbeidast mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Det skal sikrast tverrfaglege og –etatleg deltaking og systematisk kompetanseheving/øving.
5. **Beredskapsplan.** Den 16.6.2015, vedtok Kvam heradsstyre ny ROS-analyse for Kvam i perioden 2015 – 2019. ROS-analysen tok utgangspunkt i 41 ulike hendingar, og skal vera eit overordna styringsdokument for prioritering av førebyggjande tiltak og beredskapsplanlegging. Etter at arbeidet med ROS-analysen var ferdig, vart arbeidet med ny overordna beredskapsplan påbyrja i 2015. Arbeidet med ny beredskapsplan er venta ferdig i løpet av våren 2016.
6. **Eige system for internkontroll bygg.** Programvare er innkjøpt og teke i bruk.
7. **Styrka internkontroll knytt til prosjektgjennomføring – frå prosjektidè til avslutning og evaluering.** Arbeidet er starta opp.
8. **Årshjul.** Administrasjonen har sett på ei rekkje eksempel på årshjul for sentrale hendingar i løpet av eit år, men ikkje føreteke eit val på modell og evt. programvare endå.

Heradsstyret (HST) har vedteke plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 (HST-120/12), men delegert til kontrollutvalet å gjera endringar og omprioriteringar, samt å definera og avgrensa konkrete prosjekt innan dei utvalde områda i planen. Kvam herad sin revisor, Deloitte, gjennomfører revisjonen. I 2015 vart det ikkje starta opp nye forvaltningsrevisjonar, men revisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning i dei kommunale grunnskulane i Kvam herad (KU-26/13) vart handsama i HST 17.02.15.

I tillegg til forvaltningsrevisjon, gjennomfører Deloitte selskapskontroll på vegne av Kvam herad. I 2015 vart det arbeidd vidare med selskapskontroll for Storeholmen VTA (no Hardanger AKS), Hardangerrådet og Hardangerbrua AS.

Fylkesmannen i Hordaland gjennomfører òg tilsyn med kommunen sine ulike tenester. I februar 2015 ba fylkesmannen Kvam herad om å føra tilsyn med seg sjølv om samanslåing av barnehagestyrarressurs var i samsvar med dei rettslege krava i barnehagelova §17 og i forvaltningslova. Tilsynet vart utført våren 2015, og rapport sendt i september. I januar 2016 varsla Fylkesmannen at dei ville føra tilsyn på tilsynet.


Fylkesmannen har og hatt tilsyn på tema «Rettstryggleik ved bruk av makt og tvang ovanfor personar med psykisk utviklingshemming» i april 2015. Det vart ikkje avdekka tilhøve som er i strid med krav i helse- og omsorgslovgjevinga.

Hausten 2015 deltok Kvam Kommunale Kriseleiiing (KKL) i ei større beredskapsøving arrangert av Fylkesmannen i Hordaland. Øvinga tok utgangspunkt i ei atomhending i samband med brann på eit reaktordrevet fartøy ved kai på Haakonssvern, og var ei felles øving for alle kommunane i Hordaland. Av reelle beredskapssituasjonar i 2015, er det berre brannen på Mundheim den 2.9.2015 som har kravd delvis etablering av KKL. Trass i dette har det ved fleire høve vorte gjort førebuingar på ein beredskapssituasjon, mellom anna i tilfelle ved store nedbørsmengder og under snøsmeltingsperioden sommaren 2015.

Kvam heradsstyre vedtek i samband med budsjettet nødvendige økonomiske fullmakter til rådmannen i krisesituasjonar.

3 Kvam herad som arbeidsgjevar

3.1 Organisasjonskart for Kvam herad




Kvar av elementa i kartet ovanfor symboliserer ei eining, med unntak av rådmann og HR-sjef. Dei store driftseiningane har fått blå farge: «Oppvekst», «Helse og omsorg» og «Teknisk». Einingane er igjen delt opp i avdelingar.

3.2 Medarbeidarar

3.2.1 Sjukefråværsutvikling frå 2008 – 2015

Sjukefråværet i 2015 var i gjennomsnitt på 7,5 % (legemeldt og eigenmeldt).

Det er ein oppgang på 1,4 prosentpoeng i høve til 2014 - som var historisk lågt.



I den lokale IA-avtalen er målsetjinga at det legemelde sjukefråværet ikkje skal overstiga 6,5 %. NAV sin IA-web har vore ute av drift i heile 2015, og me har difor ikkje tilgang på statistikk over legemeldt fråvær for å svara ut om det lokale IA-målet er nådd. Heller ikkje SSB har datagrunnlag til å publisera sjukefråværsstatistikk for 2015, bl.a. som følgje av at Aa-registeret er erstatta med a-ordninga, og at det difor må utviklast statistikkar basert på det nye datagrunnlaget frå a-ordninga. Som samanlikningsgrunnlag har me difor nytta KS sin fråværsstatistikk (PAI) som viser at sjukefråværsprosenten i alle landets kommunar var på 9,9% i gjennomsnitt f.o.m. 4. kvartal 2014 t.o.m. 3. kvartal 2015.

Ser me nærmare på statistikken for tenesteområda i Kvam herad, viser det ein klar auke i fråværet innan barnehage frå 6,1 % i 2014 til 9,1% i 2015 (KS: 12,6%). Også i pleie og omsorg auka sjukefråværet frå 8,0 % i 2014 til 9,6% i 2015 (KS: 11,4%). Sjukefråværet i skule låg på 5,6% i 2015 (KS: 8,6%), berre ein liten auke frå 5,4% i 2014. Reinholdstenesta har hatt ein nedgang i sjukefråværet frå 11,2% i 2014 til 9,6% i 2015.

NAV har varsla arbeidsgjevarar om at praksisen rundt kravet til aktivitet etter 8 veker sjukemelding er skjerpa. Leiarar i Kvam herad må tilretteleggja for at medarbeidarar kjem tilbake i jobb og dokumentera viss dette ikkje er mogleg. Mellombels stans i sjukepengar og refusjon til arbeidsgjevar er konsekvensen dersom aktivitetskravet ikkje er oppfylt.

3.2.2 Rekruttera og behalda arbeidskraft

Kommunen opplever stort sett god tilgang på kvalifisert arbeidskraft, men det er framleis utfordringar knytt til rekruttering til mellombels stillingar. Nedgangen i oljebransjen ser ut til å letta tilgangen på ingeniørkompetanse for kommunane, men rekrutteringsbehovet vårt er lågt for denne gruppa. Behovet for helsefagarbeidarar er framleis stort og omfanget av deltid i denne gruppa er betydeleg.


3.2.3 Heiltidskultur

Mykje deltid er uheldig for tenestekvaliteten og gjer det vanskelegare å rekruttera tilstrekkeleg og kompetent arbeidskraft. Arbeidet med å auka stillingsstorleikar held fram, men utviklinga går seint. KS sin arbeidsgjevarmonitor for 2015 viser at gjennomsnittleg stillingsstorleik for tilsette i Kvam herad var 67 % (2014-tal) mot 68 % året før. Gjennomsnittleg stillingsstorleik for tilsette i helse og omsorg er om lag 60%. Både sjukepleiarar og helsefagarbeidar-/hjelpepleiarar har i snitt 72% stilling. Pleiemedarbeidarar (utan særskilt krav om utdanning) er den gruppa med lågast gjennomsnittleg stillingsprosent, dvs. 34%.

For å betra situasjonen er fokuset retta mot nye, fleksible arbeidstidsordningar, tiltak for å redusera ufrivillig deltid og korleis langsiktig planlegging av arbeidstid (årsturnus) kan bidra til at fleire får større stilling. Fleire grupper i pleie og omsorg er i gang med planlegging av ei omlegging til årsarbeitsplanar som erstatning for dei tradisjonelle 6-vekers turnusane.

3.2.4 Leiarskap – medarbeidarskap - Lean

I samband med heradsstyret sitt vedtak om å gjennomføra prosess- og organisasjonsgjennomgang for utvalde område, vart Lean valt som metodeverktøy for kartlegging og analyse. Lean er ein metode for kontinuerleg forbetring som har sitt utspring i industrien, men er etter kvart også velutprøvd i norske kommunar. Lean set kunden/brukaren i fokus og byggjer på 5 prinsipp i ein kontinuerleg sirkel av forbetring:



1. Brukaren avgjer verdien av aktiviteten
2. Fjerna aktivitetar som ikkje skapar verdi for brukaren
3. Sikra jamn flyt av tenester gjennom verdikjeda ved å fjerna flaskehalsar og prosessfeil
4. Produsera og levera akkurat i tide når brukaren treng det
5. Omverda endrar seg – sørgja for at organisasjonen og prosessane endrar seg med den

3.2.5 Omstilling

Administrasjonen har eit godt samarbeid med dei tilsette sine fagorganisasjonar i ulike endringsprosessar. Planlegging av samanslåingsprosessar innan barnehage og samlokalisering av FDV-bygg er døme på intern omorganisering der dei tillitsvalde er med på å sikra gode prosessar.

3.2.6 Pensjon

Kommunane har behov for meir føreseielege pensjonsutgifter og har meldt behov for endringar i offentleg pensjon og AFP-ordninga til KS. Pensjon er difor forventa å bli eit sentralt tema i tariffoppgjeret i 2016. Tilpassing av dagens pensjonsordning må bl.a. bidra til å avgrensa kostnadsveksten og gjera offentleg tenestepensjon meir tilpassa arbeidslinja i pensjonsreforma.

Ei ny offentleg pensjonsordning bør, i følgje innspela til KS byggja på følgjande prinsipp:

- Ein må forlata sluttlønnsprinsippet – offentleg tilsette skal kvart år tena opp pensjonsrettar frå fyrste krone
- Tenestepensjonen skal kunna takast ut frå fylte 62 år som alderspensjonen frå folketrygda
- Arbeid og pensjon skal kunna kombinerast fritt utan avkorting
- Pensjonen skal utrekast som ei nettoyting og kjem i tillegg til ytingane frå folketrygda; samordningsreglane skal takast vekk

3.2.7 Helse, miljø og tryggleik

Innkjøp av bedriftshelseteneste var på anbod i 2014, og det vart inngått ny 2-årig avtale med Bedriftshelse1. Årsrapporten for 2015 viser auka behov for bistand frå bedriftshelsetenesta, bl.a. som følge av at det var gjennomført ei større arbeidsmiljøkartlegging i heile organisasjonen våren 2015. Undersøkinga vart gjennomført ved bruk av kartleggingsverktøyet SENSUS og administrert av Bedriftshelse1. Rapporten hadde spesielt fokus på i kva grad tilsette opplevde truslar eller vald i arbeidssamanheng. Resultata viste at fysisk vald og truslar frå klient/brukar førekjem. Det er 1 av 558 respondentar som har blitt utsett for fysisk vald i form av slag, spark, dytting, lugging eller andre fysiske angrep fleire gonger i veka, 3 har opplevd dette kvar veke, 11 månadleg, 65 eit par gonger, 27 éin gong og 451 svarar at dei aldri har opplevd dette. Truslar førekjem også: 2 har opplevd truslar fleire gonger i veka, 4 vekentleg, 12 månadleg, 44 eit par gonger, 24 éin gong og 468 har ikkje opplevd dette.

Resultatet av kartlegginga har vore arbeidd med i alle einingar etter tilrådd mal, og oppfølginga har skjedd med bistand frå bedriftshelsetenesta for dei arbeidsplassane som ønskte det. Oppfølgingsarbeidet pågår framleis, og ny undersøking vil bli gjennomført i 2017.

3.2.8 Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering

Offentleg sektor skal avspeгла samansetninga av den yrkesaktive delen av befolkninga. Kvam herad er medviten ansvaret for å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja føremål i likestillingslova og diskriminerings- og tilgjengelova. Dette skjer i arbeidet med bl.a. rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, karriereutvikling og andre utviklingsmoglegheiter og ved å verna arbeidstakarar mot trakassering, samt tilrettelegging og utforming av arbeidsplassar.


Leiarar innanfor dei enkelte ansvarsområda i Kvam herad arbeider for å førebyggja og hindra at det skjer direkte eller indirekte forskjellsbehandling som ikkje er lovleg etter likestillingslova eller diskriminerings- og tilgjengelova.

Kvam herad er ein kvinnedominert arbeidsplass der over 90% av dei tilsette er kvinner. Gjennom rekrutteringsprosessar vert det arbeidd for å oppnå ein betre balanse mellom kjønna bl.a. ved å oppmoda menn til å søkja stillingar i omsorgstenestene og oppveksteininga. Løn vert fastsett på same måte for kvinner og menn, utan omsyn til kjønn. Kvam herad nyttar Bedriftshelse1 i arbeidet med tilrettelegging og tilpassing av arbeidsplassar for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne.

10.11.15 vedtok Kvam heradsstyre «Strategiplan for integrering 2015-2019». Planen seier m.a. at språkpraksisplassar og arbeidspraksisplassar skal knytast til opplæring i arbeidsspråk og daglegspråk i samband med autentiske situasjonar på arbeidsplassen og i fritida. Kommunen må leggja til rette for at offentlege og private arbeidsgjevarar vel å gå aktivt inn i eit samarbeid om introduksjonsprogram og kvalifiseringsprogram. Vidare må introduksjonsprogram og kvalifiseringsprogram organiserast slik at deltakarane kan gå ut i ordinær jobb, til dømes sesongarbeid. Om deltakar får fast jobb, må kommunen leggja til rette for språkopplæring når vedkomande har høve.

4 Kvam herad som ressursforvaltar – Økonomiske hovudlinjer

Kvam herad forvaltar store økonomiske ressursar, både i drifts- og investeringsmidlar og i eigedelar. Kommunen er for tida inne i ein utfordrande økonomisk situasjon. I seinare år er det gjort mange grep for å få halda nede driftsutgiftene, og å laga rom i drifta til å betala auke i rente og avdrag på alle investeringane kommunen har gjort dei seinare åra. Kvam herad har eigedomsskatt og ein del kraftrelaterte inntekter som har gjeve kommunen høve til å investera og ha eit høgare driftsnivå enn det statlege overføringar og brukarbetalingar tilseier. Handlingsrommet er likevel vesentleg lågare då dei kraftrelaterte inntektene har falle med 20 mnok til 40 mnok¹ i høve 2014 og 31 mnok frå toppåret 2013 der inntektene var på 71 mnok. E-skatten på kraftrelaterte verk og bruk varierer frå år til år, bl.a. ut frå variasjonar i kraftpris, men ligg på 8-10 mnok per år i perioden 2010-2015.



På grunn av bl.a. fall i inntekter og auke i finansutgifter, er det vedteke fleire innsparingstiltak med eit mål om å ta ned drifta med 40 mnok per år. Det tek tid å få realisert tiltaka, og kommunen har no hatt 2 år med underskot/meirforbruk, der 2015 er det største. Underskota/meirforbruka vert finansiert med tidlegare avsette fondsmidlar frå år med overskot/mindreforbruk. Kommunen har etter 2015 få frie fondsmidlar igjen, og er heilt avhengige av å få effekt av innsparingstiltak for å få drift i balanse. Det er tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat på 1,75%, eller om lag 12,5 mnok for Kvam herad i 2015. Rekneskaperen viser at netto driftsresultat er på ca. minus 3% og tilsvarar at resultatet er om lag 33,6 mnok for dårleg, eller at kommunen brukar over kr 92.000 meir kvar dag enn det som er tilrådd og må bruka ca. kr 58.000 mindre kvar dag berre for å koma i balanse. I 2014 var netto driftsresultat på minus 0,6%.

Kommunen sine driftsinntekter vart i 2015 714 mnok, 13,4 mnok meir enn i 2014, og 27 mnok meir enn budsjettert. Driftsutgiftene vart større enn inntektene, 727,8 mnok. Det er ein auke på 12,6 mnok i høve 2014 og 20,6 mnok høgare enn budsjettert. Brutto driftsresultat vart dermed eit underskot/meirforbruk² på 13,8 mnok, medan netto driftsresultat viser eit underskot/meirforbruk på

¹ Mnok er forkorting for millioner kroner

² I kommunerekneskaperen er meirforbruk og mindreforbruk nytta som omgrep i staden for det som i andre rekneskap vert omtala som underskot/overskot.

21,1 mnok. Det er ei resultatforverring på 16,6 mnok i høve 2014 og 1,8 mnok dårlegare enn budsjettert.


		<i>Rek 2015</i>	<i>Rek 2014</i>	<i>Endring 2014 - 2015</i>	<i>Opph.bud 2015</i>	<i>Justert budsjett 2015</i>	<i>Avvik R15-Justert B15</i>
LN10	Driftsinntekter	714,0	700,6	13,4	692,5	687,0	27,0
LN18	Driftsutgifter	727,8	715,2	12,6	713,9	707,2	20,6
LN19	Brutto driftsresultat	-13,8	-14,6	0,8	-21,5	-20,3	6,4
LN29	Netto finans.transaksjoner	-38,4	-21,1	-17,3	-30,4	-36,2	-2,3
LN30	Motpost avskrivningar	31,2	31,2	0,0	37,1	37,1	-5,9
LN31	Netto driftsresultat	-21,1	-4,5	-16,6	-14,8	-19,3	-1,8
	Netto driftsresultat i %	-3,0 %	-0,6 %	-2,4 %	-2,1 %	-2,8 %	-0,3 %

Ei av årsakene til at netto driftsresultat er dårleg i 2015, er at inntektene på dei gebyrfinansierte sjølvkosttenestene VAR (vatn, avlaup og renovasjon), slam og feiing, har lågare inntekter enn utgifter. I utgangspunktet skal kvart sjølvkostområde gå i 0, og mottakarane av tenestene skal betala nøyaktig det som det kostar å produsera tenestene. Som regel er det ein ubalanse per år som må justerast med bruk eller avsetning av fondsmidlar. I løpet av ein 5-årsperiode skal avsette fondsmidlar vera brukte (generasjonsprinsippet). Kvam herad har hatt så store opparbeidde fond på vatn og avlaup, at gebyra måtte setjast lågare enn utgiftene. Totalt for dei nemnde sjølvkostområda utgjer det 9,1 mnok i meirforbruk/underskot i 2015, 0,3 mnok betre enn budsjettert og 3,9 mnok dårlegare enn i 2014.


		<i>Rek 2015</i>	<i>Rek 2014</i>	<i>Endring 2014 - 2015</i>	<i>Opph.bud 2015</i>	<i>Justert budsjett 2015</i>	<i>Avvik R15-Justert B15</i>
LN10	Driftsinntekter	16,9	22,0	-5,1	19,1	19,1	-2,1
LN18	Driftsutgifter	22,7	23,0	-0,3	22,9	23,0	-0,4
LN19	Brutto driftsresultat	-5,7	-1,0	-4,7	-3,9	-4,0	-1,8
LN29	Netto finans.transaksjoner	-3,4	-4,2	0,8	-5,5	-5,5	2,1
LN31	Netto driftsresultat	-9,1	-5,3	-3,9	-9,4	-9,5	0,3
	Netto driftsresultat i %	-54,0 %	-23,9 %	-17,7 %	-49,1 %	-49,7 %	1,7 %

Hadde sjølvkostområda vore i balanse, hadde Kvam herad sitt netto driftsresultat vore på minus 12 mnok. Det er 3 tenesteområde til som kommunen har høve til å ha som sjølvkosttenester; private reguleringsplanar, byggesaker og kart/oppmåling. Sjølvkostnoten i årsrekneskapen viser at dei andre tenestene subsidierer desse tenestene med 1,6 mnok i 2015. Fullfinansiering av dei 3 tenesteområda er eit av innsparingstiltaka i økonomiplanen, og gebyra er auka i den komande økonomiplanen. I tillegg er det eit framførbart akkumulert underskot på renovasjon og slam på totalt 4,7 mnok. Underskotet er mellombels finansierte av disposisjonsfond, og det ligg såleis ein reserve her som skal tilbakeførast til disposisjonsfond.

Diagrammet under viser korleis drifts- og finansinntektene til Kvam herad fordelte seg i 2015. Totalt var inntektene på 733 mill.kr mot 735 mill.kr i 2014. Dei to største inntektskjeldene er rammetilskot og skatt. Til saman utgjer dei 463 mnok, eller 63,2%. Kvam herad har eigedomsskatt på verk og bruk på 7 promille og bustader på 4 promille. Til saman gjev det kommunen 43 mnok i inntekter fordelt på 19,5 mnok på verk og bruk og 23,5 mnok på bustader. Kraftinntektene i diagrammet er frå heimfallsinntekter, sal av konsesjonskraft og konsesjonsavgift. I 2015 er dei på 19 mnok, nesten 10 mnok lågare enn i 2014. I tillegg kjem om lag 10 mnok av eigedomsskatten frå kraftverk og 11 mnok av finansinntektene frå utbytte i kraftselskap. Totalt 40 mnok eller 5,4% av inntektene. I 2014 var summen 60 mnok/8,2%.



Det er små prosentvise endringar i mellom dei ulike inntektene over år, men inntektene flatar ut, og det er særleg kraft- og finansinntekter som fell. Auke i eigedomsskatt har kompensert noko for dette.




Det er svært gledeleg at inntektene vart 27 mnok betre enn budsjettert i eit år som såg svakt ut på inntektssida. Eit av temaa i innsparingsplanen, er å auka inntektene. Utfordringa er at auke i mange av inntektene forutset at utgiftene aukar, og at ein ikkje kan budsjettera med slike inntekter /utgifter då tilskotsilsagn gjerne ikkje kjem før hausten.

19,4 mnok av auken er knytt til inntekter «med krav til motytingar» og statlege tilskot som sjukelønsrefusjon, tilskot frå IMDIR, NAV, fylkesmann og stat.


Det såg lenge ut som at skatteinntekta skulle verta vesentleg lågare enn føresetnaden i statsbudsjettert. Inntektene vart nedjustert frå 200,2 mnok til 196,4 mnok i løpet av året, men enda opp med å verta 198,4 mnok, 1,9 mnok høgare enn justert budsjettert. Rammetilskotet vart og 1,2 mnok høgare enn budsjettert.

Noko av inntektsauken skuldast auka aktivitet, og brukarbetalingar/sals- og leigeinntekter auka med 4 mnok.

Fordeling av drifts- og finansutgifter er vist i kakediagrammet nedanfor. Hovuddelen av tenestene til kommunen vert produsert med eige arbeidskraft, og utgjer over 2/3 av utgiftene til kommunen.



Stolpediagrammet nedanfor viser at utgiftene totalt sett veks, og fordelinga mellom dei ulike driftsutgiftene er relativt lik, men parten til finansutgifter aukar.



Utgiftssida auka med 6,4 mnok mindre enn inntektssida, mellom anna fordi avskrivningane vart 5,9 mnok lågare. Det er budsjettert ein relativt stor auke i avskrivningar pga. auken i investeringar, men det tek lenger tid enn forventa å ferdigstillast prosjekta, og utgiftene vart difor like som i 2015 (31,2 mnok).


Ein del av utgiftsauken er knytt til høgare aktivitet i tenesta som er finansiert med auka brukar-/salsinntekter, tilskot og refusjonar, men det er òg klart at det er nokre utfordringar på utgiftssida. I 2015 er det bl.a. eit overforbruk på elektrisk kraft og ekstraavgifter til veglys på totalt 4,5 mnok. Det er Kvam kraftverk som driftar veglysa i kommunen og i 2015 starta dei opp utskifting til LED. Dette vart svært kostbart for kommunen. I 2015 kosta det 1,8 mnok mot budsjettert 0,5 mnok. Kommunen er i dialog med kraftverket for å få på plass plan og oversikt på vidare utskifting, og å få nye LED-stolpar som investeringsprosjekt.

Straumutgiftene vart 3 mnok høgare enn budsjettert. Det er ein auke både i mengde og pris, og 2,3 mnok høgare enn i 2014, totalt ei utgift på 7,6 mnok.

Kommunen hadde òg høgare «bøter» for utskrivingsklare pasientar (1,3) og utbetalte meir bidrag til livsopphald for flyktningar (3,2) etter at talet på flyktningar vart auka i løpet av året, men budsjetta ikkje vart justert. Auke i bidrag vart finansiert med auka integreringstilskot frå staten. Sosialhjelp til andre gjekk ned med 1,1 mnok, m.a. som følgje av aktivitetsprogram som er sett i verk. Utgiftene til privatskule, skuleskyss og barnevern er òg over budsjett (totalt 1,9 mnok).

Det var særleg vikarpostar som vart høgare enn budsjettert i 2015, med totalt 9,8 mnok. Det meste innanfor pleie- og omsorgstenestene. I tillegg var det auka avgifter til overtid/vakt/utrykning på 2 mnok. Innsparingstiltak på 1 mnok innanfor kommunehelse lot seg ikkje gjennomføra. Dei sosiale utgiftene vart under budsjett på grunn av at premieavviket vart 5,1 mnok lågare.



Personal er hovudressursen til kommunen, og løn og sosiale avgifter utgjer 70,5% av kommunen sine driftsutgifter, og det er her ein må gjera dei fleste innsparingstiltaka. Personalavgiftene auka med 4% i høve 2014. Den estimerte lønsveksten var på 3,0% i statsbudsjettet. I TBSK-rapporten for 2015 er lønsveksten kalkulert til 3,3%, inkl. lønsgliding og overheng. For dei som berre har lokal lønsfastsetting (kap. 3.4 og 5) var det lokale resultatet på vel 2%. Dei totale lønsavgiftene auka med 5,8% i Kvam, det vil seia at det er ein aktivitetsauke og ikkje berre lønsvekst. Dei sosiale avgiftene vart redusert med 1,8% pga. reduksjon i premieavvik, og utgjer no 28% påslag på lønsavgiftene. Utviklinga i løn og sosiale avgifter er illustrert nedanfor:




Kommunane i Noreg, inkludert Kvam, har ei stor utfordring med at delar er pensjonsrekninga vert skyvd fram i tid. Premieavviket oppstår fordi pensjonspremien kommunen betalar er ulik pensjonskostnaden. Dette premieavviket må nedskrivas over 7 år eller 1 år. Før var det fyrst 15 år/1 år, og deretter 10 år/1 år, slik at «nedbetalingstida» er korta ned etter pålegg frå staten. Staten uttalar i sine budsjett at kommunane sjølve må handtera nedbetaling av premieavviket innanfor dei ordinære rammene, medan kommunane melder attende at det ikkje er mogeleg utan at det får alvorlege konsekvensar for tenesteproduksjonen.

Reglane om premieavvik vart innført i 2002, og grunngjeve med at kommunane med dei nye forskriftene ville unngå store svingingar i pensjonspremien frå år til år. Det var premieavviket som skulle svinga, og kommunar med ein pressa økonomi nytta høvet til å fordela avviket over 15 år. Men grunnlaget for ordninga har vore for optimistisk og kortsiktig, og premieavviket har bygd seg opp. Totalt for alle kommunane var premieavviket rekna til om lag 30 milliardar. For Kvam herad er premieavviket på 83,2 mnok pr. 31.12.15. Avviket har auka med 33,9 mnok sidan 2010, som er ein auke på 69%.

Pr. 31.12.15 hadde kommunen 805,6 mnok i midlar og forpliktingar på 993,5 mnok, ein auke på 77,1 mnok i midlar og 22,5 mnok i plikter. Sidan 2010 har midlane auka med 291 mnok (57%) og forpliktinga med 387 mnok (64%), og dei to siste åra har auken i midlar vore større enn auken i forpliktingar. Pensjonsmidlane utgjør per 31.12.15 81% av forpliktinga:



Finansresultatet til kommunen er forverra i 2015 både på grunn av at finansinntektene har gått ned, og at finansutgiftene aukar. Netto er resultatet forverra med 17 mnok i høve 2014.




Resultatet kjem som fylgje av lågare utbytte frå kraftselskapa kommunen har eigedelar i og lågare avkastning på plasseringar. I 2015 er det i tillegg eit tap på plasseringar i obligasjonar på 3,3 mnok i 2015.

Kvam herad har gjort store investeringar dei siste åra, og hadde eit finansieringsbehov på 585 mnok sidan 2010. 75% av investeringane er finansiert med lån.

INVESTERINGSREKNESKAP		Rek 2015	Rek 2014	Rek 2013	Rek 2012	Rek 2011	Rek 2010
Sum inntekter	L	23	17	6	20	15	6
Sum utgifter	M	112	65	110	152	57	33
Sum finanstransaksjonar	N	27	30	28	23	23	12
Finanseringsbehov	O=M+N-L	116	78	132	155	65	39

FINANSIERING		Rek 2015	Rek 2014	Rek 2013	Rek 2012	Rek 2011	Rek 2010
Bruk av lån		81	59	99	134	45	21
Motteke avdrag på utlån		8	3	10	2	5	2
Overført frå driftsbudsjettet		0	0	0	13	4	1
Bruk av disposisjonsfond		0	-3	14	2	4	0
Bruk av bundne driftsfond		8	5	4	0	1	5
Bruk av ubundne investeringsfond		19	13	6	4	6	10
Sum finansiering	R	116	78	132	155	65	39

Ei av Kvam herad sine største utfordringar er høg lånegjeld. I hovudsak har kommunen investert i bygg og VAR-anlegg. Investeringar i bygg omfattar ombygging av sjukeheimar, nybygg av omsorgsbustader, ombygging og utviding av skulebygg og idrettsanlegg. Dette er anlegg med lang levetid, og vekta gjennomsnittleg levetid på anleggsmidlane er om lag 34 år. Låna vert nedbetalte med 3,5% i årlege avdrag, som tilsvarar ei nedbetalingstid på 28,6 år.



Nokre av desse investeringane har vorte støtta av staten med rente- og/eller avdragstilskot, men pr. 31.12.15 hadde kommunen ei lånegjeld på 948 mnok. 77 mnok av desse er startlån frå Husbanken som kommunen vidareformidlar til privatpersonar. I fjor utgjorde startlåna 57 mill.kr. Anna lånegjeld auka med 24 mnok til 871 mnok per 31.12.15. Av låneopptaket er 116,3 mnok ikkje brukt, då fleire av investeringsprosjekta som var planlagt starta opp/gjennomført i 2015 er forskyvde i tid. Dette gjeld særleg VA, barnehage- og skuleprosjekt. Kvam herad gjennomfører som regel låneopptak i starten av året, før evt. forskyving i tid for investeringsprosjekt er kjende. Ubrukte lånemidlar vert plassert i obligasjonar som kommunen har fått høgare avkastning på enn det kommunen har betalt i lånerenta.

5 Kvam herad som tenesteytar

Tabellen under viser korleis drifta fordeler seg på KOSTRA-tema³ bygd opp etter dei tenestene som er vedtekte brukt i Kvam herad.

Tema (i 1000 kr)	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert Bud 15	Oppr. Bud 15	Forbruk i %	Avvik	Avskr og sos. Rek 14 (netto)	Avskr og sos. Rek 15 (netto)
Politisk verksemd	3 526	4 102	4 755	4 455	86 %	-654	521	646
Adm. og fellesutgifter	28 343	29 191	30 080	30 508	97 %	-889	724	11 225
Barnehagar	45 179	46 566	46 663	48 123	100 %	-97	17 630	15 617
Grunnskule	102 754	101 753	100 276	101 800	101 %	1 477	36 636	34 178
Kommunehelse	21 213	22 416	23 515	23 893	95 %	-1 099	5 560	4 767
Pleie- og omsorgstenesta	136 386	127 651	118 732	127 318	108 %	8 919	51 295	45 041
Sosialteneste og NAV	25 834	26 045	26 367	26 564	99 %	-322	1 966	2 378
Barnevern	15 172	16 135	16 600	16 949	97 %	-465	2 820	2 296
Bustader	-6 905	-7 506	-6 213	-6 229	121 %	-1 292	4 577	4 719
Plan	4 890	4 401	4 750	4 774	93 %	-349	2 656	2 170
Næringstøtte og komm. forretningsdrift	-6 536	-2 545	-3 917	-12 487	65 %	1 372	767	685
Brann og ulykkesvern	6 793	6 943	5 576	5 625	125 %	1 367	2 060	1 874
Samferdsle og grøntanlegg	12 808	14 728	10 745	10 176	137 %	3 983	3 722	4 712
Vatn avløp og renovasjon/avfall	-11 874	-9 868	-14 580	-14 686	68 %	4 712	7 626	7 122
Kultur	10 904	13 435	15 253	15 385	88 %	-1 818	7 184	6 155
Kyrkje	5 033	5 147	5 203	5 203	99 %	-56	86	43
Skatt og rammetilskot	-525 940	-533 163	-525 478	-529 075	101 %	-7 684	0	0
Motpost avskrivningar	0	0	0	0	#DIV/o!	0	-31 189	-31 151
Finans	17 782	22 092	26 122	25 249	85 %	-4 029	0	0
Sum	-114 641	-112 477	-115 553	-116 454	97 %	3 076	114 641	112 477


Kvam herad nyttar nettorammer som vedteke budsjett for kvart KOSTRA-tema. Tabellen viser i tillegg til rekneskapstala, justert budsjett 2015 (inkluderer alle justeringar fram til og med tredje tertial). Kolonne for avvik viser avvik mellom rekneskap og justert budsjett 2015. På dei neste sidene er rekneskapstala til kvar teneste kommentert. Tabellane viser kva tenester/funksjonar som høyrer til dei ulike rammeområda. Tabellen skil seg frå tabell 1 B med at alle inntekter, finansposter og fondsdisponeringar (skilt ut i 1A) er med, medan sosiale utgifter og avskrivningar er trekt ut og presentert i eigne tabellar av praktiske grunnar. Avskrivningar og sosiale kostnader er del av dei aller fleste KOSTRA-tema, og vert difor svært omfattande å kommentera under kvart tema. Dei sosiale kostnadene inkluderer pensjon, premieavvik på pensjon, gruppelivsforsikring, arbeidsgjevaravgift, arbeidsgjevaravgift av premieavvik og redusert arbeidsgjevaravgift av trygderefusjon.

³ KOSTRA=KommuneSTatRapportering. Kommunane skal nytta lik standard for rekneskap for å gjera det mogleg å samanlikna kommunar med kvarandre, på for eksempel tema «Grunnskule».

5.1 Politisk verksemd

5.1.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld to funksjonar; 100 – Politisk styring og 110 – Kontroll og revisjon. Politisk verksemd er eit lite, men grunnleggjande rammeområde for ein kommune si rolle i demokratiet. Utgiftene går til løn, godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, frikjøp, refusjonar arbeidsgjevarar, møteutgifter og transport til politikarar og kontrollutval, og tilskot til politiske parti og grendeutval. Tilskotet til politiske parti er overført til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, som har nettsida www.partistotte.no, men kommunen betalar framleis ut eit lokalt tilskot. Arbeidsvilkåra for folkevalde i Kvam herad 2015-2019 vart vedteke i heradsstyremøte (HST-070/15) 6.10.15. Ordføraren si løn skal vera tilsvarande som løna til ein stortingsrepresentant. Varaordføraren får ei fast godtgjersle på 10% av ordførargodtgjersla. Leiar for næring, plan og bygg får ei fast godtgjersle på 3,5% av ordførargodtgjersla. Andre politikarar får møtegjersle per møte. Rådsutval som Ungdomsrådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre høyrer til KOSTRA-tema «Administrasjon», funksjon 180, medan dei andre politiske utvala, som t.d. Kontrollutvalet høyrer til under dette tema. Hordaland fylkeskommune har sekretariatsarbeidet for Kontrollutvalet, og revisjonen vert utført av Deloitte. Ny politisk organisering vart vedteke av heradsstyre 6.10.15 (HST-071/15):




5.1.2 Målsetjingar og resultat

I budsjettet for 2015 vart det sett følgjande mål for økonomiplanperioden:

1. *Ferdigstillast arbeid med kommunereform innan fristane.*

Evt. vedtak om samanslåing av Kvam herad med andre kommunar, har siste frist 1.7.16 i løpet som er lagt opp i kommunereforma. Så langt er det utarbeidd to rapportar med tre moglege alternativ for Kvam herad:

- a. Samanslåing av Kvam, Jondal og Odda
- b. Samanslåing av Kvam, Jondal, Odda og Ullensvang
- c. Samanslåing av Kvam, Fusa og Samnanger



2. *Ferdigstillast arbeidet med politisk organisering og etiske retningslinjer innan nytt heradsstyre vert konstituert.*

Ny modell for politisk organisering vart vedteken 6.10.15, før konstituering av nytt heradsstyre 12.10.15. Revisjon av dei etiske retningslinjene for folkevalde vart ikkje ferdig.

3. *Nytta nye verktøy for å forbetra og forenkla politisk sakshandsaming.*

I 2015 er saks- og arkivsystemet oppgradert og ny innsynsportal med sider som presenterer møteplan og innhald, teke i bruk. I tillegg kjøpte kommunen ny politiskarportal med personleg tilpassa tilgang til politiske representantar. I tillegg til offentlege dokument som er tilgjengelege på innsyn, kan portalen nyttast til dokument som kan handsamast unnateke offentleggjering, melda forfall og til å foreslå vedtak elektronisk.

4. *Gjennomføra kommune- og fylkeskommuneval i tråd med regelverk.*

Det vart lagt vekt på å gjera stemmeurnene tilgjengelege for å få best mogeleg valdeltaking. Politiske parti og andre organisasjonar tok initiativ til fleire debattar med ulike tema, og i fleire av bygdene i kommunen. Valet vart gjennomført i tråd med regelverket. I fylgje SSB var det nasjonalt ei deltaking på 60% i kommunevalet og 55,9% i fylkesvalet. Det var ein nedgang på 4,2% frå 2011 for kommunevalet. Berre 65 av 428 kommunar hadde ein auke i deltakinga. Kvam herad hadde ei deltaking på 64,4% mot 69,9% i 2011.

Aktiviteten i politiske organ og i administrasjonen vert prega av dei åra det er val, og særleg kommunestyre- og fylkestingsval. Eit av innsparingstiltaka, er å redusera på politiske organ og å ha færre møte. I 2014 vart tenesteutvalet lagt ned f.o.m. møtebolk 2. I 2015 er samferdselsutvalet (SAUT) lagt ned, og det er vedteke at eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal slåast saman f.o.m. 2016.

Aktivitet i politiske organ 2010 – 2015

År	2010	2010	2011	2011	2012	2012	2013	2013	2014	2014	2015	2015
Organ	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Heradsstyre	9	131	11	163	10	144	7	102	7	123	10	123
Formannsk.	10	66	13	80	9	70	8	67	9	77	7	62
NPB	11	161	10	128	10	136	9	91	9	99	8	93
Teneste*	8	25	7	22	8	31	5	22	1	1	0	0
Eldreråd	8	37	7	29	8	43	5	18	5	30	6	37
RMNF	7	16	3	4	7	26	4	13	9	37	5	25
URÅD									6	31	5	11
SAUT*									6	0		
Samla	53	436	51	426	52	450	38	313	52	398	41	351

*Tenesteutvalet vart lagt ned f.o.m. møtebolck nr. 2/2014. Samferdselsutvalet vart lagt ned i 2015.

Utvalde KOSTRA-tal:

	Kvam	Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2014	2014	2014	2014	2014
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring, i kr.pr.innb.,konsern	482	449	312	370	345
Brutto driftsutgifter til funksjon 110 Kontroll og revisjon, i kr.pr.innb.,konsern	62	129	56	112	108

Kvam ligg noko høgt på funksjon 100 i høve andre, og lågare på funksjon 110. Sidan 2014 er det gjort innsparingar i funksjon 100

5.1.3 Økonomiske rammer

Politisk verksemd						
Funksjon og rammer		Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i % Avvik i kr
100	Politisk styring	3 002	3 626	3 950	3 650	92 % -324
110	Kontroll og revisjon	524	475	805	805	59 % -330
Politisk verksemd		3 526	4 102	4 755	4 455	86 % -654

Det er eit mindreforbruk på 0,3 mnok på politisk styring. Det er 0,1 mnok lågare utbetaling til politikarar, 0,1 mnok mindre til kurs og 0,1 mnok mindre til andre kjøp.

På kontroll og revisjon er det eit mindreforbruk på 0,3 mnok. Det er utgifter til revisjon som er lågare enn budsjettet (0,2 mnok). Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon i 2015, men fokus på eigarstyring og selskapskontroll. Utgiftene til møtegodtgjersle for kontrollutvalsmedlemmer vart og lågare enn budsjettet.

5.2 Administrasjon, styring og fellesutgifter

5.2.1 Om tenestene

Følgjande tenester vert utført i funksjon 120: Administrativ leiing, politisk sekretariat, merkantile oppgåver, IKT, informasjon, kantinedrift, juridisk og administrativ rådgjeving, innkjøp og økonomiforvaltning, organisasjons- og personalutvikling. I tillegg har rammeområdet/tema utgifter til eigedomsforvaltning (121) og reinhald, forvaltning, drift og vedlikehald av rådhuset (130). Ein stor og varierende post under tema, er premieavvik, funksjon 172. Det meste av denne posten ligg i eigen tabell for sosiale utgifter. Funksjon 180 gjeld utgifter til kommunale råd og utval, beredskapsplanlegging, forsikring og leige av rettslokale. Funksjon 190 er ein mellombels støttefunksjon for postar som vert fordelt til andre KOSTRA-tema i løpet av året.

5.2.2 Målsetjingar og resultat

I budsjettet for 2015 vart det sett følgjande mål for økonomiplanperioden:

1. *Arbeida vidare med å ferdigstilla planar i tråd med planstrategi*

Det skal utarbeidast planstrategi for kommunen i kvar ny valperiode, i tråd med plan- og bygningslova. Planstrategi for 2011-2015 vart vedteken i HST 4.9.12. Det vart vedteke at kommunen sin samfunnsdel og arealdel skulle rullerast, og det skulle lagast del-/temaplanar for bustadpolitisk handlingsplan, kompetanse og næringsutvikling, helse- og omsorgsplan, idrett og friluftsliv, kulturminneplan og vassforsyningsplan. Planarbeid er svært omfattande administrativt arbeid, og tidsskjema for planarbeidet har sprukke. Fleire av dei nemnde planane kom på plass i løpet av 2015, men arealdel, bustadplan, idrett og friluftsliv, kulturminneplan og vassforsyningsplan skal handsamast i 2016. Bustadplanar er teke delvis inn i andre planar.

2. *Oppfølging av tiltak i tidlegare vedtekne planar og strategiar.*

I tillegg til planane ovanfor, er det òg utarbeidd andre planar og strategiar undervegs, som ROS-analyse, digitaliseringsstrategi og strategiplan for integrering. Det er omfattande plan- og strategitiltak å forholde seg til, og utfordrande å følgja opp. Administrasjonen arbeider med å utvikla administrative system for oppfølging.

3. *Skapa rom for analyse- og utviklingsarbeid.*

Det har vorte arbeidd vidare med å fjerna manuelle prosessar og auka opp integrasjonar for å få tid til andre arbeidsoppgåver som analyse og vidareutvikling. Bl.a. vart sak- og arkivsystemet oppgradert til integrasjon med Outlook, som gjer det enklare å ajourføra e-post og er tilrettelagt for digitale postløysingar. Systemet har integrasjon mot ny innsynsportal og politikarportal. Oppgradering av systemet var eit ledd i å gjera systemet heilelektronisk f.o.m. 1.1.16, og ta i bruk SvarUT for elektronisk kommunikasjon med innbyggjarane. Kommunen mottok leverandør-faktura i EHF-format, leverer eFaktura/EHF til kundar, lønsslipp på e-post, er i gang med eHandel på innkjøp og har ei rekkje elektroniske skjema på nett. Kommunen har starta arbeidet med å gjera oppslagsverk og liknande, som arkivplan, økonomihandbok og lokal personalhandbok, digitale. Men det står framleis mykje arbeid att i høve tilbod, omfang og målet om å tilby interne og eksterne brukarar 24/7-sjølvetent service.

4. *Halda fram med leiar- og medarbeiderutvikling*

Det var halde ei leiarsamling i 2015 der tema var medarbeiderskap. Samlinga hadde bl.a. ei økt med «Etiske dilemma».

5. *Utarbeida grunnlag for politiske saker av høg kvalitet og i god tid*

Det vert arbeidd kontinuerleg med å laga politiske saker med godt grunnlag til å ta politiske avgjersler. Det har vore ei utfordring å få ut sakspapira i god tid til politiske møter. I ny møteportal vert sakene lagt ut enkeltvis etter kvart som dei er ferdige.

Ein kommune har ei stor informasjonsmengde som skal ut til ulike brukargrupper. Bruken av portalane er rimeleg stabil. Unike "vitjingar" pr. døgn innom dei ulike portalane er:

Portal	2011	2012	2013	2014	2015
www.kvam.no	965	1003	1053	910	999
Politikarnett*	17	24	20	17	21
Lagsportalen	103	126	134	114	119

I tillegg til heimesida har me òg facebook-konto med 950-1000 følgjarar. Det vil sei at over 10 % av innbyggjarane brukar våre digitale informasjonskanalar.

Kommunen handterer 50 000 arkivdokument årleg. Det er ikkje meldt om avvik i forhold til Innsyn i 2015. Kommunar pliktar å publisera postjournal. I tillegg til journal publiserer Kvam herad alle offentlege dokument i innsynsportal. I 2015 handsama kommunen 69 registrerte krav om innsyn for dokument som ikkje var offentleggjorde. Av desse vart ein klage sendt vidare til fylkesmannen.

Maskinparken til kommunen er einingane sitt ansvar, og vert utgiftsført på respektive tenester. IT-avdelinga gjennomfører kjøp, drift og vedlikehald på mykje av felles programvare, infrastruktur og maskinvare, som vert ført på funksjon 120. I 2015 har følgjande tiltak vorte gjennomført:

- Kjøp av fleire Smarttavler til klasserom
- Kjøpt inn i overkant av 100 elevmaskiner
- I helse og omsorg var det supplert med fleire tynnklienter og kjøpt fleire større skjermar
- Kjøpt inn fleire mobiltelefonar til mobil omsorg.
- Tilrettelagt for fleire skytenester for elevar og lærarar
- Oppgradert lagringsområda med 15 Tb.
- Oppgradert serverpark med 2 servere.
- Bytta ut gammalt nettverksutstyr. Dei eldste komponentane er frå 2001.
- Utvida trådlause soner til pleie og omsorg sine institusjonar. Og supplert med nyare sendarar i eksisterande anlegg.
- Bytta ei rekke videoprojektorar med storskrjmar på ymse møterom.
- Bytta servere som køyrer Citrix.
- Oppgradert epostløysinga.
- Bytta skrivarløysing til sikker utskrift.

Kvam herad deltok hausten 2015 i Agenda Kaupang si samanlikning av kommunar sine administrative stillingar. Undersøkinga viste at Kvam ligg litt over snittet når ein samanliknar administrative stillingar per 1.000 innbyggjarar, og under snittet dersom ein ser dei administrative stillingane opp mot bemanning. Kvam herad har følgjande nøkkeltal:

Kvam herad	
Nøkkeltall	
Innbyggere pr 1.7.2015	8 459
Samlet bemanning - årsverk	681,66
Administrative årsverk - til sammen	30,85
Herav årsverk til administrativ ledelse	3,2
Herav årsverk til stabs- og støttefunksjoner	27,65
Administrativ andel	4,53
Administrative stillinger pr 1.000 innbyggere	3,65
Antall resultatenheter	5
Samlet administrativ støtte i driftsenhetene	3,97

5.2.3 Økonomiske rammer

Adm. og fellesutgifter						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
120 Administrasjon	26 386	26 058	26 408	26 767	99 %	-350
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	1 235	2 042	1 161	1 274	176 %	881
130 Administrasjonslokale	993	1 122	1 752	1 763	64 %	-631
172 Pensjon	17	-1	0	0	#DIV/o!	-1
180 Diverse fellesutgifter	237	377	336	327	112 %	41
190 Interne serviceeiningar	-523	-403	422	377	-95 %	-825
Adm. og fellesutgifter	28 343	29 195	30 080	30 508	97 %	-885

Det er ein stor auke i IT-utgifter i høve budsjett, men høgare internt og eksternt sal av tenester og innsparingar i kjøp medfører eit netto mindreforbruk på 0,4 mnok.

Meirforbruket på eigedomsforvaltning kjem av høgare bruk på drift enn prosjekt på 0,6 mnok, og høgare kjøp av driftsutgifter på 0,2 mnok.

Utgifter til bygg er vanskeleg å budsjettera. Totalt sett er lønsutgiftene på same nivå, men fordelinga mellom bygg varierer frå år til år. I 2015 er det brukt 0,5 mnok mindre i lønsutgifter og 0,1 mnok i driftsutgifter.

Det er berre mindre endringar på fellesfunksjon 180 .

Funksjon 190 er ein mellombels teneste som skal fordelast innan 31.12. Totalt sett går rekneskapen i 0, men sosiale utgifter er trekt ut i eigen tabell.

5.3 Barnehagar

5.3.1 Om tenestene

Barnehageområdet omfattar funksjonane 201-Førskule, 211-Styrka tilbod til førskulebarn og 221-Førskulelokale og skyss i KOSTRA.

Barnehagedrifta vert regulert av gjeldande Lov om barnehagar, *Barnehageloven*, og forskrifter, samt Kunnskapsdepartementets merknader til paragrafane i lova. Det nasjonale regelverket definerer kva ein barnehage er, stiller krav til det pedagogiske innhaldet og gir nærmare reglar for bemanning, areal og styringsorgan:

- Formålsparagrafen i Barnehageloven § 1 startar med: *Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling*. Barnehagen er ei pedagogisk verksemd, og skal vera eit trygt og aktivt oppvekstmiljø til barna sitt beste.
- Barnehagelova set krav til bemanning og personell i barnehagen. Styrar og pedagogisk leiar skal ha pedagogisk høgskuleutdanning. Det andre personalet består av assistentar og/eller barne- og ungdomsarbeidarar.
- Barnehageloven § 12 a regulerer retten til barnehageplass.
- Foreldre skal ha høve til å delta og medverka i planlegginga av barnehagen sitt innhald, og det er barnehagen sitt samarbeidsutval som skal fastsetja barnehagen sin årsplan. Alle barnehagar skal utarbeida ein årsplan som skildrar barnehagen sitt pedagogiske arbeid med mål, metodar og aktivitetar. Årsplanen er basert på *Rammeplan for barnehage*. Rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova og gjev retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver.

I samsvar med Lov om barnehagar har Kvam heradstyre vedteke felles vedtekter for dei kommunale barnehagane. Vedtektene inneheld generelle føresegner om drifta, og gir opplysingar som er av særleg verdi for foreldra sitt forhold til barnehagen.

Ein del born treng eit styrka tilbod. PPT driv tidleg innsats i form av støtteteam som driv nettverk for tilsette i barnehagane, samt kurs og rettleiing. PPT arbeider opp mot målsetjingar i Kvam familie- og læringssenter.

5.3.2 Målsetjingar og resultat

Me har 9 kommunale barnehagar i Kvam herad: I Strandebarm, Oma, Tørvikbygd, Norheimsund, Tolomarka, Bjørketeigen, Øystese, Fykse og Ålvik. Det er 1 privat barnehage, denne er lokalisert i Norheimsund. I løpet av 2016-17 vert talet på kommunale barnehagar redusert til 5 barnehagar når dei nye bygga står klare og Oma, Tolomarka, Øystese og Fykse vert lagt ned.

Hausten 2015 var det 460 einingar i dei kommunale barnehagane og det vart nytta samla 86,2 årsverk. Totalt 426 barn hadde barnehageplass per 15.12.2015. Alle barn med lovfesta rett og som har søkt om barnehageplass, har fått tilbod om plass i barnehage i 2015.

Det er 29 born i barnehage som får hjelp av PPT. 14 av desse borna har vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter § 5.7 i opplæringslova, med eigen utviklingsplan. 8 born 3-6 år får behandling og oppfølging av kommuneløp, og i tillegg får mange rettledning via lågterskeløp.

Alle barnehagane har ope fem dagar i veka, med noko ulik opningstid. Sandven FUS barnehage som er privat, har ope heile sommaren medan dei kommunale barnehagane har stengt vekene 28, 29, 30 og 31 kvar sommar.

Talet på minoritetsspråklege barn aukar. Det var i 2012 34 minoritetsspråklege barn i barnehagane i Kvam herad. I 2014 hadde talet stige til 53 barn og i 2015 vart det 63 barn.

Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn utan kjennskap til norsk språk kan ha bruk for ekstra ressursar i oppstarten. I 2015 har me hatt språkassistentar i dei barnehagane som har teke imot flyktningebarn. Språkassistenten kan morsmålet til barna og dette bidrar til at oppstart i barnehagen vert lettare både for barn og vaksne. I tillegg til språkassistent har Støtteteam barnehage og fleksibel støttepedagog ei viktig rolle som støttespelar for barnehagane i arbeidet med å gje desse barna eit godt barnehagetilbod og sikra god språkutvikling. Kvam herad har kjøpt inn «språkkista» til alle barnehagane i kommunen. Dette er eit godt pedagogisk verktøy i arbeid med å sikra god språkutvikling, spesielt hjå minoritetsspråklege barn.

Dei fleste minoritetsspråklege barna bur sentralt i kommunen og går i barnehage i Norheimsund eller Øystese.

Mål frå budsjett 2015

- *Fortsetja arbeidet med tidleg innsats i tråd med satsinga i økonomiplanen 2013-2016*

PPT og Støtteteam barnehagar jobbar målretta med tidleg innsats og lågterskeltilbod i barnehagane. Systemarbeid og tidleg innsats i barnehage vart arbeida med gjennom Støtteteam barnehage/fleksibel støttepedagog, og spesialpedagogisk hjelp etter §5-7.

I Støtteteam barnehage er det førskulelærarar med ekstra kompetanse som systematisk rettleder og styrkjer personalet i barnehagane med mål om å fanga opp barn som har behov for litt ekstra hjelp på eit tidleg stadium. Det er utvikla eit eige støttesystem for barnehage på lik linje med det som er utvikla for skulane.

- *Rekruttera og behalda førskulelærarar og fagarbeidarar.*

Kvam herad har ulike tiltak for å rekruttera og behalda førskulelærar og fagarbeidarar.

- Rettledning til nyutdanna barnehagelærarar som går over 2 år.
- Lønstillegg til pedagogiske leiarar.
- Det er lærlingeplassar i Oppvekst for fagarbeidarar.
- I 2015 gjennomførte Bjørketeigen barnehage eit prosjekt med gitar frå ungdomssteget som leikeressurs i barnehage, med støtte frå Fylkesmannen.

- *Vurdera fleksible stillingar for å avhjelpa vikarsituasjonen i indre og ytre strøk.*

Det er gjort ei vurdering av tilsetjing i fleksible stillingar for å avhjelpa vikarsituasjonen i indre og ytre strøk. Konklusjonen er at vikarbehovet er ustabil og ikkje jamt fordelt gjennom året slik at ein vil ikkje få effektiv utnytting av slike fleksible stillingar. Og at det dermed vil binda opp for mykje ressursar og det vil krevja for mykje å administrera ei slik ordning.

- Gjennomføra strukturendring, bygging av nye barnehagar.

Øystese barnehage - Sjudnahaugen, står ferdig september 2016, Tørvikbygd i august 2016. Norheimsund og Strandebarm barnehagar skal stå ferdige i april 2017. Samanslåingsprosessar og innflyttingsprosessar er godt i gang for dei fyrste bygga.

- Sikra at det vert system for utskifting og oppgradering av IT-utstyr i barnehagane til administrativt og pedagogisk bruk. Sjå dette i samanheng med prioriteringar i Digitaliseringsstrategien.

Barnehage er inkludert i prosjektplanen for IT investering i økonomiplan 2016. Dei aller fleste barnehagane har tilfredstillande utstyr til administrativt og pedagogisk bruk, men det manglar ein god del IT-utstyr til barna. Det er planlagt innkjøp av nettbrett til alle barnehagane i 2016, med tilhøyrande pedagogisk programvare.

- Ferdigstilla arbeid med handlingsplan for barnehage

Planen vert ferdigstilt våren 2016.

- Styrkja det tverrfaglege samarbeidet gjennom tett samarbeid med KFL . Intensjonen med å etablere Kvam familie- og læringsssenter er å bidra til betre samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen samt styrkja kunnskap og kompetanse som kan bidra til tidleg intervensjon og godt tverrfagleg tilbod.
- Oppretthalda og kvalitetssikra systemtenkinga i barnehagane, slik at rutinar, prosedyrar og gjennomføring kring born som treng ekstra støtte, vert drive likt i alle barnehagar. PPT og støttesystem er barnehagane sine rådgjevarar i dette arbeidet, men det er barnehagane som eig og skal ivareta systemtenkinga.

Systemtenkinga i barnehage vert arbeida med kontinuerleg, gjennom samkøyring, utviklinga av felles rutinar og sikra at dette heng saman med systemarbeidet som skjer i Kvam familie- og læringsssenter. Støttesystem barnehage vert vidareutvikla med tanke på tidleg innsats og fleksibilitet, og PPT er sentral i dette arbeidet.

Utvalde KOSTRA-tal

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	125 118	131 200	126 626	130 055	128 579	129 751
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	86,4	89,4	91	91,1	90,9	90,2
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime	57	57	59	61	58	58
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutd.	81,5	85,2	91,6	95,7	90,9	90
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager	6,5	6,3	6,2	6,1	6,1	6,1
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, kommunale barnehager	..	118 038	109 729	130 803	91 267	78 741
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager	..	15	12,8	13,9	15,3	17,3

Det er litt færre barn med barnehageplass i Kvam samanlikna med kommunegruppa, fylket og landet. Alle som har rett på plass har fått tilbod om barnehageplass, men nokon har takka nei på grunn av at dei ikkje har fått plass i den barnehagen dei ynskjer. Det er liten forskjell på utgifter pr. oppholdstime

i barnehage mellom Kvam og kommunegruppa, fylket og landet, men Kvam bruker meir på born med behov for ekstraressursar enn gjennomsnittet. Dette kan delvis forklarast med auka fokus på tidleg innsats i barnehagane. Andelen barn per årsverk viser i KOSTRA tala som 6,3, men det reelle for barnehagane i Kvam no er 6,2.

Kvam har nokon fleire pedagogiske leiarar utan godkjent barnehagelærerutdanning enn gjennomsnittet. Dette er i hovudsak i mindre delar av stillingar grunna permisjonar og deltidsstillingar.

5.3.3 Økonomiske rammer

Barnehagar						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
201 Førsokule	37 366	39 296	39 616	39 940	99 %	-320
211 Styrka tilbod til førsokuleborn	4 623	4 099	3 282	4 423	125 %	817
221 Førsokulelokale og skyss	3 190	3 170	3 765	3 761	84 %	-595
Barnehagar	45 179	46 566	46 663	48 123	100 %	-97

Funksjon 201 Førsokule viser eit netto mindreforbruk på 0,3 mnok. Det er kome inn 1,2 mnok meir enn budsjettert i brukarbetaling og det er motteke 0,6 mnok meir enn budsjettert i overføringar frå staten knytt til kompetanseheving. Barnehage har eit netto meirforbruk på lønnspostar inkl. sjukelønnsrefusjon på 1,5 mnok knytt til vikarpostar.

Funksjon 211 styrka tilbod til førsokuleborn viser eit meirforbruk på 0,8 mnok. Det er budsjettert med overføringar frå staten på 1,6 mnok, men brukarar og midlar er overført til funksjon 202 grunnskule . Vidare er det eit netto mindreforbruk på lønnspostar inkl. sjukelønnsrefusjon på 0,8 mnok.

Funksjon 221 Førsokulelokale og skyss har eit mindreforbruk på 0,6 mnok. Utgifter til husleige er 0,2 mnok lågare enn budsjettet og 0,4 mnok lågare lønsutgifter til bygg.

5.4 Grunnskule

5.4.1 Om tenestene

Grunnskule omfattar funksjonane 202-Grunnskule, 213-Vaksenopplæring, 214-Spesialskular (Kvam har ingen), 215-Skulefritidstilbod, 222-Skulelokale, 223-Skuleskyss og 383-Musikk- og kulturskule. Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) for skuleborn inngår som del av 202-Grunnskule

Grunnskuledrifta vert regulert av gjeldande Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, *Opplæringslova*, og forskrifter, samt Kunnskapsdepartementet sine merknader til paragrafane i lova. Opplæringslova omhandlar rettar og plikter forbunde med opplæring og skulegang i Noreg. Formålsparagrafen § 1-1 i Opplæringslova startar med: *Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring*. Opplæringslova § 1-3 omhandlar tilpassa opplæring og tidleg innsats, § 5-1 regulerer retten til spesialundervisning, og § 9a-3 omhandlar elevane sitt psykososiale miljø.

Læreplanverket for Kunnskapsløftet i grunnskulen og i vidaregåande opplæring gir fundamentet for opplæringa i skule og bedrift. Kunnskapsløftet består av Læreplanar for fag, Generell del av læreplanen, Prinsipp for opplæringa, fag- og timefordeling og tilbodsstruktur. Læreplanen sin generelle del utdjupar formålsparagrafen i opplæringslova, gir overordna mål for opplæringa og inneheld verdi- og kunnskapsgrunnlaget, og det kulturelle grunnlaget for grunnskulen og vidaregåande opplæring.

Dei kommunale skulefritidsordningane vert drivne i samsvar med lov og forskrifter om skulefritidsordninga og kommunale og lokale retningslinjer. Heradet er pliktig til å ha eit skulefritidstilbod, (jf. § 13-7 i opplæringslova). Innhaldet i skulefritidsordninga skal ta utgangspunkt i borna sin trong for omsorg og lek, og det skal fremja sosial læring. I tillegg til kulturaktivitetar skal fysisk aktivitet, frileik, oppleving og undring knytt til natur- og uteområde vera ein viktig del av dagen. Det vil vera naturleg å trekkja inn musikk- og kulturskule og frivillige lag alt etter kva tilbod som finst.

Vaksenopplæringa er heimla i Opplæringslova kapittel 4A, *Opplæring spesielt organisert for vaksne*. Elevane ved vaksenopplæringa skal få høve til å utvikla kunnskap, kompetanse og haldningar som gjer dei i stand til å meistra eigne liv og høve til å delta i skule, arbeid og samfunnet. Undervisninga må vera tilpassa brukaren både knytt til organisering og innhald. Det er viktig at Vaksenopplæringa fremjar samordning og samarbeid med andre deler av det kommunale tenesteapparatet slik at opplæringa kjem den enkelte elev, kommunen og arbeidslivet til gode.

PPT er heimla i opplæringslova §5-6; *Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste*. Tenesta skal hjelpa barnehage og skule i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Tenesta skal sørgja for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det, jr. §5-1 om retten til spesialundervisning: *Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning*. I forkant av PPT si sakkunnige vurdering er det eit tett samarbeid føresette, skule og andre hjelpetenester ved behov. Utgreiinga er tverrfagleg og blir samanfatta i ein utgreiingsrapport som vert lagt fram for føresette og skule/hjelpetenester før ein konkluderer i ei sakkunnig vurdering og behov for spesialundervisning.

På systemnivå i Kvam har PPT dei siste åra vore sentral i skulane og barnehagane sine store utviklingsprosessar innan inkluderande læringsmiljø, særleg knytt til halvering av spesialundervisninga i Kvam, og oppbygging av nye støttesystem (sjå under budsjett-tekst barnehage og skule). PPT har ei sentral rolle i å kvalitetssikra systemtenkinga i barnehagar og skular, slik at rutinar, prosedyrar og gjennomføring kring tidleg innsats/born som treng ekstra støtte, vert drive likt i kommunen. PPT og støttesystem er barnehagane og skulane sine rådgjevarar i dette arbeidet, men det er barnehage/skule som eig og skal ivareta systemtenkinga.

5.4.2 Målsetjingar og resultat

Grunnskule

Me har 6 grunnskular i Kvam herad; Strandebarm skule 1-10, Tørvikbygd skule 1-7, Norheimsund skule 1-7, Øystese barneskule 1-7, Kvam ungdomsskule og Ålvik skule 1-7 med til saman 1031 elevar. Det er om lag 135 årsverk i grunnskulen.

Mål frå budsjett 2015:

- *Inkluderande læringsmiljø: Sikra at endringsarbeidet lukkast.*
 - *Vidareføra det målbevisste arbeidet for å senka tal vedtak om spesialundervisning, styrka tilpassa opplæring, og ta i vare alle elevane i eit inkluderande læringsmiljø.*
 - *Vidareutvikla støttesystemet ved skulane, og samarbeidet mellom PPT, skule og skuleeigar.*
 - *Fokusera vidare på vurdering for læring og lesing som grunnleggjande dugleik, for å styrka den tilpassa opplæringa. Det er eit mål at både lærarar, elevar og foreldre innan 2 år kan seia at i skulen i Kvam jobbar me ut frå prinsippa i vurdering for læring, og at dei har tileigna seg grunnleggjande dugleikar og strategiar for lesing i alle fag.*

Tal vedtak om spesialundervisning vart redusert frå 15,9 % skuleåret 13/14 til 7,8 % skuleåret 14/15. Støttesystemet er etablert i skulane og fungerer etter intensjonen, litt ulikt på dei ulike skulane, og skal evaluerast i løpet av 2016. Gjennom Vurdering for læring og Skulebasert kompetanseutvikling, har skulane utvida sitt repertoar av metode, didaktikk og prinsipp for forskningsbaserte læringsaktivitetar og relasjonsbygging. Den kompetansen som er opparbeida gjennom desse satsingane vert følgt opp i det vidare arbeidet ved skulane, og skal vera ein del av praksisen i Kvammaskulen.

Sjå Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam herad 2015.

I desse dagar vert det utforma ein treårig avtale med SEPU, Senter for praksisrettet utdanningsforskning, om å gjennomføra LP-modellen i skule, barnehage og PPT i Kvam herad, med start våren 2016.

- *Sosialt miljø:*
 - *Følgja opp skulane sine handlingsplanar i arbeidet med nulltoleranse mot mobbing.*
 - *Sjå det sosiale miljøet i samanheng med eit inkluderande læringsmiljø.*

Skule og barnehage i Kvam herad har nullvisjon i høve mobbing. Gjennom førebyggjande arbeid, avdekking av mobbing og iverksetting av tiltak for å stoppa det, arbeidar skulane systematisk med

denne utfordringa. Heradstyret presiserte i vedtak 091/15 at dei ikkje kan tolerera mobbing i Kvam sine skular, og ønskjer ei oppdatering frå administrasjonen på tiltak som er sett i verk. Administrasjonen har utvida presiseringa til å famna barnehage i tillegg, da mobbing ikkje kan tolererast verken i barnehage eller skule. Arbeidet med å inkludera alle elevane i læringsfellesskapet, og å skapa gode læringsvilkår for alle, bidreg til å førebyggja mobbing.

Sjå Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam herad 2015.

- *Prioritera satsing på IKT i skulen, som første steg av satsinga i tråd med digitaliseringsstrategien:*
 - *Tal maskinar: Målet er 1:1 på u-steg (helst frå 5. steg) og 2:1 på småskulen.*
 - *Digitale tavler i alle klasserom.*
 - *Opplæring i digital programvare.*
 - *Textpilot til alle som treng det.*

Oversikt over PC-park og tavler september 2015

Skule	Activboard	Berbare elevmaskiner	Stasjonære elevmaskiner
Kvam u	12	160	24
Øystese	8	55	19
Norheimsund	14	57	1
Strandebarm	4	29 + 15	12
Ålvik	0	17	10
Tørvikbygd	3	13	3
Vaksenopplæringa	0	18	16
Sum:	39	361	85

Det er i 2015 ei netto auke på 44 elevmaskiner. Det er kjøpt inn 20 nye tavler i 2015. Ålvik skule vil få digitale tavler i samband med ny skule.

I tett samarbeid mellom IT-skule og IT-drift, vert det gjennomført kartlegging av tilgjengeleg og ynskjeleg digital programvare, og tilhøyrande opplæring og kursing.

Sjå Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam herad 2015.

- *Vidareutvikla system for kvalitetsoppfølging i skulane, følgja opp arbeidet med 1310.no og implementera VOKAL og PULS.*

System for kvalitetsoppfølging er ikkje ferdigutvikla per i dag, og arbeidet med 1310.no må fortsatt følgjast opp. VOKAL er implementert i skulane, og skuleleiinga gjennomfører ei implementeringspakke i PULS dette skuleåret.

- *Utarbeida prosedyre for gjennomføring og evaluering av elevundersøkinga og nasjonale prøver. Prosedyrane er utforma og i bruk i skulane.*
- *Implementera plan for arbeidet med § 2-8 i opplæringslova: Særskilt språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i grunnskulen i Kvam.*

Skulane er i gang med implementeringsarbeidet, og planen skal reviderast våren 2016, for å optimalisera skjema og tiltaksplan.

- *Utarbeida introduksjonsprogram for minoritetsspråklege barn og unge i samarbeid med KFL.*

Våren 2015 vart det gjennomført 5 vekers INTRO-skule som eit pilotprosjekt, der Kvam familie- og læringssenter var initiativtakar. 8 born i alderen 6-16 frå Somalia fekk eit 5-dagars skuletilbod ved Øystese barneskule i perioden 18. mai til 23. juni. Miljøpedagog var ansvarleg for introskulen, saman med mormålsassistent. 3 dagar i veka kom lærar og underviste i begynnande norsk, resten av tida vart språkinnlæringa knytta til opplevingar i nærmiljøet. Intro-tilbodet er evaluert og vert rekna som ein suksess, både av elevane, dei tilsette og skulane elles.

- *Styrkja det tverrfaglege samarbeidet gjennom tett samarbeid med KFL. Intensjonen med å etablera Kvam familie- og læringssenter er å bidra til betre samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen samt styrkja kunnskap og kompetanse som kan bidra til tidleg intervensjon og godt tverrfagleg tilbod.*
- *Oppretthalda og kvalitetssikra systemtenkinga i skulane i Kvam, slik at rutinar, prosedyrar og gjennomføring kring born som treng ekstra støtte, vert drive likt i alle skular. PPT har til no vore mest aktive i omstillingsarbeidet på systemplan, men framover skal Kvam familie- og læringssenter vera skulane sine rådgjevarar i dette arbeidet.*

Systemtenkinga i Kvammaskulen vert prioritert og arbeida med kontinuerleg, og PPT er ein sentral aktør i dette, som direkte kurshaldarar og som rådgjevarar. Utviklingsarbeidet i skule blir sett i samband med systemtenkinga og utviklinga av samordna og tverrfaglege tenester i KFL. Sjå Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam herad 2015.

SFO

Kvam heradsstyre har gjort vedtak om at SFO i regelen kan opprettast eller oppretthaldast dersom 10 eller fleire born melder seg på ved den ulike ordninga den enkelte dag tilbodet er ope. Alle skulane i Kvam herad har SFO-tilbod etter skuletid, men det varierer om dei minste skulane har ope SFO alle dagar då tal barn som melder seg på kan variera. Norheimsund barneskule har også tilbod om morgonoppe på SFO.

Det er 167 barn som nyttar SFO tilbodet i Kvam og det vert nytta om lag 8 årsverk.

PPT

På individnivå har PPT 304 saker i Kvam, der 246 er tilviste born i alderen 0-16 år.

58 vart nyttilviste i 2015, mot 48 nyttilviste i 2014.

- 12 nyttilviste i barnehage-alder,
- 42 nyttilviste barn 6-16 år, 11 av dei var fleispråklege born, noko som er ein stor auke
- 6 nyttilviste vaksne med behov for logoped eller opplæringsbehov.

PPT arbeider med vaksne, dei fleste er elevar på vaksenopplæringa, resten er vaksne med behov for logopedhjelp.

Rådgjevarane på PPT har ansvar for om lag 60 klientsaker i full stilling. Dei er koordinator for Individuell Plan for 16 born, og deltek i eller leier om lag 50 ansvarsgrupper for born med samansette og langvarige behov for koordinering av hjelp.

PPT deltek i ei nasjonal satsing, Sevu-PPT, eit nytt kompetanseløft for PPT. Tenesta arbeider med kompetanseheving og organisasjonsutvikling retta mot barnehage, skule og foreldre innan tema som mobbing, psykisk helse, autisme, språk, lese-/skrivevanskar, inkluderande læringsmiljø mm. I tillegg deltek og leier PPT ulike lærande nettverk.

Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa flytta hausten 2015 inn i nyoppussa lokaler i Norheimsund. Elevane har undervisningslokale i «det grønne bygget» ved sidan av gamle ungdomsskulen, og dei tilsette har kontor plassar og pauserom i 1 etg i gamle ungdomsskulen.

Vaksenopplæringa hadde i desember 2015 105 elevar fordelt slik på dei 3 områda:

- Grunnskuleopplæring organisert for vaksne, «*Opplæringslova §4A-1*» - **8 elevar**
- Spes.ped.avd. – særleg tilrettelagd undervisning for vaksne, «*Opplæringslova §4A-2*» - **27 elevar** (4 nye kom til etter søknad frå aug. 2015)
- Vaksne minoritetsspråklege – grunnleggjande norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, «*Introduksjonslova kapittel 4, §17*» - **60 elevar**
- Vaksne minoritetsspråklege – kveldskurs for arbeidsinnvandrar, grunnleggjande norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar - **10 elevar**

Vaksenopplæringa har 8,8 årsverk , fordelt på spes.ped.avd (2,8 årsverk), grunnskule for vaksne (0,4 årsverk) og norsk og samf.kunnskap for vaksne (5,6 årsverk)

Mål frå budsjett 2015:

- *Utvida tilbodet om grunnskuleopplæring i vaksenopplæringa.*

Grunnskuletilbodet vart i 2014 utvida frå ein dag i veka (6 timar) til to dagar i veka (2x6 timar). Dette tilbodet er vidareført i 2015. Det hadde vore ynskjeleg med fleire timar i veka til grunnskule for dei som skal gå eit eksamensretta løp med avsluttande vitnemål i fem fag. Men dei aller fleste treng også norskopplæring parallelt i eit slikt løp.

- *Dobla tal maskiner og få digitale tavler i klasseromma. Har òg behov for maskiner både i opplæringa og gjennomføring av testar og eksamen.*

Tenesta har fått 12 stk. gode berbare maskiner til gjennomføring av digitale norsk -og samfunnsfagprøvar. Dersom skular har videoprojektorar til overs skal Vaksenopplæringa overta dei. Vaksenopplæringa nyttar dei same stasjonære maskinene i datarommet som kommunen nyttar til evt. kursing av tilsette m.m. I tillegg har tenesta supplert med brukte berbare maskiner slik at den i praksis disponerer 16 maskiner. Det vil vera nyttig for vaksenopplæringa å ha klassesett med berbare maskiner som kan rullera mellom gruppene, i tillegg til «prøvemaskinene».

- *Utarbeida system for realkompetansevurdering.*

Systemet er utvikla og planen skal ferdigstillast våren 2016.

Utvalde KOSTRATAL

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Netto driftsutgifter til grunnskule (202), per innbygger 6-15 år	97 645	100 682	87 747	80 798	81 150	80 828
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	6 722	6 471	5 118	4 152	4 026	4 354
Netto driftsutgifter til voksenopplæring (213), per innbygger	627	797	225	189	203	233
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	7,7	7,8	3,5	6,6	5,5	7,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	15,6	7,9	8,4	7,7	8,1	8,0
Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen	1 460	1 435	1 585	1 450	1 412	1 395
Driftsutgifter til inventar og utstyr (202), per elev i grunnskolen	385	1 014	760	961	880	931
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	11,2	11,9	12,3	14,0	13,6	13,8

Skulen i Kvam har høgare utgifter pr. elev både til grunnskule og SFO samanlikna med kommunegruppa, fylket og landet. Årsaker til dette er mellom anna ein desentralisert skulestruktur med dyrare småskular, fleire minoritetsspråklege elevar og låg gruppestørrelse samanlikna med andre (færre elevar per lærar). Andelen elevar som får spesialundervisning er gått drastisk ned som følge av omlegging og strukturarbeid i skulen og er no om lag på landsgjennomsnittet. Kvam har generelt lagt lågt på utgifter til inventar og utstyr, men i 2014 vart det gjort eit løft på IKT som viser igjen i KOSTRA tala. Utgiftene til vaksenopplæring pr. innbyggjar ligg langt over snittet for både kommunegruppa, fylket og landet. Alle utgifter kring PPT sitt arbeid med vaksne er ført på vaksenopplæringa. Dette er eit av områda Oppvekst vil arbeida med i LEAN prosjektet i 2016 jf. FSK vedtak 037/15 – organisasjonsgjennomgang av vaksenopplæringa.

5.4.3 Økonomiske rammer

Grunnskule						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
202 Grunnskule	82 670	80 766	83 601	85 036	97 %	-2 835
213 Vaksenopplæring	5 007	4 852	5 074	5 180	96 %	-222
215 Skulefritidstilbud	1 376	1 166	1 544	1 454	75 %	-379
222 Skulelokaler	9 960	11 377	6 807	6 881	167 %	4 571
223 Skuleskyss	3 741	3 592	3 250	3 250	111 %	342
Grunnskule	102 754	101 753	100 276	101 800	101 %	1 477

Funksjon 202 Grunnskule samla har samla eit mindreforbruk på om lag 2,8 mnok. Hovudårsaka til mindreforbruket er auke i inntekter knytt til elevar frå andre kommunar som går på skule i Kvam (2 mnok). Kvam har vidare hatt lågare kostnader enn budsjettet til elevar frå Kvam som går på skule i andre kommunar og høgare kostnader til elevar i privatskular. Netto utgjør dette eit mindreforbruk på 0,5 mnok). Kvam har vidare motteke 1,6 mnok meir enn budsjettet i overføringar frå staten knytt til vidareutdanning og minoritetsspråklege elevar (delar av dette er budsjettet på funksjon 201 barnehage). Vidare er det eit netto meirforbruk på lønnspostar inkl. sjukelønnsrefusjon på 0,3 mnok og eit meirforbruk på 1 mnok knytt til IKT-lisens og program samt leige av kontormaskiner.

Funksjon 213 Vaksenopplæringa har eit mindreforbruk på 0,2 mnok som skuldast auka inntekter frå staten med 0,5 mnok og auke i lønnskostnader på 0,3 mnok.

Funksjon 215 Skulefritidsordninga har eit netto mindreforbruk på 0,4 mnok som skuldast lågare utgifter til mat og meir inntekter i brukarbetaling.

Funksjon 222 Skulelokaler har eit samla meirforbruk på nesten 4,6 mnok, av dette er det nesten 1 mnok i auke til elektrisitet og 0,7 mnok knytt til vedlikehald. Vidare er det eit meirforbruk på lønsutgifter til bygg på 2,6 mnok samt fleire mindre avvik på totalt 0,3 mnok.

Funksjon 223 skuleskyss har ein auke på 0,3 mnok grunna fleire elevar med rett til skuleskyss.

5.5 Kommnehelse

5.5.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 232 Førebygging-skule og helsestasjonsteneste, 233-Anna førebyggjande helsearbeid og 241-Diagnose, behandling og rehabilitering. Tenestene vert i hovudsak utført av legetenesta, folkehelsekoordinator, ergo- og fysioterapitenesta, helsestasjonstenesta og kommunepsykolog.

Legetenestene famnar om alt frå kurativ legeteneste, allmennmedisinske offentlege oppgåver og samfunnsmedisinske oppgåver til legevakt og koordinerte akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus.

Ergoterapi, barnefysioterapi og fysioterapi til brukarar med samansette behov eller store funksjonsnedsetjingar er organisert med kommunale fysioterapeutar. Oppgåvene er i tillegg til undersøking og behandling, tilrettelegging for aktivitet, det å kunne bu i eigen bustad og søkje om naudsynte hjelpemiddel for å vera sjølvstendig i eige liv. Dei gjev tilbod til personar i alle aldrar og til ulike brukargrupper.

Helsestasjonen har ansvar for å overvake helsesituasjonen til alle barn i kommunen, og skal planleggje og gjennomføre tiltak som fremjar ei best mogleg fysisk og psykisk helse blant gravide, barn og unge. Tenestetilbodet lokalt skal spegle dei nasjonale satsingsområda for barn og unge. Helsestasjon- og skulehelsetenesta skal inngå i ei heilskapleg tiltakskjede for aldersgruppa mellom 0 og 20 år, der ansvarsområde spenner frå svangerskap og småbarnstid til barndom og ungdomstid.

Kommunepsykologtenesta for barn, unge og familiar er etablert som fast teneste i Kvam. Tenesta vert gjeve etter Helse og Omsorgstenestelova som eit utvida tilbod til helsestasjon og skulehelsetenesta innan det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. I tillegg til individretta arbeid og rettleiing, har tenesta eit medansvar for utvikling av tverrfaglege samhandlingsmodellar og befolkningsretta tiltak innan helsefremming og førebygging, i tråd med målsetjingane i Kvam familie- og læringssenter.

5.5.2 Målsetjing og resultat

Legetenesta

I Kvam er det 10 fastlegar og ein turnuslege. Alle fastlegane er spesialistar i allmennmedisin. Det er 4 legekontor i Kvam. Ålvik legekontor, Helsebanken legekontor og Norheimsund legesenter er privatdrivne, men legane får basistilskot frå Kvam herad svarande til listestorleik. Strandebarm legekontor er drive av Kvam herad som utekontor.

Kommunen kan påleggja fastlegane i full stilling inntil 7,5 timar til allmennmedisinske offentlege oppgåver knytt til andre helse- og omsorgstenester som helsestasjonsarbeid, skulehelseteneste og sjukeheimsmedisin. 9 av fastlegane har i dag allmennmedisinske oppgåver. 6 ulike fastlegar har oppgåver knytt til helsestasjon og skulehelsetenester.

Kvam har kommuneoverlege i heil stilling til å ta seg av dei samfunnsmedisinske oppgåvene saman med leingi av allmennlegetenestene og legevakt.

Kvam legevaktstasjon er lokalisert ved Kvam lokalmedisinske senter på Toloheimen.

Legevaktstasjonen består av Kvam legevaktsentral og legevaktlokala.

I opningstida ved fastlegekontora fungerer legekontora som legevaktlokale.

Ein vakthavande lege skal vera tilgjengeleg i naudnettet heile døgnet.

I tillegg til legane er det tilsett 7 sjukepleiarar i til saman 288 % stilling ved legevakta.

Kvam legevakt er ein av sju «vaktårnlegevakter» i Noreg og er slik leverandør av data til nasjonal statistikk for legevakt. Kommunen samarbeider med nabokommunane, føretaket og andre lokale døgntenester, t.d. brann og redningstenesta og helse og omsorgstenesta elles for å sikra gode løysingar for akutttilbodet.

Med brukarane i sentrum skal legetenesta vera ei framtidsretta, fagleg forsvarleg og likeverdig teneste til dei som til ei kvar tid oppheld seg i kommunen.

Med brukarane i sentrum skal legetenesta samarbeida med helseføretaket om tenester som sikrar pasientar og brukarar tidleg og god hjelp når dei treng det, nærast mogeleg der dei bur.

Alle fastlegane i Kvam er no spesialistar i allmennmedisin og følgjer individuelle program gjennom ulike fagkurs for å vedlikehalda og fornya spesialiteten.

Dei fleste legane i Kvam har listelengde på 900 pasientar. Tre legar har fleire på lista. Fleire av listene var i periodar i 2015 fulle, men det har til ei kvar tid i 2015 vore ledig listeplass hjå ein eller fleire fastlegar i Kvam.

Tabellen under viser at ein stor del av konsultasjonane over år hjå fastlegane stabilt dreiar seg om psykiske symptom og lidningar, muskel-/skjelettlidningar og hjartekarsjukdomar med muskel-/skjelettlidningar som den største gruppa.

År				2010-2012	2011-2013	2012-2014
Geografi	Alder	Sykdomsgruppe	Måltall			
Kvam	0-74 år	Psykiske symptom og lidelser (P01-29 og P70-99)	Årlig antall	992,7	996,7	984,0
		Muskel og skjelett (ekskl. brudd og skader (L01-L29, L70-71 og L82-99))	Årlig antall	2 018,7	2 077,0	2 125,3
		Hjerte- og karsykdomsdiagnoser, totalt (K70-99)	Årlig antall	906,3	917,0	917,0

Fastlegane deltek jamleg i oppfølgingsmøte for pasientane sine.

Dei har også vore representerte i prosjekta Kvardagsrehabilitering og Velferdsteknologi i Kvam.

I 2015 har det vore 2 møte i samarbeidsutvalet mellom legane og Kvam herad.

Det har vore 10 allmennlegeutvalsmøte.

Hausten 2015 starta Prosjekt Samhandling og samlokalisering av allmennlegetenester og andre helse og omsorgstenester i Ålvik. Prosjektet skal greia ut behovet for ytterlegare samhandling og eventuell samlokalisering av allmennlegetenester og andre helse- og omsorgstenester i Ålvik og Strandebarm og utarbeida forslag til plan for samhandling mellom og samlokalisering av allmennlegetenestene og andre helse- og omsorgstenester i Ålvik og Strandebarm. Kvam herad har motteke kr. 500` frå helsedirektoratet til prosjektet. Prosjektet skal avsluttast i 2016.

Det har vore arbeidd med ny Smittevernplan i 2015. Denne skal opp som politisk sak i 2016.

Prosjekt Samhandlingsreforma i Hardanger vart avslutta i 2015, og det er utarbeidd eigen sluttrapport frå prosjektet.

Kommuneoverlegen deltek i akuttmedisinsk utval i regi av Samarbeidsrådet og er medlem i styringsgruppa for Nettverk for kreftomsorg og lindrande behandling.

I 2015 har kommuneoverlegen på timebasis vore utleigd til helsedirektoratet i samband med implementering av Nasjonalt legevaktnummer 116 117 og den reviderte akuttmedisinforskrifta.

Kvam legevakt har hatt 4500 kontaktar i 2015. Det vart gjennomført brukarundersøking i 2015. Resultatet av undersøkinga er i hovudsak positiv. Det er få klager på tenesta.

I 2015 erstatta nødnett det gamle helseradionettet. Nytt utstyr er installert, legane har fått nye radioar, og det er gjennomført opplæring av legar og sjukepleiarar i bruken og funksjonen av nettet og utstyret. Alle legane i Kvam har kvar sin radio. Ved utgangen av 2015 gjenstår det ein del arbeid knytt til opplæring, installering og drift av nødnett lokalt på grunn av problem med leveransen av utstyr til legevaktsentralane over heile landet.

Dagleg leiar på legevakta og kommuneoverlegen har vore aktivt med i fagrådet for den interkommunale legevakta. Men oppstarten av Hardanger og Voss legevaktdistrikt har drege ut. Ved utgangen av året var det framleis ikkje semje om den interkommunale samarbeidsavtalen for Voss legevaktstasjon.

15.10.2015, på 3 årsdagen for innflytting i dei nye lokala til Kvam legevakt, fekk kommunen overlevert 2 uniformerte utrykkingsbilar. Bilane vert leasa, og kostnadane er delte mellom legane og Kvam herad.

Folkehelse

Kvam herad har folkehelsekoordinator i 100% stilling.

Kvam herad får etter søknad årleg tilskot på kr 0,1 mnok frå Hordaland fylkeskommune til drift av folkehelsearbeidet.

Arbeidet med kommunen sitt første oversiktsdokument over helsetilstanden og påverknadsfaktorar starta i 2015 og er planlagt ferdig våren 2016. Dette er eit omfattande arbeid som forutan alle kommunale einingar også involverer andre offentlege aktørar, råd og utval, frivillig sektor, næringsliv og innbyggjarane generelt.

I tråd med nasjonale føringar og arbeid med det systematiske folkehelsearbeidet vart det i 2015 lagt vekt på forankring av folkehelsearbeidet i kommunalt planverk. Døme på dette er kommuneplanen sin samfunnsdel og Helse- og omsorgsplanen. Det er òg sett i gang eit arbeid for å få på plass ei overordna og tverrfagleg folkehelsegruppe i kommunen.

Folkehelsearbeid handlar òg om å skapa møteplassar og arenaer der folk kan møtast og vera i aktivitet. Folkehelsekoordinator og andre har derfor delteke i ulike arrangement og bidrege til at det vert skapt gode møtestader. Døme på dette er «Kvammaveko», dialogmøter for «Aktiv senior i Kvam», «ferie for alle», vinteraktivitetsdag for personar innan psykisk helsevern mfl.

Ergo- og fysioterapi

Kvam herad skal nytta «moglegheitsrommet» som ligg i å dreia tenestene mot førebygging, mestring og rehabilitering. Tenesta har høg fagleg kompetanse, og fleire av dei tilsette er spesialistar. Det er utarbeidd temaplan for ergo- og fysioterapitenesta i Kvam 2013-2020.

Det er privatdrivne fysioterapi-institutt i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm, men kommunen gjev tilskot til drifta i form av driftstilskot.

Stillingar i tenesta:

- 1 stilling for ergoterapeut med oppgåver i heile kommunen med hovudvekt på vaksne og eldre.
- 5,85 fysioterapidriftstilskot delt på 5 institutt. Det er institutt i Strandebarm, Norheimsund, Øystese og Ålvik.
- 4,2 stillingar for fastløna fysioterapistillingar fordelt på 7 personar og 1 stilling for turnuskandidat. Dei kommunale stillingane er fordelt på oppgåver i rehabiliteringsavdelinga, tilbod til eldre og barnefysioterapi. Barnefysioterapi er ein del av helsestasjonen og skulehelsetenesta.

Fleire fysioterapeutar har vidareutdanning innan ulike spesialområde som helse og miljø, psykomotorisk fysioterapi, manuell terapi, allmenn fysioterapi, barnefysioterapi, rehabilitering og fysioterapi for eldre. Ein ergoterapeut har vidareutdanning i kvardagsrehabilitering.

2131 personar fekk hjelp frå ergo- og fysioterapitenesta i 2015, om lag 800 fleire enn for 10 år sidan. Den største gruppa (94%) har fått behandling etter tilvising, individuelt eller i gruppe. Dei resterande har fått fysioterapi under rehabiliteringsopphald på Toloheimen. I tillegg kjem det førebyggjande arbeidet med helsestasjonsgrupper og trimgrupper m.m.

Dei fleste pasientane er kvemmingar. Alle institutta melder om pasientar frå omkringliggjande kommunar. Om lag 50 personar har fått hjelp frå ergoterapeut.

Deler av ergoterapeutstillinga har i 2015 vore vakant. Fleire har difor måtta venta på hjelp frå ergoterapeut.

I tråd med samhandlingsreforma og interne mål i helse og omsorgsplanen, har det i 2015 vore satsa på å dreie tenestene mot meir førebygging og tidleg innsats.

- Tenesta har delteke i planlegging av interkommunalt pilotprosjekt med tilbod til born med overvekt. Prosjektet har tittel «Kvardagssteg». Prosjektet vert vidareført i 2016-17. Fysioterapeut, helsesøster og folkehelsekoordinator deltek i prosjektet.
- Tenesta har oppretta 2 styrke- og balansegrupper i 2015. Opplegget går over 12 veker med trening 2 gonger i veka. Testing viser at dette har gitt positive resultat for deltakarane.
- Tenesta har delteke i prosjekt Kvardagsrehabilitering med oppstart hausten 2015. Ergoterapeut og fysioterapeut er prosjektleiarar i 30% stilling kvar. Dei har med seg pleie- og omsorgsleiar, gruppeleiar, lege og representant for dei tillitsvalde i prosjektgruppa. Mandat for gruppa er å etablera system for Kvardagsrehabilitering i Kvam, gjennomføra opplæringstiltak og starta opp tilbodet. Prosjektet vert vidareført.
- 1 fysioterapeut deltek i prosjektgruppe Velferdsteknologi i Kvam.
- Tenesta har ulike gruppetilbod som bassengtrening for kronikarar, lågterskel treningsgrupper i heimetenesta (Ålvik og Strandebarm) og førebyggjande gruppe på helsestasjon.

Det har vore lengre ventetid enn det som er vedteke i serviceerklæringane på 2 av institutta og barnefysioterapidelen.

Skulehelsetenesta og helsestasjon

Helsestasjons- og skulehelsetenesta i Kvam herad er organisert i Oppveksteininga, som ein del av Kvam familie- og læringssenter (KFL).

Tenesta er heimla i Helse- og omsorgstenestelova og Folkehelselova og har totalt 6,75 % stillingar inkludert jordmor, helsestasjon for flyktningar, smittevern og leiarstilling.

Helsestasjonane er samlokalisert til legekontora i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm. Hovudbasen er på Norheimsund helsestasjon.

Med barn og unge i sentrum skal helsestasjon- og skulehelsetenesta vera ei framtidsretta, fagleg forsvarleg og likeverdig teneste til dei som til ei kvar tid oppheld seg i kommunen.

Målet for 2015 har vore å få utført alle lovpålagde oppgåver, og gi ei god helsestasjon- og skulehelseteneste for brukarane våre.

I 2015 har alle stillingane vore bemanna av helsesøstrer og jordmor. Det er jobba målretta med rekruttering i kommunen vår, og det har gitt oss resultat.

Kvam helsestasjons- og skulehelsetenesta har hatt totalt ansvar for 2191 barn og ungdom dette året. Tenesta følgjer fast program, som er vedtekne sentralt.

Det er sterke statlege føringar om å styrkja tenesta i kommunane og i 2015 vart tenesta tilført 100 % stilling; 50 % jordmor og 50 % helsesøster.

Jordmor:

Alle fyrstegongsfødande fekk frå hausten 2015 tidleg heimebesøk av jordmor innan 1-3 dagar etter fødsel, jf. krav i Tenesteavtale 8 med Helse Bergen.

Jordmor har hatt 71 nyinnskrivne gravide kvinner til svangerskapskontroll. Mødrene kjem tidlig heim etter fødsel, og jordmor/helsesøster merkar eit auka press i helsestasjonen i forhold til oppfølging og veiledning. Det å få tidlig heimebesøk av jordmor trur me er med å styrkje kompetansen i forhold til mors psykiske og fysiske helse og amming. Tenesta er starta sertifisering for å verta ammekyndig helsestasjon. Dette er forpliktande i forhold til tenesteavtale 8.

Fødselsførebuande kurs er iverksett, der til saman 15 gravide har nytta seg av tilbodet.

Jordmor opplever eit godt samarbeid med legane i Kvam og med fødeavdelinga på Voss. Tenesta har fast samarbeidsmøte med Voss to gonger pr. år. Dette året har tenesta delteke i å utarbeida rutinar for gravide rusavhengige. Dette arbeidet er ikkje avslutta enno.

Helsestasjon:

I 2015 vart det født 87 born. Alle barna er fylgt opp av helsesøster med heimebesøk etter fødsel, og konsultasjon på helsestasjonen ein gong i månaden det fyrste leveåret

På helsestasjonen får alle foreldre tilbod om å delta i tverrfagleg gruppe. Fysioterapeut, lege og tannpleiar.

Helsestasjonen har hatt møte med alle barnehagane i Kvam, der styrar og avdelingsleiar har delteke.

Skulehelseteneste:

Det er auka helsesøster-ressurs på skulane i Kvam i 2015. Rutinemessige kontrollar og vaksinasjonar er vorte gjennomførte og helsesøster har hatt faste treffningar.

To helsesøstres har i lag med utekontakten hatt jentegrupper på ungdomstrinnet på dei to ungdomsskulane. Samarbeidet med skulane er svært bra.

Tenesta har, ilag med fysioterapeut, folkehelsekoordinator delteke i planlegging av interkommunalt pilotprosjekt med tilbod til born med overvekt. Prosjektet har tittel «Kvardagssteg». Prosjektet vert vidareført i 2016-17.

Skulehelsetenesta med helsesøster og lege har vore 1 dag per veka på alle dei tre vidaregåande skulane i Kvam. Tenesta har hatt fast treffing, individuelle samtalar med alle 1. klassingane, undervisning til rusen og tilbod om vaksine mot hjernehinnebetennelse (meningokokkvaksine). Elevane har fått besøk ved skulestart, der dei har fått informasjon om vår teneste, treffing og orientering om helsestasjon for ungdom. Same informasjon er gitt til foreldre på foreldremøte.

Helsestasjon for ungdom:

Helsestasjon for ungdom er open kvar torsdag frå kl. 14.30 – 16.30 på helsestasjonen i Norheimsund. Tilbodet gjeld for ungdom mellom 13-20 år. Helsesøster og lege er tilgjengeleg. Det er i hovudsak prevensjon og kjønnsjukdomar som er tema for ungdomar som kjem på helsestasjon for ungdom. Tenesta er gratis.

Helsestasjon for flyktningar:

Aktiviteten på helsestasjon for flyktningar og arbeidsinnvandring har vore stor i 2015.

Det er eit svært krevjande arbeid, der det er mange ulike nasjonalitetar, og arbeidet med tolk er tidkrevjande. Språkproblem, store kulturforskjellar, ein del dårleg psykisk helse hjå flyktningar har gitt store utfordringar. Helsesøster har 35% stilling fast til dette arbeidet.

Behovet for veiledning og kompetanseheving er stort på dette feltet. Tidlegare år har det vore veiledning ved psykososialt team i Bergen, dette jobbar me med å få på banen igjen. Helsestasjon for flyktningar har faste møter med NAV, avdeling for flyktningar, og har dette året jobba nærare både barnevern, barnehage og skule.

Vaksinering:

- BCG- vaksinering på barn i miljøer med tuberkulose, eller som reiser til land med høg tuberkulose-forekomst. Samt tuberkulosearbeid ved arbeidsinnvandring.
- Reisevaksine.
- Influensavaksinering
- Mantoux- prøve

Reisevaksine er eit populært tilbod, og folk er flinke å ta reisevaksine når dei skal ut på reis. Me har tilbod om reisevaksine ein dag i veka, dvs. 20 %. Reisevaksinen gjev kommunen inntekt gjennom brukarbetaling.

Influensavaksinasjon er utført i 2015. Tenesta legg vekt på kvalitet og effektivitet, men og sosialt, der trivselen med ein kopp kaffi med noko attåt er svært populært.

Dette er eit viktig førebyggjande tiltak innan smittevern, der både brukarar og tilsette gjev gode tilbakemeldingar.

Kommunepsykolog

Kommunepsykologtenesta for barn, unge og familiar er etablert som fast teneste i Kvam.

Jondal kommune kjøper 30 %. Tenesta er organisert i Kvam familie- og læringssenter.

Tenesta var redusert med 20 % inntil 1.sept pga. permisjon. Avtalen med Jondal skal reforhandlast i juni 2016.

Tenesta fekk ca. 60 nye henvendelsar i 2015, der ca. 1/3 hadde hatt kontakt før. I tillegg kjem kontaktar som har lågfrekvent oppfølging frå 2014 eller tidlegare. Dei fleste er ungdomar mellom 13-19 år, men også i slutten av barneskulen. Hovudgrunnen for kontakt er uro for den psykiske helse, og barn og unge som er utsett for risiko på ulike område. Det er stor variasjon i kven som tek kontakt; foreldre, skular, skulehelsetenesta, barnevern, PPT, fastlegar. Det direkte individretta arbeidet er foreldreveiledning, vurderingssamtalar knytt til psykisk helse, korttidsbehandling og samarbeid med skular og andre instansar. I tillegg til individretta arbeid kjem konsultasjon, veiledning og medvurdering saman med andre tenester og fagpersonar.

Det er stort press og behov for tenester som representerer «mellomrommet» mellom dei kommunale tenestene for barn og unge, og 2.linjeteneseta i Psykisk Helsevern, BUP. I samarbeid med Oppvekstsjef og leiargruppa vert prioritering av oppgåver drøfta i lys av behov i befolkninga og øvrige tenestetilbod. KFL arbeider med å få til hensiktsmessig organisering og dimensjonering av eit tilbod som representerer dette «mellomrommet», der kommunepsykologen skal inngå.

Kommunepsykologen for barn og unge (KPBU) si deltaking i systemretta arbeid i 2015; foredrag på foreldremøte, opplæring i psykisk helse (VIP) på vidaregåande skule, medlem i kriseteamet, deltakar i ulike tverrfaglege team, deltaking i oversiktsarbeidet (folkehelse), medlem i arbeidsgruppa «Ferie og Fritid». I tillegg har KP medverka til å etablera kommunepsykolog for vaksne i avdeling ROP, og hatt veiledningsansvar for psykologane i ROP og PPT.

Utvalde KOSTRA-tal

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelse-tjenesten	11,6	11,6	11,2	9,7	10,4	10,3
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,1	13,0	9,6	8,5	9,0	8,9
Brutto driftsutgifter pr. innbygger. Funksjon 232, 233 og 241	3 704	3 990	3 354	2 814	2 895	2 873
Årsverk av ergoterapeuter pr. 10 000 innbyggere (khelse + plo)	2,2	2,8	2,8	3,8	3,5	3,6
Årsverk til rehabilitering pr. 10 000 innbyggere (khelse + plo)	9,5	9,3	12,1	12,0	11,8	11,5
Årsverk av kommunale fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 232, 233, 241 og 253.	6,3	6,1	3,5	3,5	3,4	3,4
Gjennomsnittlig listelengde	899	889	994	1 158	1 108	1 132

5.5.3 Økonomiske rammer

Kommunehelse						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
232 Førebyggjning - skule og helsestasjonsteneste	5 021	5 518	7 200	7 640	77 %	-1 682
233 Anna førebyggjande helsearbeid	2 463	2 019	2 955	3 462	68 %	-936
241 Diagnose, behandling, rehabilitering	13 728	14 878	13 360	12 791	111 %	1 519
Kommunehelse	21 213	22 416	23 515	23 893	95 %	-1 099

232 – Ca. 0,3 mnok mindreforbruk helsestasjon og skulehelseteneste og psykiatri teneste for barn og unge skuldast lågare lønsutgifter, inntekter og refusjon frå andre kommunar (kommunepsykolog). Det er lite mindreforbruk i fysioterapi for barn og unge, men det største avviket er knytt til bygg, som var budsjettert 1,3 mnok høgare enn rekneskapsresultatet.

Det var sett av 0,3 mnok til uforutsett hendingar, som ikkje er brukt på funksjon 233 Miljøretta helsevern. I tillegg er refusjonar og andre inntekter høgare enn budsjettert (0,2). 0,4 mnok i utgifter til Utekontakt vart budsjettert på denne funksjonen, men tenesta/utgiftene er utført på funksjon 242, under sosialteneste.

241 - Ca. 1,5 mnok høgare forbruk enn budsjettert. I budsjettet låg det eit innsparingskrav på 1 mnok som ikkje lot seg gjennomføra. Tvert om vart utgiftene til innføring av Nødnett høgare enn budsjettert, og auke i lønn og kjøp av legetenester og interkommunal legevakt gav ein ytterlegare auke på 0,6 mnok.

5.6 Pleie- og omsorg

5.6.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 234 - Aktivisering eldre og funksjonshemma, 253 – Pleie, omsorg og hjelp i institusjon, 254 – Pleie, omsorg og hjelp i heimen, 255 – Medfinansiering somatiske tenester (gått ut f.o.m. 2015), akutthjelp helse- og omsorgsteneste («ØH-seng», oppstart 2016) og 261 – Institusjonslokale.

Samhandlingsreforma legg føringar for at fleire oppgåver skal flyttast frå sjukehus til kommunen og at kommunen skal leggja til rette for å gje behandling før, i staden for og etter sjukehusbehandling. Kvam har tilpassa seg desse endringane, og Kvam lokalmedisinske senter er eit viktig tiltak i denne utviklinga. Kvam lokalmedisinske senter skal vera eit lokalt helsetilbod der Kvam herad samarbeider med helseføretaket om tenester før eller etter sjukehusinnlegging. Helsetilbodet skal skåna pasientar for lange reiser til behandling, kontrollar og opplæring når dei kan få eit like godt eller betre tilbod i nærmiljøet sitt. Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling skal gje tilbod om døgnopphald for dei som har behov for behandlingsopphald, rehabiliteringsopphald eller utgreiingssopphald i ein kort periode og der sjukehusopphald ikkje er naudsynt. Avdelinga skal gje tilbod om omsorg ved livet slutt for dei som har trong for omsorg og medisinsk oppfølging. Senteret er «ei overbygning» for fleire funksjonar som i dag er samlokalisert på Toloheimen:

- Base for pleie og omsorgstenesta
- Tenestekontor for helse og omsorg
- Kvam rehabiliterings og behandlingsavdeling
- Kvam lokale hjelpemiddellager
- Treningslokale for rehabiliteringspasientar
- Kvam legevakt
- Ambulansestasjon
- Polikliniske tenester frå Helse Bergen

Samlokalisering legg til rette for god samhandling og godt samarbeid på tvers. Ved å samla tilbod og kompetanse på Kvam rehabiliterings og behandlingsavdeling (KRB) vert tilbodet styrkt. Tenesta har fått eit sterkare fagmiljø som styrkjer den medisinske oppfølginga av pasientane.

Avdelinga har 16 pasientsenger og gjev tilbod om utgreiingssopphald, avlastning, rehabilitering, behandling og omsorg ved livets slutt/palliasjon. Skal KRB fungera etter intensjonen, er det avgjerande at pasientar som er ferdigbehandla i avdelinga kan tildelast anna kommunalt tilbod utan ventetid.

Helse Bergen har dialysesatelitt i avdelinga. Tilbodet vert finansiert av Helse Bergen.

Lokalt hjelpemiddellager er lokalisert på Toloheimen og organisatorisk knytt til KRB. Vaktmeister og ergoterapeut arbeider ved lageret og har ansvar for utlån av tekniske hjelpemidlar både for kortvarig og langvarig behov. Vårt lokale hjelpemiddellager har nært samarbeid med Hjelpemiddelsentralen i Hordaland.

Kreftkoordinator er ei prosjektstilling delvis finansiert med midlar frå Kreftforeningen. Stillinga er organisatorisk knytt til avdelinga og har nært samarbeid med alle tenestene i helse og omsorg.

Pr. 31.12.2015 var det om lag 20 årsverk i avdelinga fordelt på 36 personar.

Pleie og omsorgstenesta yt individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling og pleie gjennom heimeteneste- og institusjonsomsorg. Tenesta rettar seg mot personar i alle aldersgrupper. Dei største gruppene er eldre, personar med utviklingshemming og personar med psykiske vanskar

og/eller rusproblem. Dei siste åra har det vore ein auke i brukargruppa under 67 år, og me opplever at denne gruppa ofte har meir samansette behov og er meir ressurskrevjande.

Det er 51 langtids plassar i institusjon, 13 på Strandebarmheimen, 16 på Toloheimen og 22 på Øysteseheimen. Om lag halvparten av plassane er tilrettelagt tilbod for personar med demenssjukdom.

Pleie og omsorg er organisert i 14 arbeidsgrupper fordelt på Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm.

- 5 grupper gir institusjonstilbod og er lokalisert på Strandebarmheimen, Toloheimen og Øysteseheimen
- 5 grupper gir heimetenestetilbod og er lokalisert i Strandebarm, Norheimsund, Øystese og Ålvik
- 4 grupper gir tilbod til personar med utviklingshemming, lokalisert i Norheimsund og Øystese.

Det er 3 nattevaktteam; i Strandebarm, Norheimsund og Øystese/Ålvik. Det er dagsentertilbod for eldre på Strandebarmheimen, Øysteseheimen og i Ålvik omsorgsbustader. Dagsenteret for eldre i Øystese er tilbod for eldre i Norheimsund og Øystese, og er samlokalisert med dagsenter for personar med psykisk utviklingshemming.

Kvam herad har 100 % sjukeheimslege knytt til Toloheimen. Oppgåvene er tredelte; pasientretta, systemretta og retta mot samarbeid med eksterne samarbeidspartar.

Ved Øysteseheimen og Strandebarmheimen er det sjukeheimslegar i deltidstillingar.

Pleie og omsorg har tilbod om matombringing i heimetenesta og har avtale med Hardanger AKS om middagslevering til institusjonane og heimetenesta.

Kvam herad har 49 trygdebustader og 103 omsorgsbustader for utleige. Omsorgsbustadane i Tolo omsorg og på Mikkjelsflaten er heildøgns omsorgstilbod, dvs. at det er personell tilstades heile døgnet.

Det er om lag 190 årsverk i pleie og omsorg. Fordelinga er slik:

- 55 årsverk i institusjonsomsorga
- 115 årsverk i heimetenesteomsorg, av desse er 42 årsverk knytt til omsorg til utviklingshemma
- 8 årsverk til dagsenter
- 13 leiarårsverk

Kvam herad har og eit Stab- og forvaltarkontor i eining for Helse og omsorg som har 5 årsverk i tillegg til leiar. Kontoret har ein koordinerande funksjon for pleie- og omsorgstenester og handsamar søknader om tenester, i tillegg til følgjande oppgåver:

- Sakshandsaming av bustøtte
- Merkantil støttefunksjon for avdelingane utført frå resepsjonen på Toloheimen
- Arkivansvar for pleie og omsorgstenesta og dei kommunale tenestene i Nav
- Koordinatoroppgåver på innkjøp for helse og omsorg
- IT-ansvar i eininga, dvs. systemansvar for elektroniske fagsystem, opplæring knytt til desse, oppgåver knytt til iplos og KOSTRA-rapportering og systemansvar for internt kvalitetssystem.
- Delta i ulike prosjekt, t.d. Velferdsteknologiprojektet

Gjennom opptrappingsplan for psykisk helse i 1998-2008 vart tenester innan rus og psykisk helse styrkt på fleire område. Arbeidsoppgåvene spenner frå opplysningsarbeid, førebyggjande arbeid, tidleg innsats, kartlegging, oppfølging, behandling og rehabilitering av personar med både lettare psykiske vanskar, alvorleg psykisk sjukdom og rusproblematikk. Det er brei kompetanse i personalgruppa, også psykologkompetanse. Kommunen gjev lågterskel- aktivitetstilbod, individuelle støttesamtalar, ulike gruppetilbod og meistringskurs (t.d. meistring i belastningar og depresjon). Tenestene vert i hovudsak ytt av avdeling for Rus og psykisk helse (RoP), som har 7,5 årsverk knytt til avdeling inkludert leiar; psykolog, psykiatriske sjukepleiarar, ruskonsulentar og miljøarbeidarar.

5.6.2 Målsetjingar og resultat

I budsjettet for 2015 var det sett ei rekkje målsetjingar. Desse vart reviderte og utvida i arbeidet med i ny helse- og omsorgsplan 2015-2030.

Hovudmål for helse og omsorg er :

Helse og omsorgstenesta i Kvam skal skapa framtidsretta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod.

Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon

Pleie- og omsorgstenesta har som overordna mål at innbyggjarane skal få hjelp på lågaste effektive omsorgsnivå. Det betyr mellom anna at flest mogleg skal få bu heime lengst mogleg. Heile helse- og omsorgstenesta er organisert for å nå dette målet, og det er viktig at «omsorgstrappa» frå hjelp i heimen til spesialisert sjukeheimstilbod fungerer.

Nytt lovverk og helse og omsorgsplan 2015-30 gir føringar for at tenesta skal ha auka fokus på førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

Grunnfilosofien i tenesta er godt utbygde basistjenester som heimetjeneste, fysioterapi og legetjeneste, der brukarane bur. Institusjonstilbodet rettar seg mot brukarar som har behov for omfattande behandling, pleie og tilsyn heile døgnet. Politisk vedtekne målsetjingar har vore styrande for utvikling og organisering, og hovudmålsetjinga om ei fleksibel og styrka heimetjeneste og eit «spissa» institusjonstilbod er nådd («spissa» institusjonstilbod vil seie at me tek oss av dei mest behandlingsskrevjande på ein stad i kommunen).

Samhandlingsreforma legg føringar for at fleire oppgåver skal flyttast frå sjukehus til kommunen. Kommunen skal leggja til rette for å *gje tilbod før, i staden for og etter* sjukehusbehandling. Det er utarbeidd politisk godkjende tenesteavtalar mellom helseføretak og kommunane på 12 ulike område. Tenesteavtalane må gjerast kjende for alle tilsette og er styrande for korleis kommunane og helseføretaket skal samarbeide.

Arbeid med elektronisk meldingsutveksling mellom helseføretak og kommunen, og mellom helsetenestene i kommunen, må vidareutviklast. Ny teknologi må takast i bruk på fleire område.

Kommunen tek i dag imot sjukare og meir behandlingsskrevjande pasientar enn tidlegare. Pasientane er ofte alvorleg sjuke, har eit komplekst sjukdomsbilete og krev avansert behandling. Tidleg utskriving frå sjukehus fører til at heimetjenesta i større grad får oppgåver som krev at dei tilsette må ha god fagleg kompetanse, og at dei må vera fleksible. Fleire med demenssjukdom har behov for tenester, og fleire med alvorleg sjukdom ønskjer å avslutta livet i eigen heim. Det er lange ventelister

på langtidsplass, omsorgsbustad og trygdebustad. Pr. 31.12.2015 var situasjonen slik: 6 ventar på langtidsplass, 20 ventar på omsorgsbustad og 10 ventar på trygdebustad.

Målet om å ha ei god og forsvarleg heimeteneste er nådd, men det har ført til bruk av ekstra ressursar og hyppig bruk av vikarbyrå. Institusjonstilbodet har vore pressa og det har vore eitt 2-sengsrom i bruk heile 2015. I ein periode vart det kjøpt institusjonsplass i Granvin. Ei langtidsseng på Strandebarmheimen har vore nytta til avlastningsplass grunna stort press på Kvam rehabiliteringsavdeling.

I tråd med nasjonale føringar og mål i helse og omsorgsplanen har pleie og omsorg fokus på tidleg innsats og førebyggjande arbeid gjennom ulike tiltak.

Særskilde tiltak i pleie- og omsorgstenesta i 2015

- Pleie og omsorg deltek i fallførebyggingsprosjekt i regi av Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland. Prosjektet starta i 2015 og vert vidareført i 2016. Prosjektet er organisert som læringsnettverk og er del av nasjonalt pasientsikkerhetsprogram: **I trygge hender 24/7**.
- Pleie og omsorg deltek i internt **Kvardagsrehabiliteringsprosjekt** med oppstart hausten 2015. Kvardagsrehabilitering inneber at brukarane får tilbod om trening i eigen heim for å verta mest mogleg sjølvstendige i eige liv. Prosjektet skal over i ordinær drift våren 2016. Nye metodar som vektlegg å ta i bruk brukarane sine ressursar for å oppretthalda eller auka funksjonsnivået skal implementerast. Kvam herad har i 2015 motteke kr 300`frå innovasjons- og kompetansemidlar hos Fylkesmannen til prosjektet.
- Pleie og omsorg deltek i internt **Velferdsteknologiprojekt** med oppstart hausten 2015. Velferdsteknologi skal leggja til rette for nytenking i pleie og omsorg. Levealderen aukar, og det er ikkje nok personell til å ta seg av alle i framtida. Velferdsteknologi kjenneteiknar ei rekkje installasjonar og løysingar som kan betra brukaren si evne til å klara seg sjølv i eigen bustad. Teknologien vil bidra til auka livskvalitet for brukaren. I tillegg vil det føra til ein tryggare og enklare kvardag for brukar, pårørande og helsepersonell. Kvam herad har i 2015 motteke kr. 350` frå skjønsmidlar hos Fylkesmannen til prosjektet.
I 2015 har pleie og omsorg starta utprøving av e-låssystem. Det er montert e-lås hos aktuelle heimetenestebukarar i Ålvik (vert montert hos aktuelle brukarar i Tørvikbygda våren 2016). Låsen kan opnast ved bruk av mobiltelefon, og vil mellom anna sikra meir effektiv drift ved heimebesøk og vera eit trygt og kvalitativt godt tilbod til brukarane.

I tråd med nasjonal standard må det i 2016 avklarast kva teknologiske løysingar kommunen vil ha og det vert prioritert innkjøp av nytt system for tryggleiksalarmar, ny telefonsentral og nytt ringesystem på Toloheimen, Tolo omsorg, Øysteseheimen og Mikkjelsflaten.

- Heimetenesta innførte i 2014 Mobil pleie, eit effektiviserings- og kvalitetssikringstiltak. Mobil pleie er ein applikasjon til mobiltelefonen som gjer at dei tilsette kan ta med seg deler av pasientjournalen heim til brukar. All informasjon vert kryptert og sendt/ motteke via Norsk helsenett som er ein sikker kommunikasjonskanal. Systemet er vidareført med innkjøp av plan-modul i 2015 som gjer planlegging av arbeidsdagar og arbeidsveker meir effektiv og oversiktleg.
- Pleie og omsorg har starta ulike e-læringskurs for tilsette. Pr. i dag får alle tilbod om e-læringskurs i ernæring og brannvern. Opplæringsmetoden sikrar lik kunnskap til alle og er

effektiv ved at kurs kan gjennomførast når drifta tillèt det. Det vert vurdert å ta i bruk e-læringskurs innan medikamenthandtering.

- Pleie og omsorg arbeider kontinuerleg med rekruttering og har eit spesielt fokus på å oppretta fleire heiltidsstillinga. Kvam herad har i 2015 delteke i utviklingsverkstad i regi av KS med temaet heiltidskultur.
- Pleie og omsorg har godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og Grannehjelpa om ulike miljøtiltak både for institusjonsbebuarar, dei som bur i omsorgsbustad og heimebuande.
- Pleie og omsorg arbeider kontinuerleg med ulike kompetansehevingstiltak. 6 personar starta på desentralisert sjukepleiarutdanning hausten 2015, 2 sjukepleiarar tek vidareutdanning i kreftsjukepleie. Tenesta har 16 lærekontraktar, 5 av dei var nye i 2015.

Tal innleggingar til behandlingsopphald har gått opp og tal innleggingar til rehabiliteringsopphald har gått ned. Totaltalet på innleggingar i Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling (KRB) er uendra. Dette reflekterer truleg ein stabil situasjon, ei likevekt, men mangel på mottaksplassar etter ferdigbehandla i KRB har auka. Ei av hovudoppgåvene KRB har er å tilby rehabilitering til heimebuande eldre, eit førebyggjande tiltak for å halda på funksjonsevna slik at dei kan bu heime lenger. Utviklinga har vore slik at stadig færre heimebuande får tilbod om rehabiliteringsopphald. Avdelinga har prioritert å ta imot ferdigbehandla pasientar frå sjukehus. Tal pasientar i sjukehus som ventar på kommunalt tilbod har også auka.

Særskilde tiltak i Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdelinga i 2015:

- Det har i 2015 vore mange faglege utfordringar og i periodar eit svært stort arbeidspress. Grunna ressurskrevjande brukarar i avdelinga har det vorte nytta ekstramidlar tilsvarende 2,9 årsverk i 2015
- Tal pasientar i sjukehus som ventar på plass i kommunen har auka, Kvam har hatt 455 utskrivingsklare døgn i 2015 (400 i -14 og 103 i -13), pris r. døgn kr. 4387
- Tal pasientar som er ferdigbehandla i avdelinga og som ventar på langtidsplass eller omsorgsbustad har auka, 5-8 pasientar har til ei kvar tid venta på anna tilbod
- Tal heimebuande som ikkje har fått rehabiliteringsopphald eller anna korttidsopphald grunna plassmangel har auka, til ei kvar tid 5-7 søkjarar
- Dialysetilbodet vart auka hausten 2015 frå 2 til 3 maskiner. Dialysebehandling har gitt brukarane eit godt lokalt tilbod og spart dei for mange reisetimar. For dei tilsette har dette vore ei ny, spennande og fagleg utfordrande oppgåve som dei trivst med.
- Kreftkoordinator opplever at stillinga etter kvart er godt innarbeidd i tenesta i Kvam og rapporterer om stor auke i oppdrag både frå sjukehus og frå fastlegane i Kvam.
- Avdelinga har førebudd oppstart av ØH-døgntilbod (oppstart 1.1.2016) og fleire sjukepleiarar har deltek på kurs i regi av Helse Bergen innan ulike tema; lungesjukdom, hjartesyjukdom og palliasjon. Det har også vore gjennomført internundervisning innan ulike fagtema.
- Avdelinga har god rekruttering av sjukepleiarar og andre fagpersonar

Stab- og forvaltarekontoret skal sikra lik og fagleg forsvarleg sakshandsaming av alle søknader, og vera støttefunksjon for eininga på område som IT, innkjøp, arkiv m.m. I 2015 har Stab- og forvaltarekontoret arbeidd med interne prosedyrar og rutinar som skal sikra god praksis ved all sakshandsaming. Det har vore gjennomført ulike kompetansehevingstiltak for tilsette. Kontoret har i

2015 hatt utfordringar knytt til redusert bemanning. Det er no tilsett ny IT- medarbeidar. Kontoret har overteke oppgåver og ansvar knytt til elektronisk meldingsutveksling i helse og omsorg.

Mål for arbeid med rus og psykisk helse er å fremja sjølvstende og livsmestring og at personar med psykiske lidingar og / eller rusproblematikk kan leva eit mest mogleg normalt og sjølvstendig liv. Tal brukarar avdeling for Rus og Psykisk helse har kontakt med, auka i 2015, spesielt gjeld dette tilvisingar til psykolog. Avdelinga har kontakt med fleire pårørande og personar i livskriser og personar med lettare angst og depresjonsproblematikk. Avdelinga opplever å lukkast i tettare oppfølging av personar med rusproblematikk, spesielt knytt til oppfølging i kvardagen for å sikre eit meir sjølvstendig liv, hjelp til å bu og delta i kvardagsaktivitetar. Dei får også god oppfølging som sikrar at dei i større grad nyttar seg av andre offentlege helsetenester dei har behov for.

Særskilde tiltak i avdeling Rus og psykisk helse 2015:

- Kommunepsykolog vart tilsett 01.01.2015. Tilbodet frå psykolog skal vera eit lågterskeltilbod og skal ikkje erstatta psykologhjelp i spesialisthelsetenesta. Kvam herad mottek statleg tilskot til kommunepsykologstillinga. Avdelinga har no brei fagleg kompetanse og det vert arbeidd tverrfagleg.
- Avdelinga har arbeidd systematisk med kompetanseheving og har som mål å vera ei framtidsretta og fagleg forsvarleg teneste.
- Det er fast struktur på internundervisning i interne møte. Det er godt samarbeid med eksterne samarbeidspartar som Vaksenpsykiatrisk poliklinikk og Bjørkeli psykiatriske senter.
- Avdelinga har gjennomført undervisning for anna helsepersonell innan tema utviklingstraumer og konsekvensar for psykisk helse og rusavhengighet i vaksen alder. Avdelinga har og samarbeid med andre kommunar i Hardanger om undervisningstilbod for tilsette i pleie og omsorg.
- Dei 2 ruskonsulentane starta på 2-årig vidareutdanning innan rusomsorg i 2015.
- Ein av miljøarbeidarane på Holmsund har gjennomført kurs som «treningskontakt».
- Avdelinga har gjennomført 2 KIB kurs (kurs i belastning) og aktuelle brukarar.
- Psykologen har gjennomført opplæring og er KID instruktør (kurs i mestring av depresjon)
- Avdelinga har starta prosjekt « Hjelp til jobbmestring», eit samarbeid mellom psykolog, legane, Nav og personalavdelinga i Kvam herad.
- Avdelinga har innført systematisk kartlegging av alkohol/ rusproblematikk hos nye brukarar. Det er etablert system for ulike kartleggingar som gir ein peikepinn om tiltaka er rette og om dei har effekt.
- Leiar i avdelinga har delteke i utarbeiding av RoP-forløp i samarbeid med spesialisthelsetenesta. Målet med RoP-forløp er å sikra betre samhandling og saumlause tenester mellom spesialisthelsetenesta og kommunen.
- Leiar i avdelinga deltek i undervalsmøta for Rus og Psykiatri i regi av Samarbeidsrådet.
- Aktivitetstilbodet på Holmsund er eit lågterskeltilbod til målgruppa. Dei har hatt eit aktivt år med mange ulike aktivitetar, også fokus på fysisk aktivitet.
- Avdelinga har delteke i arbeid med rutinar for gravide rusavhengige.
- Arbeidet med å revidera plan for psykososialt krisearbeid er starta.
- Avdelinga har motteke tilskot på omlag 1,2 mnok frå Fylkesmannen til ruskonsulent/ miljøarbeidarstillingar innan rusomsorga. Arbeidet vert styrt etter mål for tenesta og etter vilkår for det statlege tilskotet.

Utvalde KOSTRA tal

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2 013	2 014	2 014	2 014	2 014	2 014
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	46,6	45,4	42,3	46,2	44,7	45,2
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	48,3	49,2	52,9	47,3	50,1	49,4
Aktivering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	5,2	5,4	4,8	6,5	5,2	5,4
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	436	458	363	325	333	331
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), konsern	193 796	208 655	244 988	261 022	239 788	238 273
Brukerbetaling, praktisk bistand, i prosent av korrigerte brutto driftsutg, konsern	1,2	1,2	1,3	1,4	1,3	1,3
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	12,9	12,2	17,8	20,3	18,4	18,7
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	8,9	9,9	13,0	14,5	13,4	13,7
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern	1 083 064	1 187 865	1 002 737	996 646	1 039 336	1 053 325
Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter, konsern	9,6	10,2	13,1	17,6	13,7	14,6

5.6.3 Økonomiske rammer

Pleie- og omsorgstenesta						
Funksjon og rammer		Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i % Avvik i kr
234	Aktivering eldre og funksjonshemma	7 330	8 334	7 893	7 303	106 % 441
253	Pleie, omsorg, hjelp i institusjon	52 879	53 627	54 377	54 133	99 % -750
254	Pleie, omsorg, hjelp i heimen	62 204	61 752	53 828	63 259	115 % 7 925
255	Medfinansiering somatiske tjenester	9 285	-165	0	0	#DIV/o! -165
256	Akutthjelp helse- og omsorgstenesten	4	23	0	0	#DIV/o! 23
261	Institusjonslokaler	4 683	4 080	2 635	2 624	155 % 1 445
Pleie- og omsorgstenesta		136 386	127 651	118 732	127 318	108 % 8 919

234 – Totalt meirforbruk på funksjon er på ca. 0,4 mnok. Det er motteke 0,5 mnok meir enn budsjettert i tilskotsinntekter til dagsenter demens. 1,7 mnok av tilskota er sett av på fond for øymerka tilskot. 0,8 mnok av lønsutgiftene vart budsjettert på funksjon 234, men vart utført på funksjon 254, pleie og omsorg i heimen. Det er brukt 0,2 mnok meir til støttekontaktar enn budsjettert. Det er motteke 0,1 mnok meir i inntekter frå fritidsaktivitetar.

253 – Pleie og omsorg i institusjon viser eit mindreforbruk på 0,8 mnok, men det er ei rekkje budsjettavvik innanfor funksjonen. Det er brukt 0,5 mnok mindre til lønsutgifter. Det er kjøpt matvarer for 0,8 mnok meir enn budsjettert. 2,5 mnok meir har gått til kjøp av vikarar, 1,2 mnok til KRB og 1,3 til PLO. Det er betalt 1,2 mnok meir i bøter for utskrivingsklare pasientar kommunen ikkje har hatt kapasitet til å ta i mot, totalt 2,3 mnok. Brukarbetalingane vart 1,7 mnok høgare enn budsjettert, og øymerka tilskot frå staten 1,8 mnok og andre refusjonar 1,5 mnok høgare. Avlastning for psykisk utviklingshemma har ein meirkostnad på ca. 0,3 mnok, dette skuldast i hovudsak lønnskostnader pga. fleire brukarar på avlastning enn budsjettert.

254 - Avvik heimetenester generelt, psykisk utviklingshemma og psykiatri er ca. 7,9 mnok.

Det er brukt 6,2 mnok meir i lønsutgifter enn budsjettert. 2 mnok er brukt til auke i faste stillingar og 0,6 mnok meir i helg- og høgtidstillegg. 0,5 mnok i ferievikarar, 0,6 mnok i overtid og 0,4 mnok i lærlinglønningar. 2,5 mnok av meirforbruket gjeld vikar å sjukefråvær og fødselspermisjon. Det er brukt 0,2 mnok mindre i utgifter til anna løn og 0,2 mnok mindre til reinhald.

Utgiftene vart 3,6 mnok høgare. Det er brukt 1,2 mnok meir til mat og drikkevarer og kjøp av vikarar 1,6 mnok meir enn budsjettert. Husleigeutgiftene vart 0,2 mnok høgare og det er brukt 0,4 mnok meir på transportutgifter . Det er kjøpt tenester hjå andre kommunar for 0,3 mnok meir enn budsjettert.

Brukarbetalingane vart 0,3 mnok høgare enn budsjettert og øyremærka tilskot 0,3 mnok lågare. Sjuke- og fødselsrefusjonar vart 1,9 mnok høgare enn budsjettert.

255 – Medfinansiering somatiske tenester opphørde f.o.m. 2014, men den endelege avrekninga kom i 2015 og viser ei netto tilbakebetaling frå staten på 0,2 mnok.

256 – Akutthjelp, og kalla «ØH-seng» startar ikkje opp i Kvam før i 2016, og det er ei lita utgift i 2015.

261 – Det er brukt 1,4 mnok meir i byggutgifter enn budsjettert, 1 mnok meir lønsutgifter til reinhald og FDV, og 0,4 mnok meir i straumutgifter.

5.7 Sosialteneste og NAV

5.7.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 242 – Rådgjeving, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid, 243 – tilbod til personar med rusproblem, 273 – Kommunale sysselsettingstiltak, 275 – Introduksjonsordning, 276 – Kvalifiseringsordning og 281 – Økonomisk sosialhjelp.

Dei fleste av tenestene vert ytt av Nav Kvam. Nav har ein statleg del, med 4 årsverk, som ikkje er ein del av den kommunale rekneskapen. Denne delen av Nav Kvam har ansvar for oppfølging av arbeidssøkjarar, oppfølging av sjukemelde og oppfølging av personar i Arbeidsavklaringsløp. Nav Kvam skal og rettleie personar i andre statlege ytingar t.d. pensjon, uførepensjon, foreldrepengar, bidrag. Nav har ein strategi der målet er at flest mogleg skal kunne søkje, finne informasjon og få hjelp etter sine behov på Nav.no eller eit nasjonalt telefonnummer: 55 55 33 33

Sosialtenesta har ansvar for sakshandsaming etter Lov om sosiale tenester i NAV. Dette inneber økonomisk rådgjeving og økonomisk stønad (sosialhjelp). Tenesta er ansvarleg for å i verksetje og følgje opp personar i kommunalt kvalifiseringsprogram (KVP). Dette skal vera eit arbeidsretta tiltak som skal føra fram til utdanning eller ordinært arbeid. Tenesta har ansvar for å skaffa butilbod til bustadlause. Tenesta utfører mange individuelle samtalar og gjennomfører lange oppfølgingsløp med enkeltpersonar. Tenesta har tilbod om gjeldsrådgjeving til innbyggjarane i Kvam.

Kvam herad har politisk vedtak om aktivitetsplikt for sosialhjelp. Nav Kvam har tilbod om ulike arbeidsretta tiltak og har som mål at ingen er passive sosialhjelpsmottakarar. Personar med medisinske grunnar kan få fritak frå aktivitetsplikta.

Flyktningtenesta har ansvar for å busetje flyktningar som kjem til Kvam. Heradstyre fattar vedtak om kor mange kommunen skal ta imot kvart år. Nav har ansvar for oppfølging av flyktningane i ein periode på 5 år frå busetjingsdato. Busetjing inneber å ha tett samarbeid med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) om kven som skal busetjast i Kvam og i praksis ta imot og busetje dei med hus, innbu m.m.

Tenesta har ansvar for koordinering, oppfølging og integrering av flyktningar i Kvam herad. Tenesta skal sikra at Kvam herad oppfyller alle lovkrava i Introduksjonslova. Tenesta fattar vedtak etter Lov om introduksjonsordning. Det er særskild viktig at tenesta har eit godt kvalitativt fulltidsprogram for alle flyktningar som har rett til introduksjonsprogram. Dersom flyktningtenesta skal lukkast er det viktig med godt samarbeid med andre einingar i kommunen, t.d. eining for oppvekst, teknisk eining og kommunale helsetenester.

Utekontakten er eit tilbod til ungdom mellom 13-23 år som bur i Kvam herad. Tenesta ynskjer å vera tilstades der ungdom er og vera med på å byggja opp eit godt oppvekstmiljø for barn og unge saman med dei andre hjelpetenester til barn og unge i heradet. Utekontakten held til på Ungdomsbasen som ligg i kjellaren på kinoen/Ungdomshallen, og er ein del av funksjon 242.

Utekontakten driv oppsøkjande sosialt arbeid på ungdomen sine arenaer (skule, fritidsarena, ulike arrangement osv.) og målet er å følgja opp og gje hjelp og støtte til ungdom som treng det. Utekontakten er eit lågterskeltilbod i det førebyggjande arbeidet retta mot ungdom og ved behov formidlar utekontakten kontakt med andre hjelpetenester.

Avdeling for alkohol og servering tek seg av kommunal sakshandsaming av saker gjeldande serveringsløyve og sals- og skjenkeløyve, samt sals- og skjenkekontroll for nabokommunane. Tenestene vert ytt som del av funksjon 242 – Rådgjeving, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid. Det er 4 tilsette i eininga. Elleve kommunar har vore med i interkommunal sals - og skjenkekontroll som vert administrert av Kvam. Det er Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Voss, Granvin, Ulvik, Fusa, Samnanger og Vaksdal i tillegg til Kvam. I arbeidet inngår: Kontroll av ordinære sals - og skjenkeløyve, ambulerande løyve/einskildløyve og salsstader.

5.7.2 Målsetjingar og resultat

Sosialtenesta skal gjennomføra aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar, med mål om utdanning, arbeid eller overføring til varig yting. Tenesta har mål om at færre personar i Kvam som mottok sosialhjelp. I 2015 var det 202 (206 i 2014) personar som mottok sosialhjelp frå sosialtenesta og 11 personar deltok i kommunalt kvalifiseringsprogram (12 i 2014).

Nav Kvam starta prosjektet Ressurs i 2015 som svar på krav om aktivitetsplikt for sosialhjelp. Målgruppa er personar som mottok sosialhjelp som hovudinntekt. Tiltaket skal vera arbeidsretta kombinert med helsefremjande aktivitet og jobbsøking. Målet er at det skal vera flyt og progresjon i oppfylginga. For deltakarane skal tiltaket vera mellombels og hovudmålet er ordinært. Det er tilsett arbeidsretteiar som har ansvar for tiltaket.

Arbeidsretteiar har gjennom god dialog med FDV i Kvam herad ulike aktivitetstilbod knytt til kommunale bygg å tilby deltakarane i programmet (på Soltorp, Gartveit, Kvam kino, Kvam ungdomskule, kommunale bygg på Bjørketeigen) Det har vore gjennomført malingsarbeid, vask og reingjering, reinsking av takrenner, rydding av pas m.m. Arbeidsretteiar er også i dialog med lokalt næringsliv for å få eit større mangfald av arbeids/ aktivitetar inn i prosjektet.

Prosjektet Ressurs ynskjer lokale som mellom annan kan nyttast til gruppesamlingar med fokus t.d. jobbsøking. Det har ikkje lukkast å få eigna lokale i 2015.

Prosjektet henta ut tal pr.30.10.15. Då var resultatet slik:

Har fått jobb:	11
Er i arbeidspraksis:	3
Kvalifiseringsprogram:	3
Starta ved Hardanger AKS	3
Søkt inn og ventar plass ved Hardanger AKS:	1
AMO kurs:	1
Flytta:	3
Overført til oppfylgjing rus/psykiatri:	1
Søkt uførestønad:	1
Aktivitetskrav:	4
Dagpengar ,krav om jobbsøking	4
Aktiviteskrav ved arbeidsretteiar:	4
AAP oppfølging av aktivitetsplan	2

Slik tenesta vurderer tiltaket , med tydelig satsing på aktivitetskravet og med fokus på kvalitet i og tett oppfølging av enkelt personar over tid, har ført til nedgang i sosialhjelpsutbetalingar.

Sosialtenesta skal nytta statleg integreringstilskot for å kunne gjera flyktningar sjølvhjelpne på kortast mogleg tid og sikra god integrering. Kvam hadde vedtak om å auka busetjing frå 15 til 25 personar i 2015. Flyktingtenesta har i 2015 busett 32 flyktningar, 7 fleire enn vedtak i heradstyret. Det betyr at dei har busett 7 av 2016-kvoten. Tenesta ser ein stor auke i utbetaling av sosialhjelp knytt til målgruppa flyktningar. Tilskot frå staten har auka tilsvarande.

Flyktingtenesta har i 2015 arbeidd systematisk og godt for å betra innhaldet i introduksjonsprogrammet, mellom anna tilbod i tråd med lov og regelverk 5 dagar i veka. Tenesta har gode resultat å visa til, om lag 50% av dei som avslutta introduksjonsprogram i 2015 hadde overgang til utdanning eller arbeid. Flyktingtenesta forventar betre resultat i 2016.

Utekontakt og LOS-tiltak har hatt følgjande mål i 2015: *I samband med KFL sitt arbeid med å utvikla tenestetilbodet til ungdom må LOS tiltaket og tiltak som i dag utekontakten har ansvar for inngå som ein del av den totale tiltakspakken til ungdom.*

Utekontakten har i 2015 hatt redusert kapasitet og aktivitetsnivået har såleis vore lågare enn tidlegare år. Utekontakten har prioritert å vera tilgjengeleg for ungdomane på deira arena, halda ungdomsbasen open og tenesta har deltek i ungdomsteam og arbeid med ein plan for førebyggjande ungdomsarbeid. Det er mange tilvisingar frå samarbeidspartar, frivillige lag og organisasjonar, foreldre og ungdom som ynskjer at utekontakten skal delta på ulike arenaer og ha ei rolle inn i mange settingar. Når kapasiteten har vore redusert i 2015 blir det også mindre høve til å sei ja til slike førespurnader.

Utekontakten og PPT har jobba med å etablera LOS ordning i Kvam herad og sikra at tenestetilbodet til den gruppa av ungdom som står i fare for å falla ut av grunnskulen og vidaregåande skule vert samordna og heilskapleg. På grunn av sjukemeldingar har dette tiltaket ikkje blitt utvikla i tråd med planane for 2015. Pengane som kommunen har fått tildelt frå BUF-etat blir søkt om å få overført til 2016 slik at arbeidet med å etablera LOS ordninga i Kvam herad kan starta opp att i 2016.

I 2015 har det vore utført 648 kontrollar av sals- og skjenkestader, noko som utgjer ein kontrollprosent på 102,71%. I tillegg er det avhalde kurs i alkoholova i Voss, Kvam og Odda. Det er gjennomført kunnskapsprøvar for tilsette ved sals- og skjenkestader i kommunane. I Kvam og Fusa har eininga og helde/delteke på kurs med godkjenning av vakter for tilskipingar på forsamlingshus.

I mai vart det arrangert alkoholfagleg samarbeidskonferanse for det faglege nettverket som Kvam er ein del av, saman med ein del av dei største byane i Norge.

5.7.3 Økonomiske rammer

Sosialteneste og NAV						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
242 Rådgjeving, rettleiing og sosialt føreb. arbeid	5 946	5 521	5 734	5 942	96 %	-212
243 Tilbod til personar med rusproblem	696	272	596	589	46 %	-323
273 Kommunale syssesetjingstiltak	3 639	3 694	3 892	3 890	95 %	-198
275 Introduksjonsordning	4 588	4 918	5 396	5 392	91 %	-479
276 Kvalifiseringsordning	1 409	1 429	2 115	2 115	68 %	-686
281 Økonomisk sosialhjelp	9 555	10 211	8 635	8 635	118 %	1 576
Sosialteneste og NAV	25 834	26 045	26 367	26 564	99 %	-322

242 – Det er brukt 0,2 mnok mindre enn budsjettet. Om lag 0,5 mnok skuldast vakante stillingar i byrjinga av året. Utekontakt og Los viser vart flytta frå teneste 233 til 242, men budsjettet ligg igjen på teneste 233, og det er difor eit meirforbruk på ca. 0,4 mnok.

243 – Det er brukt 0,3 mnok mindre, då teneste som vart utført, kom under funksjon 254 – Pleie og omsorg i heimen.

273 - 0,2 mnok i innsparing kjøp av plasser arbeidsretta tiltak.

275 og 276 – Totalt minusavvik på 1,1 mnok. Intro- og kvalifiseringsstønad har mindreforbruk pga. flyktningane ikkje er komen inn i program i 2015, og gått direkte på økonomisk sosialhjelp. NAV ynskjer å tilby eit fullverdi introduksjons- og kvalifiseringsprogram for flyktningar. Det betyr at flyktningar som kom i slutten av året ikkje er komen inn på program før 2016.

281 – meirforbruk 1,5 mnok. Kan sjåast i samanheng med innsparing introduksjons- og kvalifiseringsstønad. Motteke og busett fleire flyktningar 2015. Flyktningar som kom i haust har hatt økonomisk sosialhjelp hjelp istadenfor å vera i program.

5.8 Barnevern

5.8.1 Om tenestene

Tenesta skal følgja nøye med på korleis barn og unge har det i kommunen, samt skal setja i verk tiltak som kan avdekka omsorgssvikt, åtferds-, sosiale og emosjonelle problem så tidleg at varige problem ikkje oppstår. Barnevernstenesta har ansvar for å sjå til at barn sine interesse vert ivaretekne av andre offentlege organ.

Barnevernstenesta har ansvar for å sikre at barn og unge som lever under skadelege forhold får naudsynt hjelp til rett tid. Tenesta har eit spesielt ansvar for å setja i verk tiltak og oppfølging der omsorga er tatt frå foreldra eller der dei, av andre grunnar, står utan omsorg. Barnevernstenesta skal heile tida vurdere kva som er til beste for barnet og leggja vekt på å gje barnet stabil og god vaksenkontakt og kontinuitet i den omsorga barnet får.

Barnevernet er fyrst og fremst ei hjelpeteneste. Kva som er barnet sitt beste er det grunnleggjande omsynet barnevernet jobbar etter og det er avgjerande i val av hjelpetiltak. Tilsette i barnevernet har både opplysningsplikt og vegleiingsplikt overfor foreldre.

Over 80% av all hjelp barnevernet gjev skjer i form av frivillige tiltak i heimen. Barnevernet skal fyrst og fremst gje hjelp og støtte slik at foreldra sjølv skal makta å ivareta omsorgsansvaret for eigne barn.

Kvam familiesenter yter heimebaserte tenester til familiar som mottar hjelp frå barnevernet. Familieveileadarane skal gje hjelp til foreldre og omsorgspersonar som av ulike årsaker har behov for hjelp og støtte i omsorgsoppgåva. Målet er å styrka foreldrekompentansen, og nytta dei ressursane som finst i nettverket til barnet og familien. Senteret jobbar med mange ulike tema i familiane og dette krev ulike metodisk tilnærming. Aktuelle tema som familiesenteret kan jobba med er kommunikasjonsvanskar, åtferdsutfordringar, foreldra si psykiske og fysiske helse, relasjonsskade, vald/traume eller ofte ein kombinasjon av fleire tema. Arbeidet skjer i hovudsak heime hjå familiane når det høver for familiane, og dei tilsette har derfor fleksibel arbeidstid for å imøtekoma familiane sine behov. Det er 2,8 årsverk ved familiesenteret. I 2015 har 1 årsverk stått vakant heile året.

5.8.2 Målsetjingar og resultat

Barneverntenesta har i 2015 hatt utfordringar knytt til bemanning. Våren 2015 vart det ledig eit vikariat som sakshandsamar, men tenesta fekk ikkje kvalifiserte søkjarar, det vart difor kjøpt inn konsulenttenester. Barnevernstenesta har hatt fleire sjukemeldingar i løpet av året og mellom anna har det vore vikar for barnevernsleiar sidan mars 2015. Dette har prega drifta av barneverntenesta. Oppfølging av plasserte barn og sikra forsvarleg dagleg drift har vore prioritert høgast.

Dei tilsette har stått på for barna og familiane og dei har strekt seg langt i 2015. Kapasiteten på familiesenteret har vore redusert noko som har medført at familiane har måtta venta lengre på hjelp. I ein del saker har det vore kjøpt inn ekstern bistand for å imøtekoma behovet til familiane. Utviklingsarbeid både internt i tenesta og eksternt ilag med andre har vore nedprioritert, men barnevernet har så langt som mogleg delteke i KFL sitt utviklingsarbeid.

I barneverntenesta er det 5,6 saksbehandlarstillingar og 1 leiarstilling.

Tall nye saker per år til barneverntenesta har vore jamt dei siste åra og det same har tal barn under omsorg vore.

- 2012: 64 meldingar, omsorg for 19 barn
- 2013: 63 meldingar, omsorg for 20 barn
- 2014: 51 meldingar, omsorg for 17 barn
- 2015: 66 meldingar , omsorg for 21 barn

Internt utviklingsarbeid:

- *Barnevernet må jobba vidare med å oppnå meir effektiv drift*
- *Vurdera ressursbruk inn mot målgruppa.*
- *Det er eit mål at eit fleirtal av hjelpetiltaka er endringstiltak framfor kompenserande og økonomiske tiltak. Det er presisert i lovteksten at hjelpetiltak skal ha som formål å bidra til positiv endring hos barnet og familien.*
- *Gjennomgang av evalueringsverktøy.*
- *Barneverntenesta skal ha system og rutinar som sikrar at sakshandsaming og oppfølging av lovpålagte tenester blir utført i tråd med lovverk .*

Internt utviklingsarbeid jf. måla i budsjett 2015 har vore nedprioritert då hovudfokuset har vore på dagleg drift. Det betyr ikkje at tenesta ikkje har jobb mot måla, men i ein kvardag der det i periodar har vore ledige stillingar og med redusert leiingsressurs har det ikkje vore rom for å jobba systematisk med utviklingsarbeidet på alle områder.

Plasserte barn og fosterheimsarbeid har vore eit prioritert arbeidsområde. I løpet av året er det arrangert 3 samlingar for fosterforeldre. Ei samling på Kvamsøy der fosterbarna var med og 2 samlingar med fagleg innhald for fosterforeldre. Barnevernet har ei plikt til å fylja opp fosterheimane og det er viktig at fosterforeldra ikkje opplev at dei står aleine om omsorgsoppgåva for fosterbarnet.

Utviklingsarbeid i samarbeid med KFL

Eining for oppvekst er i gang med å etablere Kvam familie- og læringssenter (KFL). Intensjonen med å etablere Kvam familie og læringssenter er å bidra til betre tverrfagleg samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen, samt styrkje kunnskap og kompetanse som kan bidra til tidleg intervensjon og godt tverrfagleg tilbod.

I 2015 har det vore prosjektleiar i 40 % stilling for å leia prosjektet og bidra til planlegging og gjennomføring av målsetjingar i KFL. I tillegg er det tilsett ein person i 20 % som er ansvarleg for å leggja fram plan for introduksjon av fleirspråklege born/unge, i samarbeid med rektorar/styrar og tilsette i KFL. Fagpersonar på alle avdelingar er i tillegg involvert i ulike nye tiltak som: familieteam, ungdomsteam, plan for førebyggjande ungdomsarbeid og tverrfaglege team kring introduksjon av fleirspråklege born.

Utviklingsarbeidet hadde følgjande mål i 2015:

- *Styrka det tverrfaglege samarbeidet gjennom KFL. Intensjonen med å etablere Kvam familie og læringssenter er å bidra til betre samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen samt styrkje kunnskap og kompetanse som kan bidra til tidleg intervensjon og godt tverrfagleg tilbod.»*

- *Fokus på førebyggjande arbeid.*
- *Kjennskap til ansvarsområda til alle fagområda i KFL og deira lovverk.*
- *Kunnskap om definisjonar på tverrfagleg tilnærming og førebygging*
- *Haldningsarbeid: eigenutvikling med fokus på tverrfaglig samarbeid.*
- *Delta i tverrfagleg kompetanseheving jf. KFL sin kompetanseplan*

Barnevernstenesta har så langt det har vore ressursar til det, delteke i utviklingsarbeidet i KFL. Barnevernet har delteke på speed date, fagsamling og informasjonsmøte i KFL, samt hatt representantar ulike tverrfaglege fora: Det er gjennomført samarbeidsmøte med helsestasjon/skulehelseteneste og PPT, barnevernet v/utekontakten har delteke i ungdomsteam og arbeid med førebyggjande ungdomsarbeid. Sakshandsamar og familieterapeut i barnevernet har delteke i familieteam.

Kompetanseheving i regi av KFL haust 2015:

- Kurs i livreddande førstehjelp for alle i KFL
- Kurs i fleirkulturell forståing for alle tilsette i Kvam Herad som møte born, unge og vaksne fleirspråklege.
- Seminar om tverrfagleg samarbeid på systemplan
- BTI/Betre Tverrfagleg Innsats, system/rutinar for tidleg oppdaging og hjelp i barnehage

I samband med utviklinga av KFL er det i gang eit arbeid med å utvida familiesenteret sitt arbeidsområde og målgruppe både på individ og systemplan slik at fleire familiar skal få hjelp tidlegare, som eit lågterskeltilbod.

Kompetanseheving

- *Kompetanseheving i barneverntenesta må skje i tråd med kompetansehevingsplanen og i samsvar med dei føringane som Fylkesmannen har gjeve for bruk av tildelte kompetansehevings midlar.*
- *Kunnskap til å identifisera friskfaktorar/risikofaktorar og tidleg skeivutvikling.*

Ein tilsett i barneverntenesta og ein tilsett på PPT tar vidareutdanning i familieterapi. Dei er ferdig utdanna familiterapeutar våren 2016. Tilsette har i tillegg delteke på interne kurs i regi av avdeling rus og psykisk helse. KFL og tilsette har delteke på eksterne kurs mellom anna ein konferanse der det vart presenterte forskingsbasert kunnskap om kva hjelpetiltak som har effekt.

Samarbeid med andre kommunar

- *Kvam herad vil vera opne for at samarbeid med andre kommunar kan vera nyttig både på barnevernsfeltet og inn mot førebyggjande arbeid blant barn-unge og deira familiar.*

Samnanger tok kontakt med Kvam herad hausten 2014 og bad om tilbod på kjøp av barneverntenester. Kvam herad stilte seg positive til dette. I 2015 vedtok kommunestyret i Samnanger at dei ynskjer å venda seg «andre vegen» mot Bergensområdet og har valt å kjøpa barneverntenesta frå Bergen kommune.

Utvalde KOSTRA-tal

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	8 707	9 744	8 076	7 747	7 986	8 021
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4,9	4,0	:	:	4,8	4,8
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak	120 435	175 135	:	:	141 657	139 496
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	79	83,0	75,0	75,0	78,0	79,0
Andel barn med tiltak per 31.12. med utarbeidet plan	55	71,0	:	:	82,0	83,0
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	4,1	4,6	4,1	4,0	4,1	4,2
Andel meldinger som går til undersøkelse	80	79,6	:	:	79,4	79,2
Andel undersøkelser som førte til tiltak	72,9	40,0	:	:	44,3	43,7

Kvam har færre barn med barnevernstiltak enn landsgjennomsnittet, men høgare utgifter pr. barn. Det kan vera fleire forklaringar til dette. Barnevernet i Kvam gjev kanskje meir hjelp kontra samanliknbare kommunar og derav høgare utgifter, ei anna forklaring kan vera at barnevernet kjem for seint inn i sakene og derav må ein setja inn meir omfattande hjelp som er kostnadsnevjande. Det at Kvam herad har eigne tiltaksstillingar (familieveileadarar) viser også igjen på KOSTRA-tala.

Det har vore ei stor auke i utgifter frå 2013-2014. Det kan skuldast naturleg variasjon ved at det i 2014 kom saker som var ekstra krevjande eller det kan henga saman med at barnevernet har avslutta enkle saker der det har vore lite hjelp inne slik at det blir færre barn att i barnevernet å fordela utgiftene på. Den siste forklaringa blir styrka når ein ser på nedgang i tal undersøkingar som fører til tiltak. Nedgangen i tal på undersøkingar som fører til tiltak viser at det er høgare terskel for å få hjelp frå barnevernet. Dette er i tråd med forskning som tilrår at barnevernet skal spesialisera seg på å gje hjelp til dei mest utsette barna og enklare saker skal handterast av andre deler av hjelpeapparatet.

5.8.3 Økonomiske rammer

Barnevern						
Funksjon og rammer		Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i % Avvik i kr
244	Barnevernteneste	3 786	4 925	5 846	6 055	84 % -922
251	Barneverntiltak i familien	2 675	2 159	2 964	2 957	73 % -805
252	Barneverntiltak utanfor familien	8 711	9 052	7 790	7 937	116 % 1 261
Barnevern		15 172	16 135	16 600	16 949	97 % -465

Funksjon 244 har eit mindreforbruk enn budsjetttert med 0,9mnok og er forklart i reduserte lønnsutgifter for vakante stillingar.

Funksjon 251 har eit mindreforbruk enn budsjetttert med 0,8mnok. Løn har eit mindreforbruk på 0,4 mnok då arbeidet vart utført på funksjon 252 i staden for. Utgifter til kjøp av tenester frå staten vart 0,4 mnok lågare enn budsjett.

Funksjon 252 har eit meirforbruk enn budsjetttert med 1,3 mnok. Overføringar til andre kommunar auka med 0,2 mnok og hjelpetiltak auka med 0,6 mnok. 0,4 mnok av avviket er budsjetttert på funksjon 251. Kjøp av tenester frå staten auka med 0,9 mnok. På den andre sida vart fosterheimsgodtgjersle 0,8 mnok lågare enn budsjetttert.

5.9 Bustader

5.9.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 265 – Kommunalt disponerte bustader, 283 – Bistand til etablering og oppretthalding av eigen bustad, og 315 – Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak.

I funksjon 265 ligg utleige av alle kommunale eigedomar som trygdebustadar, omsorgsbustadar og andre kommunale bustader. Framleigeavtalar er no i stor grad avvikla, men me har nokre få avtalar igjen. Bustadar som kommunen sjølv eig er i stor grad utleid til bustadtrenande med spesielle behov eller flyktningar.

Kommune vidareformidlar Husbanklån (funksjon 283) og Husbanken sine tilskotsordningar.

Funksjon 315 gjeld ei kommunegeologstilling i Kvam, som er delfinansiert med vidaresal til andre kommunar. I tillegg er det utført arbeid med overvatn i byggjefelt.

5.9.2 Målsetjingar og resultat

I budsjettet for 2015 vart følgjande mål sett opp:

Ferdigstilling bustadplan

Oppfølging av menneske med låg buevne.

Avvikla framleigeavtalar.

Investering i 2 robuste modulbygg

Arbeidet med ny bustadplan starta opp i 2013, men på grunn av låg bemanning og mykje planarbeid, er planarbeidet sterkt forsinka. Noko av planarbeidet er imidlertid gjort som del av bl.a. Helse- og omsorgsplan.

Ved utgangen av 2015 disponerte Kvam herad 238 bueiningar. Av desse eig kommunen 193, fordelt på:

- 168 trygde- og omsorgsbustader
- 25 utleigebustader

Omsorgsbustadar og trygdebustadar er lokalisert i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm. Kommunen har avvikla mange framleigeavtalar, men hadde att 5 bueiningar ved årsskiftet (15 i 2014). I tillegg disponerer kommunen 24 privateigde bueiningar.

Kvam herad har ei utfordring med å skaffa gode og rimelege bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden, eller bustader til dei med nedsett funksjonsevne. Alle bustadane er utleidde stort sett heile året, og det er til tider ventetid på å få tildelt bustad. Kommunen har særskilte utfordringar med å få busett flyktningar, blant anna på grunn av at familieinnvandring for store familiar krev bustader som er vanskeleg å oppdriva i Kvam. I tillegg har kommunen hatt store vanskar for å skaffa eigna bustadar til bustadtrenande innan rus/psykiatri, der det er behov for fleire forsterka bustadar som ligg sentralt, men skjerma. Det har ikkje lukkast å få på plass grunn til 2 robuste modulbygg. Tiltaket ligg som eit eige investeringsprosjekt.

Kvam herad held på å avvikla framleigeavtalar med private huseigarar. Avtalane krev mykje oppfølging av Kvam herad, og kommunen vil heller prioritera å auka buevna til leigetakarane. Dei attverande framleigeavtalane vert avvikla etter kvart som leigetakarar flyttar ut, og vert ikkje prioritert avslutta før dette skjer.

Det er arbeid med å etablere ein «bustadskule» for å auka leigetakarane si uevne.

Kvam er vertskommune for interkommunalt skredsamarbeid mellom 8 kommunar. Samarbeidet pågår i sitt tredje av tre avtalte år. I Kvam har kommunegeologen jobba mykje med radonmålingar i tillegg til rådgjeving i plan og byggjesaker, uromeldingar, skredhendingar, m.m. Arbeidet har vore fokusert rundt oppfølging av bestillingar frå samarbeidande kommunar, nettverksarbeid, opplæring, m.m.

I 2015 vart det utbetalt kr 10,7 millionar i startlån til 14 ulike låntakarar. Utlånssummen var i 2014 kr 10,7 millionar til 15 lån.

Saldo Startlån frå Husbanken som ikkje er lånt vidare er per 31.12.2015 på 15,8 mnok.

Kommunen fekk tildelt 22,5 mnok som vart utbetalt i 2015, der 5 mnok var tildelt frå rammene for 2014.

5.9.3 Økonomiske rammer

Bustader						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
265 Kommunalt disponerte bustader	-7 608	-8 912	-7 113	-7 106	125 %	-1 799
283 Bistand til etabl. og oppretth. av eigen bustad	478	664	801	801	83 %	-137
315 Bustadbyggjing og fysiske bumiljøtiltak	225	743	99	75	752 %	644
Bustader	-6 905	-7 506	-6 213	-6 229	121 %	-1 292

For kommunalt disponerte bustader, funksjon 265, skuldast mindreforbruket avvik i fordeling av lønskostnader knytt til reinhald, drift og vedlikehald (FDV) av omsorgsbustader, totalt 0,5 mnok. Det er brukt 0,4 mnok meir i straum, 0,4 mnok meir i husleigeutgifter og underskotsgarantidekning på 0,4 mnok. Husleigeinntektene vart 2 mnok høgare enn budsjetttert, og andre sals- og refusjonsinntekter auka med 0,5 mnok. 0,9 mnok av desse var budsjetttert på funksjon 320.

Funksjon 283; rentekostnadane på startlån var 0,2 mnok høgare enn budsjetttert, medan renteinntektene vart 0,3 mnok meir enn budsjetttert. Totalt mindreforbruk på 0,1 mnok.

I 2015 er det utført eit arbeid med overvassleidning i byggjefeltet Tangeråsli på 0,4 mnok som ikkje var budsjetttert. I tillegg er kommunegeologen nytta til å kartleggja fleire bustadområde i heradet, noko som gjev eit meirforbruk på 0,3 mnok (mindre refusjon frå andre kommunar).

5.10 Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø

5.10.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 301 – Plansaksbehandling, 302 – Byggjesaksbehandling og eigarseksjonering, og 303 – Kart og oppmåling.

Del av 301, private reguleringsplanar og funksjon 302 og 303, kjem inn under sjølvkostfinansierte tenester, og kan dekkjast inn med 100% gebyrinntekter. Kvam herad subsidierer framleis desse tenestene frå den ordinære drifta, men har som mål å gjera dei sjølvfinansierte som eit av innsparingstiltaka.

5.10.2 Målsetjingar og resultat

Mål for planarbeidet vart i budsjettet sett til:

Få på plass kommune- og kommunedelplanar i samsvar med kommuneplanen sin visjon og hovudmål.

Få på plass offentlege og private reguleringsplanar med høg kvalitet som fremmar vekst og utvikling basert på berrekraftige prinsipp.

Fjoråret var eit godt planår, Kvam herad fekk på plass både «Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2030», «Kommunedelplan for næring og kompetanse», «Kommunedelplan for helse og omsorg 2015 – 2030» og «Strategiplan for integrering 2015 – 2019». Planarbeid som skal vera med og løfta oss fram i mot visjonen om å; «Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid –create a remarkable future» og som skal få oss til å tru på prognosane for framtida.

I arbeidet med å førebyggja og leggja til rette for eit tryggare lokalsamfunn, vart det i 2015 vedtatt ein eigen «Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Kvam herad 2015- 2019». I innleiinga til arbeidet er det lagt til grunn at; «*Me kan likevel ikkje fjerna all risiko. Det viktige er at me klarar å identifisera risiko og ha eit medvete forhold til korleis me best mogeleg kan førebyggja, og i verste fall handtera, risikohendingar på ein best mogleg måte dersom dei skjer.*»

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er også komme godt i gang og skal ut på høyring i 2016.

I KOSTRA-tala i frå 2014, så var alder på kommuneplanen i gruppe 11 gjennomsnittleg 7 år. Kvam herad sin plan er no 10 år. Gjennomsnittleg alder i gruppe 11 på samfunnsdelen var 11 år i 2014. Kvam herad sin samfunnsplan var i frå 2003. I 2014 vart det i gruppe 11 fremma i snitt 5 private reguleringsplanar, for Kvam herad var resultatet 10 planar.

Resultat - Offentlege planar

- Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedtatt den 06.10.2015. Hovudmål;
«Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen.»
 - Kommuneplanen sin arealdel er under arbeid, med målsetjing om offentlig ettersyn i 2016. Forseinkinga i høve til planlagt framdrift kan også sjåast i

samanheng med at Kvam herad ikkje har eigen kommuneplanleggjar. I 2015 vart det mellom anna trekt inn ein halv planstilling.

- Kommunedelplan for næring og kompetanse vart vedtatt 24.03.2015. Hovudmål:
«Vekst og opplevingar gjennom samskaping mellom menneske, lag og organisasjonar, bedrifter, bransjar, bygder, kommune og regionar.»
Målsetjinga er å skaffa fleire lokale arbeidsplassar. Noko som trengst skal me halda på folketalet i kommunen
- Kommunedelplan for helse og omsorg vart vedtatt den 05.10.2015. Hovudmål:
«Helse og omsorgstenesta i Kvam herad skal skapa framtidsretta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod.
Helse og omsorgstenesta i Kvam skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon.»
- «Strategiplan for integrering 2015 -2019» vart vedtatt den 10.11.2015. Hovudmål:
«Alle innbyggjarar i Kvam skal vera ein del av lokalsamfunnet ved å delta og bidra i fellesskapet.»

Kommunedelplanar – starta opp i 2015

Kulturminneplan for Kvam herad. Vedtak av planprogram.

Kommunedelplan for vassforsyning. Vedtak av planprogram.

Kommunedelplan for avlaup. Vedtak av planprogram.

Ikkje starta opp i 2015

- Kommunedelplan for idrett og friluftsliv.

Endeleg vedtak av reguleringsplanar i 2015

- **Reguleringsplan for gang/sykkelveg Ungdomsheimen til NAF –Kvamskogen**
Reguleringsplan for gang- og sykkelveg på strekkja Ungdomsheimen –NAF vart starta opp den 25.01.2012 og vedtatt den 17.02.2015. Planen er ein del av Kvammapakken.
- **Reguleringsplan for gnr 11, bnr 367 m. fl. - barnehage i Norheimsund**
Arbeidet med regulering av ny barnehage starta opp våren 2014 og vart vedtatt den 17.02.2015. Reguleringsplanen gjeld området ved kyrkja og idrettsplassen i Norheimsund. Planen tek for seg ny barnehage og viktig infrastruktur inn til barnehagen.
- **Reguleringsplan for gnr 43, bnr 159 m. fl.- barnehage i Øystese**
Arbeidet med regulering av ny barnehage starta opp våren 2014 og vart vedtatt den 17.02.2015. Reguleringsplanen gjeld området ved Sjydnahaugen barnehage. Planen tek for seg ny barnehage og viktig infrastruktur inn til barnehagen.

- **Reguleringsplan for gnr 121, bnr 135 m. fl. - barnehage i Strandebarm**

Arbeidet med regulering av ny barnehage starta opp våren 2014 og vart vedtatt den 17.02.2015. Reguleringsplanen gjeld området ved eksisterande barnehage i Strandebarm. Planen tek for seg ny barnehage og viktig infrastruktur inn til barnehagen.

Offentlege reguleringsplanar under arbeid i 2015

- **Reguleringsplan for Rv-7 Øystese –Laupsa/Skarpasvingen del 2**

Planen tek for seg vegutbetring og gang- og sykkelveg frå Øystese til Laupsa, i tillegg til utbygging av 84 husvære på Stronde. Delar av planen vart vedtatt i oktober 2013. Fylkeskommunen har påvist fornminne i planområdet på Laupsa, difor er planen delt. Avventar løysingar i planen i høve til registrerte fornminne. Planen er ein del av arbeidet med Kvammapakken.

- **Reguleringsplan for Håfjellstunnelen**

Planen gjeld ny tunnel i mellom Øystese og Fykkesund. Konsulent har levert plan til Kvam herad. Planen var på høyring i 2014, med planlagt vedtak i 2015. Statens vegvesen ville ikkje godkjenne fråvikssøknaden og det lyt gjennomførast ei risikovurdering i tråd med tunnelsikkerheitsforskrifta før planen kan vedtakast.

- **Reguleringsplan for strekkja mellom Fykkesund og Steinstø**

Planen gjeld utbetring av vegen mellom Fykkesundbrua og Steinstø. Målet er utbetring av vegen og tilrettelegging med gang- og sykkelveg. Lagt på vent pga. kostnader med bonitering. Planen er per dags dato ikkje ein del av Kvammapakken.

- **Ålvik sentrum**

Planen tek i hovudsak for seg fylkesvegen, løysing for mjuke trafikantar inn til sentrum og opprusting av torget midt i sentrum. Planen har vore ute på høyring. Lokal motstand mot framlagde løysingar. Planarbeidet er tatt opp på nytt og det er innarbeidd nye løysingar. Forventa nytt endeleg vedtak i 2016.

- **Grustaket i Øystese**

Planen tek for seg utvida næringsareal i Grustaket, alternativ vegtilkomst til Tolomarka, framtidig bruk av Busdalen, bruk av arealet i Meierihola med meir. Vedtak om oppstart vart gjort i 2013 og vedtatt planprogram i 2014. Motsegn i 2015 i frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Fylkesmannen.

- **Reguleringsplan for Laupsa (privat plan - med offentlege interesser).**

Kommunen har konsentrert seg om dei offentlege interessene i planen, som stort sett omhandlar friområdet og tilgjenge til strandsona. Fylkesmannen la ned motsegner til planen. Det har komme nytt planframlegg og motsegnene er trekt. Planen har ikkje hatt framdrift i 2015.

- **Reguleringsplan for ny ballbinge med meir i Mundheim sentrum.**

Etter at skulen er overtatt av private, skal skuleplassen erstattast med nytt leikeareal i sentrum. Planen har vore ute på høyring. Varsla motsegner er trekt. Planen har lege i ro i 2015, og midlar er nytta til tiltak med toalett i sentrum. Tema for ny leikeplass er aktuelt i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

- **Reguleringsplan for gang- og sykkelveg i frå NAF – til Eikedalen**

Reguleringsplan på Kvamskogen i frå NAF til Eikedalen, gjeld gang- og sykkelveg mm. Grunnlaget for planarbeidet ligg i oppfylging av «Kommunedelplan for Kvamskogen».

- **Reguleringsplan for gang- og sykkelveg mellom Tokagjelet og Ungdomsheimen**

Reguleringsplan på Kvamskogen i frå Tokagjelet til Ungdomsheimen, gjeld gang- og sykkelveg mm. Grunnlaget for planarbeidet ligg i oppfylging av «Kommunedelplan for Kvamskogen».

- **Moglegheitsstudie for nytt idrettsanlegg på Haugamyr i Norheimsund.**

I samband med planlegginga av ny barnehage i Norheimsund vart det sett i gang ein moglegheitsstudie for idrettsanlegget på Haugamyr. Studien skal sjå på potensialet for ein framtidsretta idrettspark både for organiserte og uorganiserte idrettsaktivitetar.

Private planar

I 2015 har det berre vorte vedteke to private planar, noko av årsaka til det låge talet er Fylkesmannen sine motsegner mot private reguleringsplanar på Kvamskogen, i Strandebarm og Bakka. Motsegnene gjer sakshandsaminga meir ressurskrevjande og hindrar kommunen i å gjera endeleg vedtak i desse planane.

Godkjente reguleringsplanar i 2015

- Sjoaskår (Øystese) -24 bueiningar, vedtatt den 24.03.2015
- Sandvold (Øystese) -10 bueiningar, vedtatt den 06.10.2015

Mindre reguleringsendring i 2015 (private planar)

- Hytteområde på Aksnes gnr. 4 bnr. 5 –innføring av utnyttingsgrad.
- Reguleringsplan for Haldeplassen – Kaldestad, deling av område til fleire eigedommar.
- Røyrlid. Auka utnyttingsgrad mm.

Mindre reguleringsendring i 2015 (offentlege planar)

- Reguleringsendring – Rosshagen –felles garasje

Byggesak, kart og oppmåling

«Hovudmålsetting er å yta god service for innbyggjarane, og levere tenester innafor lovfasta tidsfristar og samarbeidsavtale»

- I 2015 mottok Kvam herad 274 byggesaker og 118 delingssaker . Kvam herad handsama 349 byggesaker og 87 delingssaker derav 48 dispensasjonssøknader. 7 klagesaker vart sendt over til Fylkesmannen, som tok 3 klagar til følge.
- Det vart gjort 6 tilsyn av byggesakene, som er 2,2 av innkomne saker %. Målsettinga er 10 % tilsyn innan 1.1.2017, og arbeid med ny tilsynsplan pågår.
- 63 matrikkelbrev ol vart tinglyst.
- 172 eigenerklæringar om konsesjonsfritak kom inn og 128 vart handsama.
- Ca 280 ordrar vart handsama i INFO land totalt omsetning ca. 160.000 kr derav andelen kartsal var 20.000 kr.

- Geodata-avdeling fullførte fornyinga av program og kartdata etter ny høgdemodell. Geodata-avdeling ajourførte AR5/planer/bygg/VA.
- Geodata-avdelinga har arbeidd med adressering av hytter på Kvamskogen og resten av Kvam. Det er gjort vedtak på vegnamn, reist namnesak på Kvamskogen, og det står att utsending av adresse til heimelshavarane og oppsetting av skilt.
- Samarbeid rundt kommunegeolog omfatta rådgjeving i plan og byggjesaker, uromeldingar, skredhendingar, radonmålingar, nettverksarbeid, opplæring, m.m. Samarbeidet gjekk over i eit nytt 3 års avtaleperiode. Modalen og Masfjorden trekte seg frå samarbeidet.

5.10.3 Økonomiske rammer

Plan						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
301 Plansaksbehandling	3 452	3 172	3 580	3 634	89 %	-408
302 Byggjesaksbehandling og eigarseksjonering	444	362	110	89	328 %	252
303 Kart og oppmåling	993	867	1 060	1 051	82 %	-193
Plan	4 890	4 401	4 750	4 774	93 %	-349

Det er bruk 0,2 mnok mindre i konsulentkjøp til funksjon 301, elles mindre endringar som totalt gjev eit mindreforbruk på 0,2 mnok.

Gebyrinntekter på byggesak, kart og oppmåling vart 0,4 mnok høgare interne utgifter enn budsjetttert, og 0,2 mnok i høgare inntekter, netto er det eit overforbruk på 0,3 mnok.

Inntektene på kart og oppmåling vart 0,3 mnok høgare enn budsjetttert, medan utgiftene samla vart 0,1 mnok høgare.

5.11 Næringstøtte og kommunal forretningsdrift

5.11.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 320 – Kommunal næringsverksemd, 321 – Konsesjonskraft, kraftrettar og anna kraft for vidaresal, 325 – Tilrettelegging og stønad for næringslivet, 329 – Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling, 360 – Naturforvaltning og friluftsliv.

Kommunen leigde ut noko areal til næringsverksemd i 2015, som ligg i funksjon 320.

Kvam herad disponerer årleg eit kraftvolum på 167,6 GWh. 60,9 GWh er konsesjonskraft. Det meste kjem frå Bjølvo kraftverk (37,9 GWh) og Samnanger (BKK, 21,7 GWh). Kommunen disponerer òg 106,7 GWh årleg frå Bjølvo kraftverk som heimfall. Kvam Kraftverk AS selde krafta for kommunen på den opne marknaden i 2015.

Innanfor funksjon 325 ligg og ansvar for prosjektarbeid, kompensasjonsmidlar for arbeidsgjevaravgift, reiseliv og turistveg, internasjonalt arbeid m.m. Kommunen mottek og om lag 4 mnok i konsesjonsavgift som vert sett av på eit næringsfond. Fondet kan brukast til ulike næringstiltak.

Landbruksforvaltninga gjeld utgifter til veterinærvakt som vert refundert av staten, og utgifter til handtering av landbruksforvaltning.

I funksjon 360 ligg det lønsutgifter til kommunegartnar, festeutgifter for friluftsområder, kontingent i Bergen og omland friluftsråd, kjøp av forvaltning frå Ullensvang herad, fiskefonsdisponeringar og inntekter frå hjortevalda i kommunen.

5.11.2 Målsetjingar og resultat

Målsetjingar i budsjettet for 2015 var:

- *Maksimalisera utbyttet frå sal av kraft.*
- *Sikra heradet sine retta knytt til produksjon av kraft kommunen*
- *Kvam herad har som mål å skapa like mange nye og lønsame arbeidsplassar som samanliknbare kommunar*

I 2015 var gjennomsnittleg pris pr. KWh 19,47 øre, mot 23,52 øre i 2014. Prisane svinga frå 8,27 til 25,97. I fylgje nordpoolspot.com var det ein snittpris i spotmarknaden på 17,6 i Bergensregionen i 2015. Kommunen sin pris for heimfallskrafta var 10,6. For konsesjonskraft var prisen frå 10,6 til 13,78. I tillegg kjem nettkostnader. Det vil seia at kommunen sine utgifter til kjøp av konsesjons- og heimfallskraft i ein periode (juni-september) oversteig kommunen sine inntekter. Kommunen brukte 11,2 GWh i eigne bygg av kraftvolumet på 167,6 GWh.

Kraftinntektene til kommunane er under stadig press. Kvam herad er medlem i Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) som arbeider for å ivareta medlemskommunane sine interesser i alle spørsmål om kraftutbygging. I 2015 tapte kommunen ei rettssak mot Staten v/sentralskattekontoret saman med 5 andre kommunar, vedr. skatt på heimfallsinntekter.

Kvam herad mottek om lag 4 mnok kvart år i konsesjonsavgift for skadeverknader av kraftutbygging. Desse midlane vert avsett på eit kraftfond som har fått namn «Næringsfond», og har ein del restriksjonar i kva midlane kan brukast til. I tillegg er fondet nytta til mellombelse disponeringar av kompensasjonsmidlar frå fylket. Saldo per 1.1.15 var 17,9 mnok. Fondet hadde følgjande transaksjonar i 2015:

Prosjekt	Tekst	Sum
K60032	Kjøp av ICA tomt	3 970 000
P15083	Turistveg Steinsdalen, tilbakeført tidlegare lån av fond	-3 899 096
P60094	Komp. midlar veg - avkøyring industriområde Steinsdalen	49 200
P61156	Melstveitvegen	2 199 070
P62141	Opprusting Storeteigen	400 000
P70134	Reg.plan Busdalen/Grustaket	297 216
P71095	Reg.plan Håfjellstunnel	111 040
P71101	Straumen - Båthamna Nhs. Aust	12 740
	Tilskot til HAKU, HST-121/14	656 540
	Ekstraløyving Tour de Fjords - HST-016/15	100 000
	Kompensasjonsmidlar Turstiar i Kvam	-250 000
	Lån av næringsfond til komp.midlar	121 952
	Avsett konsesjonsavgift 4 mnok + rente på fond 0,4 mnok	-4 398 859
	Sum netto fondsdisponeringar	-630 197

Kommunedelplan for næring og kompetanse peikar på utfordringa til kommunen med at talet på arbeidsplassar i kommunen har vorte færre dei siste åra. Fleire lokale arbeidsplassar er difor hovudutfordringa.

	Arbeidsplassar 2008-2014						
Årstal	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Arbeidsplassar	4037	3847	3888	3918	3791	3858	3897

Det ligg ikkje føre tal for arbeidsplassar i Kvam i 2015. Trenden er positiv i høve til nye arbeidsplassar, i frå 2012 og fram til 2014, har talet auka med 106 lokale arbeidsplassar.

Det er registrert 102 (101 i 2014) nye føretak i Brønnøysundregisteret for Kvam i 2015

Tour des Fjords hadde målgang i Norheimsund i 2015. Dette vart ei folkefest med mykje god fjernsynsdekning.

Ved Steinsdalsfossen har turistinformasjonen vist svært positiv utvikling. Talet på besøk i Norheimsund sentrum var 2703 personar som auka til 13897 ved Steinsdalsfossen i 2014 til over 25000 personar i 2015. Det er installert kundeteljar i døra for å få meir nøyaktige tal.

Det var ein auke på 16,9 % i tal hotellovernattingar i Kvam i 2015. Det er svært gode utsikter for reiselivet med bakgrunn i den låge kronekursen.

Rekkjefylgjekrava for utviding av næringsarealet i Sandvenhagen er utført og det er selt fleire tomter. Mellom anna er den store tomte ved fylkesvegen selt til ei lokal gruppering.

På Bakka/Breievne har Hardanger Fiskeforedling starta opp ny regulering av næringsarealet med kommunal støtte. I Øystese er arbeidet med ny reguleringsplan for Grustaket/Busdalen i gang.

Kvam næringsråd har etablert Næringsshagen i Hardanger. Den har fått støtte frå SIVA i eit år i fyrste omgang, som ein såkalla pilot.

Høgskuleutdanning i Hardanger har etablert studiesenter på Fruktlageret i Øystese. Her er det mogleg å ta ei rekkje studiar som fjernundervisning.

Kvam er no medlem av stiftinga Ungt entreprenørskap og det er ei målsetjing å styrkja arbeidet med elevbedrifter i skulen.

Totalt er det 188 (190 i 2014) bønder som søker om tilskot og det vart løyvd om lag 35 millionar i produksjonstilskot til føretaka i kommunen. Kvam herad er på tredje plass i Hordaland over kommunar som tek ut mest tilskot frå Innovasjon Norge til nye bygningar og tiltak. Det har vore auke i talet på sau og det vert planta meir frukttre. Det vert leigd inn kompetanse på skog og utmark frå landbrukskontoret i Ullensvang. Det var i 2015 23 søknader om SMIL-midlar og kr. 550 000.- vart fordelt til ulike tiltak. Om lag halvparten går til restaurering av stølar, naust og gamle bygg på gardsbruka. 40 % går til oppretthalding av kulturlandskapet.

5.11.3 Økonomiske rammer

Næringstøtte og komm. forretningsdrift						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
320 Kommunal næringsverksemd	-667	-214	-1 112	-1 072	19 %	898
321 Konesjonskraft, kraftrettigheter og anna kraft for vi	-9 871	-6 143	-6 228	-15 431	99 %	85
325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet	3 078	2 609	2 627	3 233	99 %	-18
329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutv	666	415	505	492	82 %	-90
360 Naturforvaltning og friluftsliv	258	789	291	291	271 %	498
Næringstøtte og komm. forretningsdrift	-6 536	-2 545	-3 917	-12 487	65 %	1 372

Det er 0,9 mnok mindre i husleigeinntekter på funksjon 320. Dei fleste av desse inntektene ligg på funksjon 265 – Bustader.

På funksjon 321 er det konsulentutgifter til blant anna rettsaka som er grunnen til netto overforbruk. Salet av heimfallskraft vart 0,6 mnok lågare enn budsjettert og sal konsesjonskraft vart 0,5 mnok lågare. På den andre sida vart skatt på kraftinntektene 1,1 mnok lågare enn budsjettert.

Det er 0,1 mnok meir i refusjonsinntekter i funksjon 329 enn budsjettert.

Det er brukt 0,2 mnok meir i lønsutgifter til funksjon 360 enn budsjettert, og 0,3 mnok til kjøp av forvaltning frå Ullensvang herad.

5.12 Brann og ulukkesvern

5.12.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 338 – Førebygging av brannar og andre ulukker og 339 – Beredskap mot brannar og andre ulukker.

Kvam brann- og redningsteneste (KVBR) er ei avdeling under teknisk eining. Avdelinga har eit mannskap på totalt 53 personar, 9 bilar og er lokalisert på dei 4 brannstasjonane i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Oma. Tenesteområdet omfattar ansvaret for det akutte rednings- og beredskapsarbeidet i kommunen, feiartenesta, branntilsyn og førebyggjande arbeid. I tillegg har avdelinga inngått avtale om «First responder». Dette er ein avtale som er inngått med Norsk Luftambulans, og som gjeld livreddande førstehjelp fram til ambulansen er på staden.

Organiseringa av tenesta og kompetansekrav til mannskapet er i stor grad bestemt av dimensjoneringsforskrifta, og vert følgt opp av Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB).

Det er ikkje krav til kassarnert mannskap i kommunen, men for Norheimsund og Øystese er det krav til fast vaktordning. Vaktordninga vert gjennomført med vaktlag som går vakt kvar 5. veke, medan overbefeal går vakt kvar 4. veke. Intervallforskjellen medfører at overbefalet sirkulerer mellom heile mannskapsstyrken, og vert dermed betre kjent med den totale styrken i avdelinga.

For Oma og Ålvik er det ikkje krav til vaktordning, og mannskapet her har derfor ikkje krav til responstid ved utkalling. For å sikre tilgjengelege resursar, vert det derfor likevel sett vaktlag ved behov i feriar og høgtider.

I Ålvik er brann- og redningstenesta organisert i eit samarbeid med industrivernet ved Elkem Bjølvfossen. Mannskapet er derfor tilsett ved Bjølvfossen, men rykker og ut til hendingar utanfor bedrifta sitt område.

5.12.2 Målsetjingar og resultat

I løpet av 2015 er det registrert 95 hendingar av ulikt slag, der brannen i driftsbygning på Mundheim var av dei største.

Det førebyggjande arbeidet som vert utført innanfor tenesteområdet, omfattar kampanjar i samband med jul og påske, samt diverse opplæringsarbeid knytt til helse, barnehagar og skular. Det vert ført tilsyn med i overkant av 60 særskilde brannobjekt, og utført feiartenester i samarbeid med Vestnorske feiartenester i Kvam. Føretaket vert og nytta til å dekke 0,3 årsverk av Kvam herad sitt krav til førebyggjande arbeid etter dimensjoneringsforskrifta.

Når det gjeld dei ikkje-økonomiske måla som var fastsett i budsjettet for 2015, vert desse omtala enkeltvis nedanfor:

- **«Jobba med å utvikla øvingar og bli betre på operativ samvirke saman med dagens grunnberedskap; ambulanse, lege og politi»**

Etter gjennomføring av felles øving mellom Kvam Kommunale Kriseleining (KKL), ambulanse, lege, politi og brann- og redningstenesta i 2014, har arbeidet med samøvingar mellom blålysetatane i Kvam stoppa litt opp. Grunnen er mellom anna at mykje av ambulansetenesta i Kvam er flytta til Bergen, medan politiet ikkje har hatt midlar til øvingar etter normert arbeidstid. Brann- og

redningstenesta nyttar hovudsakleg deltidsmannskap, og kan derfor ikkje leggja sine øvingar saman med politiet i arbeidstida. Dette gjer det følgjeleg vanskeleg å leggje til rette for felles øvingar.

Med bakgrunn i diverse hendingar i Noreg dei siste åra, er det i løpet av 2015 likevel kome statlege føringar for situasjonar med «Pågående Livstruende Vold (PLIVO)». Her vert det lagt opp til sams opplæring av blålysetatane, og der politiet skal leggje til rette for felles øvingar. Opplæring innan PLIVO vert derfor gjennomført i løpet av 2016.

- **Oppretthalda dialogen med alle private/off. bygg når det gjeld øvingar som førebyggjande tiltak**

Kvam brann- og redning har ein god dialog med private og offentlege huseigarar når det gjeld øvingar og instruksjon. I tillegg til dette, er det i 2015 gjennomført eit samarbeid med Norheimsund vidaregåande skule i Steinsdalen og Kvam Trafikkskule. Målet er å sikre elevane naudsynt kunnskap og rette haldningar før dei vert sjåførar og trer inn i arbeidslivet.

- **Få brann- og redningstenesta dimensjonert med grunnlag i pågåande ROS-analyse**

Ny overordna ROS-analyse vart ferdig og politisk vedtatt i løpet av 2015. I høve til brann- og redningstenesta, vart det her peika på at Kvam herad har manglar knytt til beredskap på sjøen. Trass i målsettinga, er det likevel ikkje funne rom for ei utviding av beredskapskapasiteten på dette området. Vurderinga av om beredskapen på sjøen skal styrkast lyt derfor utsetjast i påvente av organisasjonsgjennomgangen som er vedtatt gjennomført for brann- og redningstenesta i 2016.

- **Jobba med IUA Bergen i samarbeidet om regionalt opplæring innan oljevernet og anna akutt forureining**

IUA Bergen har gjennomført opplæring i 2015, der Kvam brann- og redningsteneste deltok med ein mann. Intensjonen er deretter at hans kunnskap skal vidareførast til heile mannskapsstyrken gjennom intern opplæring.

Ut over dette, har det nye digitale naudnettet teke mykje merksemd og øvingstid etter innføringa hausten 2015.

5.12.3 Økonomiske rammer

Brann og ulykkesvern						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
338 Førebyggjing av brannar og andre ulukker	640	832	228	200	364 %	604
339 Beredskap mot brannar og andre ulukker	6 153	6 111	5 348	5 425	114 %	763
Brann og ulykkesvern	6 793	6 943	5 576	5 625	125 %	1 367

Rammeområdet for brann- og ulykkesvern hadde eit netto overforbruk på 1,3 mnok i 2015.

Avviket i funksjon 338, med eit overforbruk på 0,6 mnok, skuldast kombinasjonen av 0,2 mnok meir i kjøp av feietenester og 0,3 mnok lågare abonnentinntekter på feiing. I tillegg er det eit meirforbruk på branntilsyn på 0,1 mnok.

I funksjon 339 er det overforbruk av faste lønstillegg på 0,4 mnok. Kjøp av diverse utstyr til det nye naudnettet gjev eit overforbruk på 0,2 mnok og utrykning har eit overforbruk på 0,1 mnok i 2015.

5.13 Samferdsel og grøntanlegg

5.13.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 330 – Samferdsleverksemder/transporttiltak, 332 – Kommunale vegar, 335 – Rekreasjon i tettstad og 285 – Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde.

Tenesteområdet samferdsle omfattar ansvaret for vedlikehald og sikring av om lag 110 km kommunale vegar fordelt på heile kommunen. I dette inngår også ansvaret for 3 grusvegar, 20 bruer og 43 ferister. Arbeidsoppgåvene knytt til vegnettet er mellom anna kantklypping, spyling, tøming av sandfangkummar og drenerør, grøf팅, hogst langs vegane og reparere hol i vegen med oljegrus. I tillegg kjem kosting, utsetting av brøytestikkar, montering av autovern, oppgåver knytt til sikring mot ras og flaum, samt klargjering og planlegging for asfaltering av kommunale vegar og anlegg. Om vinteren driv avdelinga med brøyting, strøing og skraping. For å klare vinterdrifta, er brøyting av ein del av vegnettet sett ut til private (14 brøyteentreprenørar), som har avtale med kommunen. Kvam herad fungerer vidare som underleverandør knytt til NCC sin brøyteavtale for gangvegen til Vikøy og Norheimsund sentrum. Oppdraget som underleverandør for NCC varar i utgangspunktet ut 2019, men der kontrakten inneheld ein opsjon for eitt år ekstra. Til drift av veg og anlegg, har avdelinga 5 stillingar. I tillegg kjem ein oppsynsmann som og har ansvar for gjennomføring av fleire investeringsprosjekt i kommunen.

Ansvaret for grøntanlegg omfattar hovudsakleg arbeidet med å vedlikehalde om lag 60 kommunale uteområde og friområde. Mykje av dette arbeidet vert utført i nært samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF), men der kommunen åleine har ansvaret for tilsyn og renovasjon knytt til park og badestrendene i Øystese og Norheimsund. I tillegg har avdelinga og ansvar for å stelle kyrkjegardane i kommunen.

Utanom vekstsesonen vert året nytta til rehabilitering av områda, kontroll og ettersyn.

Heradsgartnaren har og ansvaret for kontroll av leikeutstyr og leikeplassar.

For å ta klare ettersynet med grøntanlegga i vekstsesonen, er ein avhengig av å nytte sommarvikarar i tillegg til egne tilsette. Innan park har ein normalt 2 stillingar fordelt på 1,5 årsverk. Om sommaren vert dette auka til mellom 7-8 personar.

5.13.2 Målsetjingar og resultat

Infrastruktur og kommunikasjon er viktig for Kvam, og samfunnsdelen av kommuneplane har følgjande hovudmål:

«Kvam skal ha ein trafikkssikker og effektiv infrastruktur – eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsmarknadsregion, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grendene»

Vegnettet mot Bergen er fylkeskommunalt. Det meste av utviklinga her, skjer i regi av Kvammapakken/bompengefinansiering. I 2015 vart det arbeidd med å gjera ferdig andre del av Lingaparsellen, strekkja i mellom Norheimsund og Øystese og første del (Stronde) av parsellen i mellom Øystese og Laupsa.

Det vart og sett ein rekkje mål for dei kommunale vegane i budsjettet for 2015:

«Minska etterslep på kommunale vegar, bruer, stikkrenner murar etc.»

Arbeidet langs dei kommunale vegane har vorte vidareført med systematisk kantklypping, spyling og reinsk av sandfang og stikkrenner. Grøftereinsk har ein gjennomført systematisk, noko som er til god hjelp for å oppretthalda standarden på vegane. Gamle stikkrenner/kisteveiter har vorte skifta ut etter skader. For å hindre skade på veg og eigedom, har kommunen derfor hatt stort fokus på å halde stikkrenner og vatn under kontroll i 2015.

I tråd med prosjektet P60151, er det i 2015 asfaltert for om lag 1,5 mnok eks. mva. på kommunale vegar og plassar. Trass i dette opplever kommunen at etterslepet på kommunale vegar aukar med tanke på vegdekket, og ein stipulerer at det bør asfalterast for om lag 2,5 mnok i året dersom fornyingstakten på asfaltdekket skal haldast på om lag 20 år. Mykje tungtrafikk fører og ofte til skade på vegane, og det har derfor vore vanskeleg å redusere etterslepet på vegane med dei økonomiske midlar ein har tilgjengeleg.

Vidare har det vorte gjennomført arbeid med utbetring av murar langs kommunale vegar, men også her er det framleis eit etterslep.

Når det gjeld bruer, vert vedlikehaldsetterslepet vurdert og utbetringar prioritert av eit uavhengig kontrollerande selskap. Etterslepet på bruer har, og ligg framleis jamt på mellom 2 og 3 mnok (2,5 mnok i 2015).

Alle kommunale vegar er i løpet av 2015 videofilma, noko kommunen vonar vil vera eit godt verktøy for framtidig prioritering og dokumentering av vedlikehaldsarbeidet.

«Få gjennomført prosjekt på ein god måte»

Til liks som i 2014, har samferdsel også i 2015 hatt fleire prosjekt knytt til ras og vatn på avvegar. Dette gjeld mellom anna omfattande arbeid med rassikring og vegutbetring på Skutlaberg, samt arbeid med sikring langs Kambabekken ved Klyvevegen. Sistnemnde prosjekt vart avslutta i 2015, og vart gjennomført i eit godt samarbeid med NVE. I ettertid har det likevel oppstått eit nytt sig i vegbana nærare Fykse, og dette må derfor utbetrast i 2016.

Arbeidet med rassikring og utbetring av Melstveitvegen vart starta opp som eige prosjekt i 2015, medan prosjektet P61155 «Rassikring – murar og fjell» har vorte nytta til mellom anna i Bjørkevegen, Fitjadalsvegen, veg på Botnen og fjellsikring i Åsevegen og ved Bjørketeigen barnehage.

Ut over dette, har det vorte utført mykje arbeid i samband med veg og VA prosjektet knytt til Torpevegen og i samband med Kvammapakken. Fleire av prosjekta held fram inn i 2016, og der mengda av prosjekt har skapa utfordringar knytt til prioritering av ordinære driftsoppgåver i 2015.

«Ferdigstilla norm for kommunale vegar»

Kvam herad har saman med om lag 10 andre kommunar delteke i nettverksgruppa til Norsk Kommunalteknisk Foreining (NKF). Nettverksgruppa har som mål å utarbeide felles retningslinjer for vegnormal. Askøy kommune har vore leiar for dette arbeidet, og arbeidsgruppa har nyleg laga ferdig eit utkast til felles vegnormal. Norma må eventuelt justerast med lokale tillegg for Kvam herad.

«Gjennomføra tiltak i trafikksikringsplanen»

Gjeldande trafikksikringsplan var for 2012 til 2015. Dei fleste kortsiktige kommunale tiltak er utført. Statens vegvesen har likevel nokre punkt som framleis står att. I løpet av 2015 er busstopp på innsida av veg i Steinstø flytta av Kvam herad. Vidare har Kvam herad gjennomført noko arbeid med merking og avstenging knytt til barneskulen i Øystese og Norheimsund. Det er likevel framleis manglar knytt til skiltplanar for områda.

Utbetring av Torpevegen vart starta sommaren 2015, og fartsreducerande tiltak vert vurdert i ettertid. Vidare stengte Kvam herad Holmatunvegen ved fotballbanen i Øystese for gjennomkøyring i løpet av 2015. Arbeidet med ny trafikksikringsplan er hovudsakleg gjort ferdig i løpet av 2015, og denne er planlagt vedteken våren 2016.

«Nye park- og grøntanlegg må planleggast med tanke på lett vedlikehald»

Kvam herad har søkt å avgrense overtakinga av nye park- og grøntanlegg. I samband med barnehageutbygginga er det gjeve innspel på tekniske planar for uteområda. Dette for å leggje til rette for lett vedlikehald og drift i ettertid. I tilknytning til drift av kommunens friområde, er det vidare eit godt samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF).

5.13.3 Økonomiske rammer

Samferdsle og grøntanlegg						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
330 Samferdsleverksemdar / transporttiltak	1 865	0	56	1 956	0 %	-56
332 Kommunale vegar	9 420	11 378	7 054	6 424	161 %	4 323
335 Rekreasjon i tettstad	1 497	1 649	1 850	1 842	89 %	-200
285 Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	26	1 701	1 785	-45	95 %	-84
Samferdsle og grøntanlegg	12 808	14 728	10 745	10 176	137 %	3 983

I 2014 vart tilskot til Jondalstunnelen ført på funksjon 330. Dette er flytta til funksjon 285 i 2015. Budsjettposten på 330 gjeld kommunale vegar. Rest på 285 gjeld leirskule, som totalt sett er «sjølvfinansierande».

Funksjon 332 omhandlar drift og vedlikehald av kommunale vegar og nivået varierer i høve vår og uforutsette hendingar. Kvam kraftverk har starta på arbeidet med å skifte til LED-ljos langs vegane og dette medfører eit meirforbruk på over 1,8 mnok i 2015. Etter ein lang vinter er overforbruket knytt til brøyting, strøing og reinhald 0,9 mnok, medan arbeid med reinsking av grøfter, reinhald, sikring av murar og rasutsatte strekningar har eit overforbruk på om lag 1 mnok. Restarbeid i samband med oppgradering av dekke på Fitjadalsvegen, samt øvrig vedlikehald av kommunale vegar, førte til eit overforbruk på 0,4 mnok.

Funksjon 335 hadde eit mindreforbruk knytt til offentlege toalett på 0,2 mnok.

5.14 Vatn, avløp og renovasjon/avfall

5.14.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 340 – Produksjon av vatn, 345 – Distribusjon av vatn, 350 – Avlaupsreinsing, 353 – Avlaupsnett/innsamling av avlaupsvatn, 354 – Tømming av slamavskillerar og 355 – Avfall.

Tenesteområdet omfattar ansvaret for produksjon og levering av tenester knytt til drikkevatt og mottak av spillvatn frå tilknytte abonnentar i Kvam herad, samt Eikedalen i Samnanger kommune. Vidare omfattar tenesteområdet innsamling av slam som vert utført av ein totalleverandør, og innsamling av avfall som skjer i regi av BIR.

Kvam herad har 5 vassverk, 12 trykkaukestasjonar, 10 høgdebasseng og eit om lag 130 km langt distribusjonsnett for drikkevatt. Vasstrykk til abonnentar er minimum 2 bar, og med eit rettleiande trykk på mellom 3-6 bar.

Avlaupsnettet er om lag 90 km langt. Kvam herad har kommunale nett og anlegg fordelt på heile kommunen. Det er 30 pumpestasjonar og pr. i dag 2 reinseanlegg (silanlegg) for avlaup. I tillegg til dette eit høgt tal på kummar for forsyning av drikkevatt og mottak av avlaup fordelt over heile kommunen.

Arbeidsoppgåver knytt til VA er til dømes drift og tilsyn av drikkevasskjelder/inntak/vassverk/pumpestasjonar/reinseanlegg/brannhydrantar, prøvetaking av drikkevatt og avlaup, utspyling av leidningsnettet, reingjering av høgdebasseng, lekkasjesøk, videokøyring av leidningsnettet, badevassprøvar, samt ansvar for sigevassleidning frå bosstippen for å nemne noko.

4 stillingar fordelt på 3,8 årsverk driftar VA-nettet og anlegga. I tillegg kjem driftsleiar for VA, som i tillegg har ansvar for gjennomføring av fleire investeringsprosjekt.

5.14.2 Målsetjingar og resultat

Kommunen har ansvaret for handtering av tidlegare renovasjonsanlegg, men elles vert alt avfall i kommunen utført av BIR. I lokalavisa 9.2. var følgjande artikkel:

Jordaland Folkeblad

Tysdag 9. februar 2016

5

Kvam er best i Bir

ÅSMUND SOLDAL
redaksjon@hf.no

Gjennomsnittshusstanden i Kvam leverte restavfall 18,5 gonger i fjor. Ingen andre kommunar i Bir-systemet leverer mindre restavfall, seier kommunikasjonsrådgjevar Tina Skudal i Bergensområdet interkommunale renovasjonsselskap (Bir).

Ho seier til HF at Fusa ligg hakk i hæl, og har tidlegare vore litt betre enn Kvam. Det er framleis Fusa som har Bir-rekord. I 2012 trilla nemleg kvar husstand i kommunen ut bosdunken 15,5

gonger.

Skudal seier at dei som leverer lite avfall vert premierte med lågare pris.

– Renovasjonsgebyret på 1.932,75 kroner held til seks tømningar kvart halvår. Leverer ein meir restavfall, kostar det 33,25 kroner kvar gong, fortel ho.

Skudal opplyser at abonnentane kan gå inn på nettsida til Bir og finna ut nøyaktig kor stor renovasjonsrekninga vert. Databrikka på kvart bosspann fortel renovasjonsselskapet kor ofte kvar abonnent tømmer. Det er mykje betre å tømme mykje, men sjeldan, enn

ofte og lite, seier ho.

Kvemmingane leverte i fjor 350 tonn papir, papp og drikkekartong til gjenbruk. Bir samla også inn 62 tonn plast og 102 tonn glas og metall frå returpunkta i kommunen. Ifølgje kommunikasjonsrådgjevaren har renovasjonsordninga for hytteeigarane på Kvam-skogen vorte betre etter at det kom lås på konteinarene. Det einaste problemet har vore at låsane frys i kuldeperiodar.

Når det gjeld måla som var fastsett i budsjettet for 2015, vert desse omtala enkeltvis nedanfor:

Hovudplanar for vatn og avlaup skal reviderast. Oppfylging av tiltak i noverande og reviderte planar er viktig. Separate saneringsplanar skal utarbeidast der er planlagt større reguleringsplanar eller det kjem større utbyggingar

Arbeidet med nye kommunedelplanar for vatn og avlaup kom i gang i 2015. Planprogrammet var ute på høyring og vart deretter vedteke. Arbeid knytt til rådgjeving vart lyst ut på slutten av året 2015. Vidare arbeid med dei 2 separate planane vert utført i 2016.

Det er fokus på Notaneset reinseanlegg og oppgradering av VA-leidningar til Torpe, i tillegg til pågåande arbeid i Kvammapakken

Arbeid med Notaneset reinseanlegg vart intensivert i løpet av 2015. VA-avdelinga innhenta erfaring frå andre anlegg. To fagrapportar frå ulike selskap vart utarbeida, og politisk sak om nytt reinseanlegg vart lagt fram for handsaming i heradsstyret den 15. desember 2015. Plassering av reinseanlegget på Notanes i Øystese vart stadfesta. Reinseprosess, tidsplan og økonomisk ramme på 70 mnok vart godkjend. Konkurransesøknad om rådgjevingstenester knytt til prosjektering og utforming av konkurransegrunnlag vart lyst ut i slutten av 2015. Dette arbeidet vil halde fram i 2016.

Prosjektet knytt til ny vassforsyning og utviding av veg til Torpe vart starta sommaren 2015. Ein valde VA-løysingar knytt til grunn grøft for å spare vegbane. VA-arbeidet har gått etter planen, medan arbeidet knytt til vegbana har avdekket at denne var dårlegare enn venta.

Arbeidet i Kvammapakken har vorte styrt av Statens vegvesen. VA-anlegg har vorte prosjektert på førehand, men der det har vore nokre utfordringar knytt til endring av vegtrase og plassering av VA-rør etter at desse var ferdig prosjektert frå Kvam herad si side.

Nyanlegg må planleggjast robuste og med tanke på lett vedlikehald

Etter vedtak av VA-norma i Kvam herad, har ein fått eit godt verktøy til å planlegge robuste VA-anlegg som er enkle å vedlikehalde. Norma sikrar vidare at ein får likare anlegg. Videokøyring og eigenkontroll av nye anlegg er viktig. På eldre anlegg har ein hatt store utfordringar knytt til mange vasslekkasjar og mykje snø på Kvamskogen vinteren 2015. Det har vore mykje tungt arbeid med å spa seg ned til kummar og stoppekrantar, spesielt der desse har vist seg å vera feil plassert i høve til dei kart kommunen har motteke frå private utbyggjarar. Utrangert spyleutstyr er noko som også har medverka til å gjera vedlikehaldsarbeidet innan VA vanskeleg og tidkrevjande i 2015.

Vurdera samanslåing av avgiftsområda

Arbeid med å vurdere samanslåing av avgiftsområda i Kvam herad vart starta i 2015, og vil verta klar for politisk handsaming i 2016.

Anna drifts- og prosjektarbeid som har vorte utført:

- Mykje tid på lokalisering av innlekk på leidningsnett.
- Ekstra prøvetaking i forhold til nytt inntak i Engjadalsvatnet
- Utspyling og reingjering av leidningsnett og høgdebasseng på alle vassverk. Ålvik, Skålheim, Strandebarm, Salbuvika og Kvamskogen. I høve årsplan
- Utsifting av lokk og rammer i forbindelse med asfaltering sesongen 2015 20-30 stk.
- Spyling og vedlikehald av sigevassleidning frå Bosstippen. (vinter 2015)

- Ny vassleidning langs FV7 i Klettahola på Nygård.
- Prosjektoppfylging i forhold til Kvammapakken: Skipadalen-Evigheten og VA Øysteselandet (det som gjelder VA).
- Prosjektoppfylging i forhold til Torpevegen (gjeld VA).
- Driftsoperatørane gjer mykje kamerainspeksjon og lokalisering av leidningar i samband med prosjekt.
- RA2001 Notanes: Nytt hovedreinseanlegg for avløp vert lokalisert på Notanes i Øystese. Avklaringar i forhold til prosess. Medverknad frå driftspersonell, 2 skisseprosjekt, anleggsbesøk etc.
- TS2045 Torpevegen: prosjektert, bestilt og montert overbygg og pumpeanlegg for (utført av driftsavdelinga).
- PA3017 Slaktehuset montert og satt i drift ny avløpspumpestasjon for område Kaldestad. (påbegynt før jul 2014).
- PA3018 Kaldestad. Satt i drift avløpspumpestasjon (montert 2013/14).
- VB4041 Fosse: nytt inntak i Engjadalsvatnet.
- Avslutta saneringsarbeid for Sandven-Haugamyrvengen-Kvam auto-til Fv49. (starta hausten 2014).

5.14.3 Økonomiske rammer

Vatn avløp og renovasjon/avfall (eks. kalk. Renter)						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
340 Produksjon av vatn	-1 562	3 368	-1 474	-1 497	-228 %	4 842
345 Distribusjon av vatn	-4 680	-9 015	-6 990	-7 025	129 %	-2 026
350 Avlaupsreinsing	-984	1 899	-857	-881	-222 %	2 756
353 Avlaupsnett / innsamling av avlaupsvatn	-4 064	-5 203	-4 903	-4 926	106 %	-300
354 Tømming av slamavskillere	-17	-10	-14	-14	70 %	4
355 Avfall	-566	-907	-342	-342	265 %	-565
Vatn avløp og renovasjon/avfall (eks. kalk. Renter)	-11 874	-9 868	-14 580	-14 686	68 %	4 712

VAR-området skal ikkje gå med overskot over tid, og er underlagt heilt særskilde reglar for sjølvkostberekning. VAR-noten gjer eit godt bilete av kostnadane og inntektene på dei ulike avgiftsområda, og denne er å finna i årsrekneskapskapittelet.

Funksjon 340 og 345 heng tett saman, og nokre av budsjettpostane er ikkje fordelt mellom dei. På funksjon 340 var det budsjetttert med 4 mnok i fondsbruk. I tillegg er det brukt 0,4 mnok meir i lønsutgifter og 0,3 mnok meir i straumutgifter.

På funksjon 345 er det brukt 1,3 mnok lågare lønsutgifter og 1,1 mnok meir i kjøp av tenester og materiell. Fondsdisponeringane vart 3,9 mnok mindre enn budsjetttert, og inntektene 2,1 mnok lågare.

På same måte som 340/345, heng funksjon 350 og 353 saman. Det er brukt 0,2 mnok meir i lønsutgifter og 0,3 mnok meir til straum på funksjon 350. Det er ikkje brukt 2 mnok i fondsmidlar. På funksjon 353 er det brukt 0,9 mnok mindre på løn, men kjøpt for 1 mnok meir i varer og tenester. Inntektene vart 0,8 mnok høgare og bruken av fond 0,4 mnok lågare.

Utgiftene til kjøp slamtenestene vart 0,2 mnok høgare, på den andre sida vart inntektene og 0,2 mnok høgare.

Medlemskontingent og konsulenthonorar medførte auka utgifter til funksjon 0,2 mnok og inntektene 0,1 mnok høgare. Fondsdisponeringane vart 0,7 mnok lågare.

5.15 Kultur

5.15.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld ei rekkje funksjonar:

233 – Aktivitetstilbod born og unge

365 – Kulturminnevern

370 – Bibliotek

373 – Kino

375 – Museum

377 – Kunstformidling

380 – Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg

381 – Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg

385 – Andre kulturaktivitetar, tilskot andre sine kulturbygg

386 – Kommunale kulturbygg

5.15.2 Målsetjingar og resultat

Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne

Delar av støttekontaktenesta vart overført til kulturkontoret i 2014. Det gjeld mellom anna rekruttering, avtalar oppfylgjing m.m. Det er i dag registrert 90 støttekontaktar i Kvam herad. Kulturkontoret har ansvaret for felles aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne.

«Målet er å gje alle eit variert og tilrettelagt fritidstilbod ut frå egne interesser og funksjonsnivå.»

Kulturkontoret arrangerer ulike aktivitetar for enkeltpersonar og som fellesarrangement. Det gjeld både Onsdagsklubb (med diskotek, basar, bingo og jolabord), bocciaturnering med lag i Hordalandsserien og vinteraktivitetsdag på Sjusete med deltakarar frå fleire kommunar i Hordaland. Kvam herad samarbeider med andre kommunar i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og ulike lag og organisasjonar. Arrangementa er svært godt besøkt, og tiltaka gjev varierte og stabile aktivitetar. Det vart også gjennomført dansetilstellingar og turar, mellom anna til Os, Åsane og Fusa.

Ferieklubben

- Ferieklubben gav born i alderen 6-10 år eit dagtilbod 3 veker i sommarferien 2015 med aktivitetar knytt til opplevingar i nærmiljø, og utflukter.
- Det vart òg arrangert ferietilbod for born frå 11 år, samt familiar same veker som Ferieklubben, i samarbeid med m.a. Grannehjelpa, frivillige lag/organisasjonar og andre kommunale etatar.

Kulturminne

«Starta opp arbeidet med kulturminneplan for Kvam i 2015»

- Kvam heradsstyre godkjende planprogram for kulturminneplan i juni 2015, og planarbeidet kom i gang etter dette. Planen skal vera ferdig hausten 2016.

Bibliotek

Bibliotek er ei lovpålagt teneste for kommunane og er ein viktig del av kunnskaps- og kulturpolitikken i Noreg. Kvam bibliotek har 3,2 årsverk og er organisert med hovudbibliotek i Norheimsund og avdelingar i Ålvik og Strandebarm. Kvam bibliotek er knytt til «Hardangerbiblioteka», som har felles nettside www.hardangerbiblioteka.no. I tillegg har Kvam bibliotek eigen Facebook- konto med nær 800 følgjarar.

Ny biblioteklov av 2014 utvida folkebiblioteka sitt «ansvarsområde». I tillegg til utlån og formidling - skal biblioteket òg vera ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.

- Satsingsområde for Kvam bibliotek i 2015 var ny poesiformidling og ulike typar arrangement. Med hjelp av gode samarbeidspartnarar, har me fått myke ut av satsinga. Hardangerbiblioteka og Voss bibliotek, Nasjonalbiblioteket, Fritt Ord, Grannehjelpa, Kvam turlag, Øystese gymnas og Norheimsund vidaregåande skule må nemnast. Heile 58 arrangement har me hatt og oppmøtet har dobla seg i høve 2014
- Arbeidet med bibliotekplan vart starta og er forventa avslutta innan utgangen av 2016.
- Ved valet hausten 2015 tok biblioteka imot nær 60 % av alle førehandsrøystene i Kvam, dvs. 593 røyster.
- Samla utlån og aktivitet har auka:

Aktivitet	2014	2015
Norheimsund	27 154	29 800
Strandebarm	7 196	6 025
Ålvik	4 711	4 399
Samla utlån	39 061	40 224
E-lån	714	902
Arrangement	33	58
Besøktal på arrangement	826	1 623

Tilboda på biblioteket er det gratis og ope for alle. Det skal gje ei kjensle av sosial velferd og fellesskap.

Kino

«Gje godt kinotilbod til alle aldersgrupper med hovudvekt på barn og unge»

Kvam kino hadde 6596 besøkande i 2015. Det var 199 framvisingar . I tillegg til ordinære visingar, hadde kinoen skulekino i samarbeid med Den kulturelle skulesekken og vidaregåande skular, samarbeid med Kvam filmklubb og Kvam senioruniversitet. Filmar for born og unge er best besøkt.

Museum

«Auka aktivitet knytt til musea gjennom samarbeid med frivillige venelag»

- Kvam bygdemuseum Storeteigen er ein del av Hardanger og Voss museum, og selskapet Bygdagnist driv museumsanlegget. Museet fekk fullført ei større opprusting i 2015, mellom anna med toalett med universell utforming, og fasilitetar som legg til rette for at tunet skal ha buande vertskap.
- Det er ei utfordring å få til ei sunn drift av dei kommunale museumsanlegga som ikkje er ein del av ei konsolidert museumseining. Ålvik industriarbeidarmuseum vert halde bra ved like når det gjeld bygg og anlegg, men har for liten aktivitet. Ved skulemuseet i Vikøy vart det i 2015 gjort ein heil del vedlikehaldsarbeid, hovudsakleg på dugnad. Frivillige starta i 2015 med faste i treff i museet. Vikøy og Aksnes grendeutval står ansvarleg for aktiviteten.
- Vikøy prestegard er i hovudsak Opplysningsvesenets fond sin eigedom, men også Kvam herad eig bygningar i tunet. Prestegarden vert ikkje nytta til prestebustad, og er i dels dårleg stand. Kulturkontoret har i 2015 hatt kontakt med Opplysningsvesenets fond for å sjå på kva som kan gjerast for å sikra tunet, som har kulturhistorisk verdi.

Kunstformidling

«Få i gang prosjektet – Kvammalokk revisited (Bulyst)»

- Regionaldepartement har løyvd 1,3 mill. til Kvam herad sitt Bulyst-prosjekt som skal føra dette arbeidet vidare. Kvam herad har avventa igangsetting grunna manglande fullfinansiering, men gjorde ein del førebuande arbeid i 2015.
- Kvam herad har over lengre tid vore svært aktiv i arbeidet med etablering av nye institusjonar kring kunst og formidling i Kvam, dette gjeld Messen, Hardanger kunstskele (HAKU), med meir. Drifta av HAKU vart midlertidig stogga i 2015, grunna for liten elevsøknad.
- Kinck-jubileet 2015 var ei storsatsing. Det vart organisert slik at Kvam herad v/kulturkontoret stod ansvarleg for jubileet. Jubileet hadde ulike arrangement og andre tiltak i Kvam, både i Kinck-tunet, Kabuso og på andre arenaer. Også arrangement andre stader både i og utanfor Hordaland var ein del av jubileet.

Idrett

I frå kommuneplanen sin samfunnsdel;

«I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i kommunen skal oppleve høg livskvalitet og at samfunnet vert opplevd på same vis»

Slik vil me ha det;

«Fysisk aktivitet hjå befolkninga. I Kvam vil me at alle skal vera litt meir i fysisk aktivitet.»

Idrettsrådet og heradsstyret gjorde fylgjande prioritering for spelemlane i 2015:

Spelemlar

1. *Sjuseite; skiskyttarstadion, rulleskiløype, rehabilitering av 5 km løype, endring av stadion/løyper .*
2. *Øystese kunstgrasbane*
3. *Legging av kunstgras - Tørvikbygd*
4. *Ny kunstgrasbane (7-bane) i Ålvik.*
5. *Vangdalsåsen: Pistolbane 25m, pistolbane 50m, viltmålbane, jegertrapbane, 100 m og 200m riflebane, garderobeanlegg, klubbhus og miniatyrbane*
6. *Symjebasseng-Hardangerbadet*

Nærmiljømlar

- Utviding av ballplass, Tørvikbygd skule
- Ny kunstgrasbane på gammal grusbane, Strandebarm idrettsplass
- Toalett for funksjonshemma mm i Ljonesvågen
-

Idrettsstipenda for 2015 gjekk til:

- Sunniva Helland-Hansen -volleyball
- Kristin Sande –skiskyting
- Erling Aalvik -skiskyting

Friluftsliv

«Eit mål for perioden er å komma i gang med rullering av kommunedelplan for idrett og friluftsliv i løpet av 2015»

Arbeidet med rullering av kommunedelplan kom ikkje i gang i 2015.

Andre aktivitetar

- «Trakk og snakk», der ordførar og rådmann inviterer til enkle fotturar vart gjennomført på Kvamskogen og Holmsund - Storeteigen i 2015. «Trakk og snakk» vert gjennomført for å auka merksemda rundt fysisk aktivitet og folkehelse, og for å komme nærmare innpå innbyggjarane sine meiningar om «godt og gale» i kommunen.
- Etter at Kvam herad vart medlem av Bergen og omland friluftsråd i 2014, har kommunen fått mykje att for dette medlemskapen. I 2015 vart arbeidet i frå 2014 med betre tilrettelegging av friluftsområde langs med sjøen følgt opp, og samarbeidet imellom Bergen og omland friluftsråd og fleire av grendelaga vart intensivert.
- Kvam herad bidrog også i 2015 med midlar til preparering av skiløypene på Kvamskogen og på Sjusete. I budsjettvedtaket i desember 2015, vart Kvam herad sitt tilskott til løypekøyering auka for begge områda.
- Kvam har og gjeve tilskott til nærmiljøtiltak, leikeplassar og turløyper i kommunen.

Kultur

«I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet»

Kulturprisen i 2015 gjekk til Kvam turlag for laget sitt store, frivillige arbeid for å få folk ut på tur. Det var ekstra høveleg å gje laget kulturprisen i 2015, som var Friluftslivets år.

Kulturstipend gjekk til Olai Åsmundson Mostad (euphonium, bass).

Kulturell spaserstokk

Heradet søkte og fekk kr 104 000,- i 2015 til Den kulturelle spaserstokken. Tilskotsmidlane vart lyst ut lokalt, og har vore nytta til konsertar, filmframvisingar, foredrag, kunstutstillingar m.m. for eldre. Tiltaka er spesielt tilrettelagde for eldre på institusjonar.

Integrering

Målsetjingar og resultat for «kultur, deltaking og frivilligheit» i frå integreringsplanen

«Innvandrarar skal føla og erfara at dei er ein naturleg del av samfunnet vårt og viktige medspelarar i fritidsaktivitetar.»

- Integrering er ein naturleg del av kulturarbeidet.

«Vidareutvikla møteplassar og stimulera til kulturtilbod for alle i kommunen, -der ein har fokus på inkludering og integrering for alle aldersgrupper»

- Det føregår mykje godt integreringsarbeid innan kulturlivet og i ulike lag og organisasjonar. Grannehjelpa har ei nøkkelrolle, og ei rekkje av idrettslaga er ein velfungerande arena for integrering. Kulturskolen sitt musikkopplegg «Fleire fargar» og «Bornas verdsdag» var svært vellukka tiltak i 2015.

Inkludering

- Me hadde ikkje hatt «Ingen skal stå igjen»- tilskot i 2015, kulturkontoret har søkt og fekk tilskotsmidlar frå Barne- ungdom og familiedirektoratet til Ferie for alle, Ung fritid og kulturkort for barn/unge. Desse prosjekta arbeider for å gje born og unge ulike ferie- og fritidsaktivitetar, med ekstra fokus på inkludering av alle.

Frivillig aktivitet

- Den frivillige innsatsen er svært stor i kommunen, med mange frivillige organisasjonar. Kvam herad fordelt driftstilskot til ulike lag og organisasjonar, lokale kulturhus, underskotsgarantiar, nærmiljømidlar, tilskot til leikeplassar, ulike prosjekt, og stipend etter søknad.
- Kvam herad støttar òg ulike lag og organisasjonar ved ulike former for tilskot til drift, prosjekt og arrangement.

- Kvammaveka 2015 synte fram frivillig sektor på ein svært god måte, ikkje minst under festframsyninga.

Kulturskulen

Kulturskulen har undervisning i Ålvik, Øystese, Norheimsund, Vikøy, Tørvikbygd og Strandebarm.

- Kulturskulen starta året 2015 med **UKM** (Ungdomens kulturmonstring) i midten av januar med 74 lokale deltakarar der 25 av desse vart sendt til Bergen på fylkesmonstringa.
- I juni 2015 hadde integreringstiltaket **Fleire fargar** strålande suksess med fem framføringar i Amfisalen på Norheimsund skule. I tillegg vart det framføring under *Festspillene i Bergen* på *De unges festspilldag*. I juni hadde kulturskulen for fyrste gong ein eigen grillfest med kulturelle innslag av og for elevane i kulturskulen.
- **Bornas verdsdag i Hardanger** vart arrangert i Norheimsund den 15. november 2015. Det var 8 interkulturelle verkstadar, andre kulturelle aktivitetar i vringleområdet, konsertar, flotte utsmykkingar, samt mat frå heile verda. Det var over 1200 besøkjande på arrangementet.
- Hausten 2015 hadde Kvam kulturskular 390 ordinære elevar og elevmassen er igjen stigande etter at det var ein kraftig reduksjon då prisane gjekk mykje opp for nokre år sidan. Me kan mellom anna lesa at det er 110 færre gutar i kulturskulen i 2015 enn det var i 2011. Dette merkast også på konsertane våre då det er mykje færre rytmiske band no enn for nokre år sidan.
- Nytt for 2015 er at det er undervisning i Visuelle kunstfag i Ålvik og Strandebarm. Kulturskulen har også bidrege til skipinga av Strandebarm og Tørvikbygd skulemusikklag, og hadde hausten 2015 undervisning av 14 korpsaspirantar i desse grendene.

5.15.3 Økonomiske rammer

Kultur						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
231 Aktivitetstilbod born og unge	181	404	512	515	79 %	-108
365 Kulturminnevern	8	5	0	0	#DIV/0!	5
370 Bibliotek	2 371	2 234	2 451	2 883	91 %	-217
373 Kino	193	374	319	321	117 %	55
375 Museum	136	858	819	878	105 %	39
377 Kunstformidling	483	544	644	647	84 %	-100
380 Idrett og tilskot til andres idrettsanlegg	-1 115	1 352	1 505	1 505	90 %	-153
381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	1 982	1 570	1 970	1 970	80 %	-400
383 Kvam kulturskule	3 450	3 773	4 040	4 146	93 %	-267
385 Andre kulturaktivitetar, tilskot andres kulturbygg	2 886	2 027	1 917	1 975	106 %	110
386 Kommunale kulturbygg	328	295	1 074	545	27 %	-779
Kultur	10 904	13 435	15 253	15 385	88 %	-1 818

Rammeområdet kultur hadde i 2015 eit forbruk som var 1,8 mnok lågare enn budsjett. Dette skuldast i hovudsak avvik mellom budsjett og rekneskap på byggutgifter (reinhold og FDV), totalt eit mindreforbruk på 0,9 mnok fordelt på funksjonane 373, 375, 381 og 386.

På bibliotek er det auke i sjukerefusjon, andre refusjonar og reduserte utgifter som er årsaka til mindreforbruket (0,2).

Kulturskulen har kjøpt mindre tenester hjå andre kommunar og har fått inn meir brukarbetaling enn budsjettert (0,3).

Avvik på resten av rammeområdet kjem av interne omfordelingar mellom rammeområda i tillegg til at det er brukt mindre på overføringar til private.

5.16 Kyrkja

5.16.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 390 – Den norske kyrkja, 392 – Andre religiøse føremål og 393 – Gravplassar og kremtorier. I dei to fyrste funksjonane gjev kommunen berre tilskot. Kyrkjeleg fellesråd, andre religiøse føremål og kyrkjegardane i Kvam mottek årleg tilskot frå Kvam herad på over 5 mill.kr. I tillegg har kommunen utgifter til stell av kyrkjegardane, funksjon 393.

5.16.2 Målsetjingar og resultat

Målsetjinga i budsjettet for 2015 var:

Gode rammevilkår for kyrkja gjennom godt samarbeid.

Etter at tilskotssummen var lik i 2014 som i 2013, auka den i 2015 med kr 170.000. I tillegg auka kommunen budsjettet sitt til stell av kyrkjegardar med kr 30.000. I årsmeldinga til Kyrkjeleg fellesråd står det at fellesrådet hadde eit overskot på 0,6 mnok, og har eit akkumulert overskot på 0,7 mnok. Fellesrådet har fokus på budsjettdisiplin og ei nøktern linje. Totalt var inntektene på 8,4 mnok der tilskotet frå Kvam herad utgjer 4,8 mnok. Ved utgangen av året hadde fellesrådet 8,28 årsverk fordelt på 15 tilsette mot 8,57 årsverk fordelt på 14 tilsette i 2014. 1,5 årsverk til trusopplæring var finansiert av bispedømekontoret.

I årsmeldinga si skriv fellesrådet: *Arbeidet med slått på kyrkjegardane vart også i år utført av parkvesenet i heradet. Dei har utført arbeidet utan at dette gjekk ut over dei kommunale overføringane til kyrkja. Ordninga har fungert framifrå, og fellesrådet set stor pris på dette samarbeidet.*

5.16.3 Økonomiske rammer

Kyrkje						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
390 Den norske kyrkja	3 850	3 951	3 950	3 950	100 %	1
392 Andre religiøse føremål	222	167	175	175	95 %	-8
393 Gravplassar og krematorier	961	1 029	1 078	1 078	96 %	-49
Kyrkje	5 033	5 147	5 203	5 203	99 %	-56

Tilskot til den Norske kyrkja vart utbetalt i tråd med budsjett, 3,95 mnok. Tilskot til andre religiøse føremål vart om lag som budsjetttert. Underforbruk på gravplassar er knytt til eit mindreforbruk på kommunegartnerar.

5.17 Skatt og rammetilskot

5.17.1 Om tenestene

KOSTRA-tema «Skatt og rammetilskot» er for så vidt ikkje ei teneste, men i hovudsak finansieringskjelda til dei andre tenestene kommunen produserer. Temaet inneheld følgjande funksjonar; 800 – Skatt på inntekt og formue, 840 – Statlege rammetilskot og øvrige generelle statsstilskot og 850 – Generelt statstilskot vedk. flyktningar m.v.

5.17.2 Målsetjingar og resultat

Mål i budsjettet for 2015 var:

Arbeida for å utvikla kommunen for å skapa sunn demografi, vekst i folketal og for å leggja til rette for auke i skatteinntekter.

Folketalsutviklinga i Kvam var negativ i 2014 og 2015 etter fleire år med ei positiv utvikling. Folketalet går ned ifrå 8 539 per 01.01.2015 til 8 475 per 01.01.2016, ein nedgang på 0,7%. På 2 år er nedgangen på 109 personar.

5.17.3 Økonomiske rammer

Skatt og rammetilskot						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
800 Skatt på inntekt og formue	-231 721	-241 364	-239 449	-243 191	101 %	-1 915
840 Statlege rammetilskot og øvrige generelle statsti	-279 990	-277 189	-275 759	-275 614	101 %	-1 430
850 Generelt statstilskot vedk. flyktningar m.v.	-14 229	-14 610	-10 270	-10 270	142 %	-4 340
Skatt og rammetilskot	-525 940	-533 163	-525 478	-529 075	101 %	-7 684

Skatteinntektene vart 1,9 mnok høgare enn det justerte budsjettet, medan eigedomsskaten vart lik (43 mnok). Eigedomsskatt på verk og bruk vart 0,6 mnok lågare enn budsjetttert, og 0,6 mnok høgare på bustadar.

Kvam herad får vanlegvis lågare skatteinntekter enn resten av landet, og kompensert for dette med inntektsutjamning. Denne kompensasjonen vart 1,1 mnok høgare i 2015.

Det ordinære rammetilskotet vart 0,2 mnok høgare enn budsjetttert. I tillegg vart vertskommunetilskotet 0,2 mnok høgare enn budsjetttert, totalt vart funksjon 840 1,4 mnok høgare enn budsjetttert.

Funksjon 840 er fordelt slik (eksl. fondsavsetning på 0,85 mnok):

Konto	Tekst	Beløp i 1000	Budsjett vedtatt	Avvik
Rammetilskot frå staten	Rammetilskot Distriktstilskot Sør-Norge	-3 489	-3 489	0
Rammetilskot frå staten	Rammetilskot Inntektsutjamnande	-15 430	-14 355	1 075
Rammetilskot frå staten	Rammetilskot Ordinært	-235 681	-235 526	155
Rammetilskot frå staten	Rammetilskot Skjønnsdel	-10 450	-10 450	0
Andre statlege overføringar		-5 149	-5 210	-61
Vertskommunetilskot ⁴		-7 834	-7 589	245
Sum		-278 033	-276 619	1 414

⁴ Føremålet med vertskommunetilskotet er å kompensera dei 33 vertskommunane for dei bebuarane som ved HVPU – reforma valde å verta buande i institusjonskommunen. Tilskotet har delvis vore innlemma i rammetilskotet, men vart frå 2009 teke ut av rammetilskotet og gjeve som eit direkte tilskot frå Helse- og omsorgsdepartementet.

5.18 Finans og fellespostar

5.18.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld følgjande funksjonar: 870 – Renter/utbytte og lån, 880 – Interne finansieringstransaksjonar og 899 – Årets rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk.

Funksjon 870 omfattar både avkastning på aktiva-plasseringar i bank og obligasjonar, samt utbytte frå aksjeselskap Kvam herad har aksjar i (i hovudsak Kvam kraftverk AS og BKK AS), og låneutgiftene til kommunen.

Funksjon 880 er i hovudsak intern overføringar, motpost avskrivingar (trekt ut i eige tema) og innsparingskrav. Innsparingskrava vert lagt på denne funksjonen når det ikkje er kjent kva tenestemråde innsparinga kjem på. Etter kvart som tiltaka kjem i gang, vert tiltaka ført ut av denne tenesta og inn på andre tenestemråde. Fordelinga vert rapportert i tertialar.

Funksjon 899 er ein særfunksjon for avsetning og bruk av rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk.

5.18.2 Målsetjingar og resultat

Mål i budsjettet for 2015 var:

1. *Halda fram med å sikra låneporteføljen på låge rentenivå for å skapa forutsigbare driftsnivå i øk.planperioden.*

Vekta gjennomsnittrenta på låneporteføljen til kommunen var på 2,36% ved utgangen av 2015 mot 2,71 % i 2014. Durasjonen var på 2,25 år mot 2,02 i 2014. Durasjonen er eit måltal på vekta gjennomsnittleg rentebindingstid. Over 63% hadde eit rentebindingstid på over 1 år. I 2014 var tilsvarande tal 51,61%.

2. *Revurdera finansreglement for å sjå om kommunen kan oppnå høgare avkastning.*

Administrasjonen har ikkje hatt kapasitet til å setja i gang med revidering av finansreglementet i 2015.

3. *Å halda fram arbeidet med å finna innsparingskjelder som maksimerer inntekter og minimerer utgifter for lovpålagde tenester og politisk prioriterte tenester utover det lovpålagde, og ivareta kravet til servicenivå for desse tenestene.*

I junimøtet vart det lagt fram eit utkast til økonomiplan for 2016-2019 med ulike innsparingstiltak som samla skal gje innsparingar på 40 mnok. Tiltaka vart innarbeidd i budsjett 2016-2019. Servicenivået er rundt formulert, men det er sannsynleg at ein del av innsparingane vil medføra at nivået på nokre av tenestene vil gå ned.

5.18.3 Økonomiske rammer

Finans og fellespostar						
Funksjon og rammer	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
870 Renter / utbyte og lån	20 018	38 057	35 502	29 702	107 %	2 554
880 Interne finansieringstransaksjonar	-511	-14 609	-8 225	-3 298	178 %	-6 385
899 Årets rekneskapsmessige meir-/mindreforbruk	-1 726	-1 355	-1 156	-1 156	117 %	-199
Finans og fellespostar	17 782	22 092	26 122	25 249	85 %	-4 029

Det er eit meirforbruk til funksjon 870 på 2,6 mnok. Dette kjem i hovudsak som eit kurstap på 3,5 mnok på obligasjonar. Avkastning på obligasjonar er samansett av to faktorar, rente på obligasjonen og kursverdi. Verdien på obligasjonane vart per 31.12.15 skriven ned i tråd med regelverket. Porteføljen til kommunen inneheld obligasjonar i norske sparebankar som vert vurdert å ha låg tapsrisiko. Nokre få av obligasjonane vart selde i starten av 2016, men i all hovudsak er ikkje kurstapet realisert, og det er forventat at tapet vert reversert i 2016. Rente og avdrag på lån utgjer dei store finanspostane, totalt om lag 53 mnok. Rentene er 0,1 mnok høgare enn budsjettert, medan andre finansutgifter er 0,3 mnok lågare. Renter på bankinnskott og obligasjonar vart 1 mnok høgare enn budsjettert, totalt 7 mnok. Aksjeutbyttet var i tråd med budsjett, 11,2 mnok.

Kommunen set årleg av eit tap på krav for brukarinntekter og liknande som kommunen har til gode. Sidan det ikkje er kjent kva teneste tapet kjem på, vert det ført på funksjon 880. I 2015 er avsetning 0,3 mnok høgare enn budsjettert. Sjukeløn er og ein av fellespostane, og det er ein rest på fellespostane på 1 mnok på denne tenesta. Felles fondsdisponeringar (bruk og avsetning) vert og ført på funksjon. Det er netto brukt 8,7 mnok meir av fondsmidlar for å finansiera drifta i 2015, og setja av rente på ulike fond. I tillegg er det bruk 1,4 mnok av tidlegare års mindreforbruk, 0,2 mnok meir til finansiering av ei skattesak kommunen har saman med nokre andre kommunar vs staten på heimfallskraft.

5.19 Fellestema – Kommunale bygg

5.19.1 Om temaet

Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar er samla under avdelinga for FDV- Bygg i teknisk eining. Arbeidet innanfor temaområdet «Kommunale bygg» omfattar dei kommunale formålsbygga (samla meir enn 70 000 m²) for alle tenesteområda, og der utgiftene er fordelt på dei enkelte rammeområda. Dei kommunale formålsbygga omfattar mellom anna rådhus, barnehagar, skular, institusjonar, legesenter, helsestasjonar, offentlege toalett og museum.

Når det gjeld forvaltingsansvaret, så omfattar dette ansvaret for ein best mogleg bruk av eigne bygg og utleige av ledige lokalar. Driftsansvaret omfattar mellom anna reinhald, internkontroll, renovasjon, tele- og straumabonnement, uteområda rundt bygga og flaggheising på offentlege flaggdagar. Vedlikehaldsansvaret omfattar registrering, planlegging og gjennomføring av vedlikehaldsoppgåver. Av ressursomsyn vert vedlikehald prioritert høgast for pleieinstitusjonar, barnehagar og skular.

Ut over dette, omfattar tenesteområdet òg ansvaret for gjennomføring av investeringsprosjekt knytt til nye eller eksisterande bygg. Prosjekta vert gjennomført med eigne eller leigde ressursar, og omfattar alt frå små prosjekt til større utbyggingsprosjekt som barnehageprosjektet i Kvam. I løpet av 2015 har avdelinga for FDV-Bygg vore involvert i nærare 40 ulike prosjekt.

Til avdelinga høyrer 36 faste årsverk, der reinhald utgjer den klart største med 26 faste årsverk.

5.19.2 Målsetjing og resultat

Når det gjeld måla som var fastsett i budsjettet for 2015, er desse omtala enkeltvis nedanfor:

- **Redusera vedlikehaldsetterslepet på eldre bygningsmasse**

Ein del av tiltaka er så omfattande og har ein slik karakter at dei er utførte som investeringsprosjekt, enten enkeltvis eller som delprosjekt.

Prosjektet P60152 «Oppgradering bygg 2015» har vorte nytta til nytt nødllysanlegg på Øysteseheimen, nye kamplys i Øystese idrettshall, ny takteking på eine rekkjehuset på Gartveit i Øystese og solskjerming på Toloheimen. I tillegg vart tiltak knytt til det «grøne bygget» ved tidlegare Norheimsund Ungdomsskule delvis utført med utgangspunkt i prosjektet «Oppgradering bygg 2015», og delvis utført med utgangspunkt i eit eige brannsikringsprosjekt for bygget. Tiltaka vart utført som følgje av at vaksenopplæringa vart flytta frå Øystese til Norheimsund hausten 2015.

Ut over dette har det vorte gjennomført ein del arbeid med brannsikring av Strandebarmsheimen, men der dette arbeidet vil halde fram i 2016. Storeteigen museum i Øystese har vorte oppgradert med nye toalett og vaskerom. I tillegg har mellom anna elektriske anlegg, drenering og lekkasje i tak vorte utbetra.

Viktige førebyggjande tiltak må løysast innanfor eit stramt driftsbudsjett, og medfører følgjeleg at ein ikkje klarer å redusere vedlikehaldsetterslepet på eldre bygningar. Dette gjeld særleg ettersom ein i 2015 har fått mange feil på eldre, men driftskritiske, tekniske anlegg. Dette har følgjeleg teke store deler av FDV-Bygg sitt driftsbudsjett i 2015.

- **Sikre god standard på nye bygg**

Ved gjennomføring av barnehageprosjektet og prosjektet med ny Ålvik skule, har det vorte lagt til rette for medverknad og involvering frå FDV-Bygg. Vidare vart det lagt ned eit grundig arbeid i felles «0-bok» for Kvam herad i 2014. 0-boka legg føringar for val av material og tekniske løysingar i

framtidige byggeprosjekt i Kvam herad. Til saman vonar ein at dette legg til rette for at nye bygg vert utforma og planlagt med tanke på god standard og enkelt vedlikehald.

Omsynet til enkel drift og vedlikehald har vorte særleg vektlagt ved bygginga av nytt offentleg toalett i sentrum av Mundheim. Dette ettersom avstand frå vedlikehaldsavdelinga i Norheimsund gjer det spesielt viktig at bygget kan driftast utan omfattande drift- og vedlikehaldsressursar.

- **Lage gode vedlikehaldsplanar for oversikt og ei mest mogleg effektiv utnytting av tilgjengelege ressursar**

Innanfor FDV-Bygg har ein i fleire år nytta programmet V-pro for arbeidsordrar og internkontrolloppgåver. Programmet inneheld likevel ikkje nokon tilstandsvurdering av den kommunale bygningsmassen, og programmet IK-Bygg vert derfor kjøpt inn i 2015.

Arbeidet med tilstandsvurdering av den kommunale bygningsmassen vart derfor starta i 2015, men vil halde fram i 2016.

- **Sikre god dialog og samspel med brukarar av dei kommunale bygga**

Arbeidet med å betre dialogen og samspelet med brukarane av dei kommunale bygga er ein pågåande prosess, som vert vurdert kontinuerleg av FDV-Bygg. Med bakgrunn i ressursituasjonen innan avdelinga, ser ein likevel at det er vanskeleg å etterkoma brukarane sine forventingar både til responstid og til kva oppgåver og ynskjer avdelinga klarer å innfri.

Det er derfor framleis store restansar på innkomne ynskje, og avdelinga lyt prioritera arbeidet med å leggje til rette for betre samspel med brukarane også i åra framover.

Redusera heradet sin bygningsmasse der ein ikkje har noverande eller framtidige eigarbehov

I 2015 har kommunen hatt stort fokus på korleis ein skal kunne flytte flest mogleg tenester inn i eigne bygg. Av denne grunn har det ikkje vore nokon stor reduksjon i den kommunale bygningsmassen i 2015.

Dei eigedomane som har vorte seld i løpet av året, er ein kommunal kjellarleilegheit i Vikøy, samt det gamle skulehuset på Linga. Det vert ikkje rekna som sannsynleg at desse eigedomane skulle vera naudsynte for å dekke nokon av kommunens noverande eller framtidige eigarbehov.

Sikre kontinuerleg forbetring i effektivitet og arbeidsmetodar

Avdelinga for FDV-Bygg har hatt kontinuerleg fokus på betring av eigen effektivitet og arbeidsmetodar i 2015. Ein vonar å ha lagt grunnlag for ei vesentleg betring av effektiviteten gjennom å slå saman og samlokalisera avdelinga sine to tidlegare vedlikehaldssonar på Sandven i Norheimsund. Samlokalisering vil vonleg leggje til rette for best mogleg ressursutnytting internt i avdelinga, men og leggje til rette for best mogleg samarbeid med avdeling for kommunalteknikk, som også er lokalisert på Sandven.

Den største gjennomgangen av eigne arbeidsmetodar må likevel reknast for å skje i samanheng med LEAN prosessen som avdelinga skal gjennom i 2016.

5.20 Fellestema: Sosiale kostnader inkludert premieavvik

Sosiale kostnader inkludert premieavvik						
	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
Politisk verksemd	482	468	499	521	94 %	-30
Adm. og fellesutgifter	-1997	8 059	10 183	4 890	79 %	-2 125
Barnehagar	16 522	14 509	15 047	16 219	96 %	-539
Grunnskule	29 704	27 644	26 953	27 341	103 %	691
Kommunehelse	5 361	4 583	4 835	5 547	95 %	-252
Pleie- og omsorgstenesta	47 497	41 545	41 320	44 702	101 %	224
Sosialteneste og NAV	1 966	2 378	2 459	2 146	97 %	-81
Barnevern	2 820	2 296	3 173	3 345	72 %	-877
Bustader	766	861	709	734	121 %	152
Plan	2 605	2 140	2 256	2 414	95 %	-116
Næringstøtte og komm. forretningsdrift	609	523	526	564	99 %	-3
Brann og ulykkesvern	1 694	1 454	1 459	1 559	100 %	-5
Samferdsle og grøntanlegg	1 386	2 135	1 305	1 389	164 %	830
Vatn avløp og renovasjon/avfall	1 797	1 033	1 609	1 682	64 %	-576
Kultur	3 343	2 808	3 166	3 344	89 %	-357
Kyrkje	86	43	55	58	78 %	-12
Finans	0	0	0	0		
Totalt	114 641	112 477	115 553	116 454	97 %	-3 076

Kommentar til tabell:

Dei sosiale kostnadene inkluderer pensjon, premieavvik på pensjon, gruppelivsforsikring, arbeidsgjevaravgift, arbeidsgjevaravgift av premieavvik og redusert arbeidsgjevaravgift av trygderefusjon. Kvam herad har tre ulike pensjonsordningar, Statens pensjonskasse for lærarar, KLP sjukepleier og KLP hovudordning. Pensjonsprosenten er ulik på kvar ordning.

Forklaring til endringar:

Totalt sett vart dei sosiale kostnadene 3,0 mnok lågare enn budsjett i 2015.

Prognosane på innbetalt premie i KLP var høgare enn endeleg berekning for 2015. Endeleg premieavvik vart 1,1 mnok over budsjett. Mot premiefond i KLP vart det netto avsett 0,2 mnok.

Totalt sett utgjorde dette eit mindreforbruk på pensjon på 5,0 mnok. Arbeidsgjevaravgift (aga) inkludert aga av premieavvik og redusert aga av trygderefusjon vart i 2015 2,0 mnok over budsjett.

5.21 Fellestema: Avskrivingar

Avskrivingar						
	Rek 14 (netto)	Rek 15 (netto)	Justert budsjett 2015	Opphavleg bud 2015	Forbruk i %	Avvik i kr
Politisk verksemd	38	178	322	322	55 %	-144
Adm. og fellesutgifter	2 721	3 166	3 110	3 110	102 %	56
Barnehagar	1 109	1 109	1 097	1 097	101 %	12
Grunnskule	6 932	6 534	10 112	10 112	65 %	-3 578
Kommunehelse	199	184	184	199	100 %	0
Pleie- og omsorgstenesta	3 798	3 497	3 522	3 522	99 %	-26
Sosialteneste og NAV	0	0	15	0	0 %	-15
Barnevern	0	0	0	0	#DIV/0!	0
Bustader	3 812	3 858	3 867	3 867	100 %	-9
Plan	51	30	51	51	59 %	-21
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	158	163	527	527	31 %	-364
Brann og ulykkesvern	366	420	323	323	130 %	97
Samferdsle og grøntanlegg	2 336	2 578	2 564	2 564	101 %	13
Vatn avløp og renovasjon/avfall	5 829	6 089	7 504	7 504	81 %	-1 415
Kultur	3 841	3 347	3 889	3 889	86 %	-542
Kyrkje	0	0	0	0	#DIV/0!	0
Motpost avskrivingar	-31 189	-31 151	-37 086	-37 086	84 %	5 935
Totalt	0	0	0	0	#DIV/0!	0

Kommentar til tabell:

Avskrivingane er tatt ut av kvart rammeområde og samla i ein tabell. Prosjektforskyvingane i tid, særleg på grunnskule og VA, medførte reduserte avskrivingar.

Kvam herad

Årsrekneskap 2015



Årsrekneskapen for 2015 er sett opp i samsvar med kommunale rekneskapsforskrifter.

6.1 Hovudoversikt - drift

DRIFTSINNTEKTER				Endring 2014 -	Opph.bud	Justert budsjett	Forbru	Avvik R15-	
		Rek 2015	Rek 2014	2015	2015	2015	k h.i.å	Justert B15	
							%		
LN01	Brukarbetalingar	26 469	24 522	1 947	23 330	23 330	113,5 %	3 139	
LN02	Andre sals- og leigeinntekter	46 341	52 118	-5 777	45 968	45 602	101,6 %	739	
	Overføringar med krav til								
LN03	motyting	86 691	73 785	12 906	63 715	72 318	119,9 %	14 373	
LN04	Rammetilskot frå staten	265 051	265 028	22	262 825	263 820	100,5 %	1 231	
LN05	Andre statlege overføringar	36 498	41 964	-5 466	37 899	31 199	117,0 %	5 298	
LN06	Andre overføringar	7 555	7 439	116	11 628	7 367	102,6 %	189	
LN07	Skatt på inntekt og formue	198 344	191 886	6 458	200 191	196 449	101,0 %	1 895	
LN08	Eigedomsskatt	43 020	39 835	3 185	43 000	43 000	100,0 %	20	
	Andre direkte og indirekte								
LN09	skattar	4 006	4 004	2	3 900	3 900	102,7 %	106	
LN10	Sum driftsinntekter	B	713 974	700 582	13 392	692 456	686 985	103,9 %	26 990
DRIFTSUTGIFTER				Endring 2014 -	Opph.bud	Justert budsjett	Forbru	Avvik R15-	
		Rek 2015	Rek 2014	2015	2015	2015	k h.i.å	Justert B15	
							%		
LN11	Lønsutgifter	400 255	378 266	21 989	392 513	394 538	101,4 %	5 717	
LN12	Sosiale utgifter	112 477	114 641	-2 164	116 454	115 553	97,3 %	-3 076	
	Kjøp av varer og tenester som								
LN13	inngår i kommunal								
	tenesteproduksjon	88 450	86 793	1 657	78 067	75 555	117,1 %	12 894	
LN14	Kjøp av tenester som erstatter								
	kommunal tenesteproduksjon	40 277	39 513	764	33 539	33 070	121,8 %	7 207	
LN15	Overføringar	57 191	66 913	-9 722	58 437	53 598	106,7 %	3 593	
LN16	Avskrivningar	31 151	31 189	-37	37 086	37 086	84,0 %	-5 935	
LN17	Fordeelte utgifter	-1 989	-2 132	143	-2 155	-2 155	92,3 %	167	
LN18	Sum driftsutgifter	C	727 812	715 182	12 630	713 941	707 245	102,9 %	20 568
LN19	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	-13 838	-14 600	762	-21 485	-20 260	72,1 %	6 422
EKSTERNE				Endring 2014 -	Opph.bud	Justert budsjett	Forbru	Avvik R15-	
FINANSTRANSAKSJONER		Rek 2015	Rek 2014	2015	2015	2015	k h.i.å	Justert B15	
							%		
	Renteinntekter, utbytte og								
LN20	eigaruttak	19 507	33 678	-14 171	23 950	18 050	108,1 %	1 457	
LN21	Gevinst finansielle instrumenter	0	668	-668	100	200	0,0 %	-200	
LN22	Mottekne avdrag på lån	0	10	-10	0	0	#DIV/0!	0	
LN23	Sum eksterne finansinntekter	E	19 507	34 357	-14 850	24 050	18 250	106,9 %	1 257
	Renteutgifter, provisjon og								
LN24	andre finansutgifter	24 226	25 107	-882	24 005	24 005	100,9 %	221	
LN25	Tap finansielle instrumenter	3 498	613	2 885	200	200	#####	3 298	
LN26	Avdragsutgifter	30 201	29 709	491	30 200	30 200	100,0 %	1	
LN28	Sum eksterne finansutgifter	F	57 924	55 429	2 495	54 405	54 405	106,5 %	3 519
Resultat eksterne									
Avskrivningskostnad	2 342 443	1 791 304	764 687	834 729	5 733 163
Kalkulatorisk rente (1,94 %)	1 242 019	964 335	808 232	728 033	3 742 619
Indirekte netto driftsutgifter	225 537	184 473	105 719	113 118	628 847
Sjablongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	11 277	9 224	5 286	5 656	31 442
Driftskostnader	9 442 156	6 783 765	2 848 676	3 112 514	22 187 111
Resultat	635 437	-6 638 786	-1 983 254	-2 250 797	-10 237 400
Kostnadsdekning i %	106,7 %	2,1 %	30,4 %	27,7 %	46,1 %
Sjølvcostfond 01.01/framførbart underskot 01.01.	548 830	5 372 046	6 210 850	11 605 762	23 737 488
-/+ Bruk av/avsetjing til sjølvcostfond	635 437	-5 461 350	-1 983 254	-2 275 797	-10 237 400
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad sjølvcostfond (1,94 %)	16 811	89 304	101 253	203 081	410 687
Sjølvcostfond/framførbart underskot 31.12	1 201 078	-1 177 436	4 328 849	9 558 284	13 910 775

Etterkalkyle sjølvkost 2015	Feiling	Renovasjon	Slamtømming		Totalt
Gebyrinntekter	1 301 090	1 311 321	2 367 588		4 979 999
Andre driftsinntekter	0	0	0		0
Driftsinntekter	1 301 090	1 311 321	2 367 588		4 979 999
Direkte driftsutgifter	1 451 812	397 150	1 902 394		3 751 355
Avskrivningskostnad	30 638	342 279	13 926		386 843
Kalkulatorisk rente (1,94 %)	297	76 830	135		77 262
Indirekte netto driftsutgifter	63 566	7 213	50 488		121 267
Indirekte avskrivningskostnad	0	0	0		0
Indirekte kalkulatorisk rente (1,94 %)	0	0	0		0
Sjablongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	3 178	361	2 524		6 063
Driftskostnader	1 549 491	823 832	1 969 468		4 342 790
+/- Korrigering av tidlegare års feil i kalkyle	0	0	0		0
+/- Bruk av/avsetjing til etterdriftsfond	0	0	0		0
+/- Gevinst/tap ved salg/utrantering av anleggsmiddel	0	0	0		0
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad sjølvcostfond (1,94 %)	0	0	0		0
+ Tilskot/subsidiering	0	0	0		0
Resultat	-248 401	487 489	398 120		637 208
Kostnadsdekning i %	84,0 %	159,2 %	120,2 %		114,7 %
Sjølvcostfond/framførbart underskot 01.01	96 274	-3 814 575	152 609		-3 565 692
-/+ Bruk av/avsetjing til sjølvcostfond	-248 502	487 489	398 120		637 107
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad sjølvcostfond (1,94 %)	-543	-69 274	6 822		-62 995
Sjølvcostfond/framførbart underskot 31.12	-152 771	-3 396 360	557 551		-2 991 580

Etterkalkyle sjølvkost 2015	Reguleringsplanar	Byggjesak	Kart og oppmåling		Totalt
Gebyrinntekter	394 845	2 662 868	696 344		3 754 057
Andre driftsinntekter	16 386	16 984	101 360		134 730
Driftsinntekter	411 231	2 679 852	797 704		3 888 787
Direkte driftsutgifter	499 469	3 442 931	995 747		4 938 147
Avskrivningskostnad	0	0	30 100		30 100
Kalkulatorisk rente (1,94 %)	0	298	3 377		3 675
Indirekte netto driftsutgifter	42 538	359 390	72 241		474 169
Indirekte avskrivningskostnad	0	0	0		0
Indirekte kalkulatorisk rente (1,94 %)	0	0	0		0
Sjablongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	2 127	17 970	3 612		23 709
Driftskostnader	544 134	3 820 589	1 105 077		5 469 800
+/- Korrigering av tidlegare års feil i kalkyle	0	0	0		0
+/- Bruk av/avsetjing til etterdriftsfond	0	0	0		0
+/- Gevinst/tap ved salg/utrantering av anleggsmiddel	0	0	0		0
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad sjølvcostfond (1,94 %)	0	0	0		0
+ Tilskot/subsidiering	132 903	1 140 737	307 373		1 581 013
Resultat	0	0	0		0
Kostnadsdekning i %	75,6 %	70,1 %	72,2 %		71,1 %

6.5 Statusrapport drifts- og investeringsprosjekt

Dei fleste prosjekt strekkjer seg over fleire år. Aktive prosjekt er delt opp i 4 grupper; driftsprosjekt, investeringsprosjekt, skule- og barnehageprosjekt og VA-prosjekt. I tillegg har me dei som er avslutta i 2015. Rådmannen har hatt fullmakt til å forskyva prosjekt over tid.

6.5.1 Avslutta prosjekt

Tekst	Forbruk totalt per 2015	Total- ramme (eksl. mva.komp, inkl. fonds- avsetning)	Rest på total ramme
K60032 0* Kjøp av ICA tomt	12 582	12 558	-24
P13151 0* IT-investeringar 2015	1 367	1 440	73
P15083 0* Turistveg Steinsdalen	7 611	7 461	-150
P16153 0* PC skule	767	768	1
P60151 0* Asfaltering 2015	1 671	1 500	-171
P60152 0* Oppgradering bygg 2015	992	1 000	8
P60156 0* Fornying teknisk utstyr 2015	1 178	1 179	1
P60157 0* Fornying teknisk utstyr VAR 2015	165	165	0
P61083 0* Oppgradering vassverk Kvamskogen	24 044	24 250	206
P61119 0* VA-leidning Kvammapakken (Nes - Skipadalen)	4 005	4 000	-5
P61132 0* Bru Steinsdalsfossen	1 633	1 600	-33
P61158 0* Utviding av vegkryss ved Nhs. VGS	200	240	40
P62141 0* Opprusting Storeteigen	1 240	820	-420
P62142 0* Brannsikring "Grøne bygget"	1 219	1 000	-219
P70152 1* Damveg Ålvik	2 500	2 500	0
P71101 1* Straumen - Båthamna Nhs. aust (HST-173/08)	1 348	1 500	152
P72110 0* Kjøp av tomt til Næringsformål	5 551	7 500	1 949
P90074 0* Norheimsund barneskule	109 333	109 874	541
P90132 0* Strandebarne skule - ferdigstilling	1 654	1 600	-54
Sum avslutta prosjekt	179 059	180 955	1 896

Kvart av dei avslutta prosjekta er kommentert med følgjande punkt:

1. Om prosjektinnhaldet
2. Om prosjektet har overskride rammene – kvifor?
3. Om prosjektet har overskride rammene – kva kan gjerast for å unngå tilsvarande seinare?
4. Om prosjektet har overskride rammene – korleis er det finansiert?

K60032 – Kjøp av ICA tomt

1. Kvam herad inngjekk avtale med Kvam Holding AS om å kjøpa ICA-bygget når eigeforholdet med ICA gjekk ut, og å selja bygget vidare til Hardanger Fartøyvernssenter. Bygget vart overteke 1.1.15, men Fartøyvernssenteret var ikkje klar til å overta før 11.1.16.
2. Prosjektrammene er overskridne med 0,024 mnok for utgifter til juridisk bistand som ikkje var teke omsyn til i budsjettrammene.
3. Overskridinga er liten, men alle små utgifter må og med for å få heilt korrekte rammer.
4. Lånefinansieringa er auka med 0,024 mnok for å finansiera utgiftene, slik at prosjektet totalt er finansiert med 8,6 mnok i lån og 4 mnok av næringsfond.

P13151 – IT-investeringar 2015

1. Kommunen har årlege investeringsprosjekt til IT. Investeringsane vert gjort i tråd med digitaliseringsstrategien. I 2015 vart midlane brukt til ny brannmur, nye serverar, nettverk og innkjøp av programvare til nano-opplæring.
2. Det stod att 0,07 mnok igjen på budsjettrammene.

P15083 – Turistveg Steinsdalen

1. Prosjektet er ein relativt liten del av totalprosjektet for opprusting av området rundt Steinsdalsfossen som del av nasjonale Turistveg-prosjekt. Prosjektrammene til P15083 var i utgangspunktet på 3,6 mnok til kjøp av tomt/grunn, finansiert med refusjonar frå fylket. På grunn av utgifter til lysingar og dok.avg., samt mellombels bruk/avsetninga av fondsmidlar, er rammene om lag dobla.
2. Rammene er overskridne med 0,15 mnok pga. at utgifter til lysingar og dokumentavgift ikkje var budsjettert.
3. For å unngå tilsvarande, er det viktig å få med alle utgifter i prosjektbudsjetteringa, sjølv om dei vert refunderte frå eksterne aktørar.
4. Rammeoverskridinga er finansiert med auka refusjonsinntekter.

P16153 – PC Skule

1. Maskinparken i skulen var utdatert etter mange år utan fornying. Det er no laga eit program for pc- og Smarttavle-sett til skule og barnehage. Det vart kjøpt 150 pc-ar og 5 Smarttavler. Investeringsane vert gjort i tråd med digitaliseringsstrategien.
2. Prosjektrammene vart utvida i 2. tertial til å omfatta Smarttavler. Prosjektet er gjennomført innanfor utvida rammer.

P60151 – Asfaltering 2015

1. Kommunen har årlege prosjekt for nyasfaltering eller reasfaltering som ikkje kjem innunder vanleg vedlikehald som går under drift. I 2015 gjeld dette asfaltering av vegar og plasser i Strandebarm, Norheimsund og Øystese.
2. Tabellen viser ei overskriding på 0,17 mnok. Det hender at kommunen formidlar asfalteringsoppdrag for private i tilknytning til kommunale område. I 2015 er det seld asfalt for 0,12 mnok, og det reelle overforbruket er på kr 48.000.
3. Rammene bør justerast for vidaresal/inntekter, men dette kan vera ei utfordring når inntekta er kjent seint på året.
4. 0,12 mnok av rammeoverskridinga er finansiert med salsinntekter og 0,05 med høgare låneopptak.

P60152 – Oppgradering bygg 2015

1. Kommunen har årlege prosjekt for oppgradering av bygg som ikkje kjem innunder vanleg vedlikehald som går under drift. I 2015 gjeld ombygging av Gamle Norheimsund ungdomsskule, delprosjekt på Øysteseheimen, Toloheimen utleigebustader i Øystese og Øystese idrettshall.
2. Prosjektet er gjennomført innanfor rammene.

P60156 – Fornyning teknisk utstyr 2015

1. Kommunen har årlege prosjekt til kjøp av teknisk utstyr. Midlane er brukt til hjullastar og kostemaskin.
2. Prosjektet er gjennomført innanfor rammene.

P60157 – Fornyning teknisk utstyr VAR 2015

1. Kommunen har årlege prosjekt til kjøp av teknisk utstyr. Midlane er brukt til hjullastar.
2. Prosjektet er gjennomført innanfor rammene.

P61083 – Oppgradering vassverk Kvamskogen

1. Det er bygd eit nytt vassverk på Kvamskogen der eit tidlegare, mindre anlegg er integrert.
2. Prosjektet er gjennomført innanfor rammene, med ein rest på 0,2 mnok. Som del av prosjektet måtte kommunen kjøpa ut grunn og hytta til takst til 2,3 mnok. Hytta vart brukt som «brakke» i prosjektet, og hytta og del av grunnen skulle seljast igjen etter prosjektet vart avslutta. Hytta viste seg vanskeleg å selja til takst igjen, og gjekk for 1,7 mnok. Låneopptaket vart difor 0,4 mnok høgare enn budsjettert.

P61119 – VA-leidning Kvammapakken (Nes-Skipadalen)

1. Investeringsprosjektet er ein del av fleire VA-prosjekt knytt til Kvammapakken, oppdelt i ulike parsellar.
2. Prosjektet er gjennomført innanfor rammene. Kommunen har fått refundert 1,1 mnok, og lånefinansieringa er difor redusert tilsvarande.

P61132 – Bru Steinsdalsfossen

1. Gjelder bru over elva ved Steinsdalsfossen. Arbeid utført i eigen regi og med innleigde underentreprenør.
2. Resultat viser overskriding på 33 000,- Dette er på grunn av at tilskot frå private ikkje er tatt med i budsjettet.
3. For å unngå tilsvarande, er det viktig å få med alle utgifter i prosjektbudsjetteringa, sjølv om dei vert refunderte frå eksterne aktørar.
4. Rammeoverskridinga er finansiert med auka salsinntekt.

P61158 – Utviding av vegkryss ved Nhs VGS

1. Del av fylkeskommunalt prosjekt ved utviding av vegkryss frå hovudveg og opp til Norheimsund Vidaregåande skule, der kommunen eig noko av vegen.
2. Prosjektet er gjennomført innanfor rammene. Prosjektet skal finansierast med kompensasjonsmidlar, men er førebels lånt av fondsmidlar.

P62141 – Opprusting Storeteigen

1. Prosjektet omhandlar utskifting av tidlegare toalettanlegg og fornying av kjøkken. Nytt anlegg er etablert med nytt universelt utforma publikumstolett, nytt badarom med toalett og plass for vaskemaskin til dei som bur på tunet. I tillegg er det etablert nytt kjøkken i hovudhuset, slik at tilhøva for servering av gjester er etablert på ein god måte.
2. Prosjektet viser ei overskriding av rammene på 0,4 mnok. Rammene er overskridne for komande tilskot som Hordaland Fylkeskommune har gjeve.
3. For å unngå tilsvarande, er det viktig å få med alle utgifter i prosjektbudsjetteringa, sjølv om dei vert refunderte frå eksterne aktørar.
4. Midlane frå fylket er ikkje mottekne endå, og mellombels lånt av Kvam herad sine fondmidlar (0,38 mnok) og auka låneopptak (0,04 mnok).

P62142 – Brannsikring «Grøne bygget»

1. Prosjektet var resultat av krav for å nytta begge etasjar i «Grøne bygget» til utleige til Hardanger Kunstskeule, i begge etasjar. HAKU vart nedlagt til sommaren 2015, og hausten 2015 flytta vaksenopplæringa for flyktningar inn i hovudbygninga og første etasjen av «Grøna bygget». Prosjektmidlane vart då nytta for etablering av vaksenopplæringa, samt brannsikra denne etasjen. Andre etasjen er avstengd og har ikkje krav om sikring før denne vert teken i bruk på nytt.
2. Løyvde midlar var for små for det som måtte gjerast ved flytting av vaksenopplæringa, og prosjektrammene vart overskridne med 0,2 mnok. I tillegg er det brukt 0,4 mnok av P60152 – Oppgradering bygg 2015.
3. Dette vart eit prosjekt som vart omdefinert undervegs etter nedlegging av HAKU, og flytting av eigne tenester som eit hastetiltak, og ikkje med eit ordinært framdrift for eit investeringsprosjekt. Det gjekk difor utanfor opprinnelege prosjektering, men vart totalt sett ei god løysing ut frå tilpassing av eigen organisasjon til endra rammevilkår.
4. Det er brukt 0,2 mnok meir i lånefinansiering enn budsjettert. Finansieringa må sjåast i samanheng med driftsinnsparingar me får etter at leigetilhøvet i Merwynbygget er avslutta.

P 70152 Damveg Ålvik

1. Gjeld tilskot til bygging av privat skogsveg til fjells i Ålvik.
2. Midlane er overført og Kvam herad sitt bidrag er avslutta.

P 71101. Straumen - Båthamna Nhs. aust (HST-173/08)

1. Reguleringsplan for strekkja i mellom Straumbrua og Tolo småbåthamn i Norheimsund. Det er no gjort endeleg vedtak av reguleringsplanen. Prosjektet er avslutta.
2. Prosjektet var gjennomført innanfor budsjettramma, med ein rest på 0,15 mnok.

P72110 – Kjøp av tomt til Næringsformål

1. Prosjektet gjeld kjøp av ulike tomter i område knytt til næringsareal i Sandvenhagen. Fleire tomter er kjøpt og deler av arealet er seld vidare.
2. Det står att 1,9 mnok på prosjektet til vidare kjøp av areal, men prosjektet har vore utan aktivitet ei stund og vert difor avslutta. Evt. nye tomtekjøp må gjerast i nye vedtak/prosjekt.

P90074 – Norheimsund barneskule

1. Ombygging og utviding av Norheimsund barneskule.
2. Det står att 0,5 mnok av budsjettrammene. Prosjektet har vore utvida fleire gonger, og det vert vist til eigen sluttrapport for prosjektet, handsama i HST-067/15 den 6.10.15.

P90132 – Strandearm skule - ferdigstilling

1. Ombygging og utviding av Norheimsund barneskule.
2. Det står att 0,5 mnok av budsjettrammene. Prosjektet har vore utvida fleire gonger, og det vert vist til eigen sluttrapport for prosjektet, handsama i HST-067/15 den 6.10.15.

6.5.2 Aktive driftsprosjekt

		Forbruk totalt per 2015	Bud T.o.m 2015	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019	Total- ramme (eksl. mva.komp, inkl. fonds- avsetning)	Rest på total ramme
Tekst									
P18161	1* Prosess- og org.gjennomgang - LEAN	0	0	1 000	0	0	0	1 000	1 000
P61167	1* Kartlegging tilstand av kommunale vegar	0	0	250	0	0	0	250	250
P62161	1* Rehabilitering bustader Hatlevegen	0	0	816	0	0	0	816	816
P62162	1* Kartlegging tilstand av kommunale bygg	0	0	250	0	0	0	250	250
P65162	1* Redningsbil Ålvik	0	0	225	0	0	0	225	225
P70132	1* Reg.plan Tokagjelet-Ungd.heimen	4	0	500	0	0	0	500	496
P70133	1* Reg.plan NAF-Eikedalen	23	0	500	0	0	0	500	477
P70134	1*Reguleringsplan Busdalen/Grustaket	693	750	300	0	0	0	1 050	357
P70151	1* Ei dør - Hardanger Fartøyvernssenter	0	0	2 000	0	0	0	2 000	2 000
P71091	1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik	1 312	1 600	2 550	0	0	0	4 150	2 838
P71095	1* Reguleringsplan Håfjellstunnel	481	670	80	0	0	0	750	269
P71096	1* Reguleringsplan Fyksesund bru - Steinstø	46	200	0	0	2 000	0	2 200	2 154
P71170	1*Reguleringsplan Fjerabygde - Rosseland	0	0	0	300	0	0	300	300
Sum aktive driftsprosjekt		2 560	3 220	8 471	300	2 000	0	13 991	11 431

Prosjekt over budsjettrammer:

Det er ingen driftsprosjekt med overskridne rammer.

6.5.3 Aktive investeringsprosjekt

Tekst	Forbruk totalt per 2015	Bud T.o.m 2015	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019	Total- ramme (eksl. mva.komp, inkl. fonds- avsetning)	Rest på total ramme
P13161 0* IT-investeringar 2016	0	0	1 440	0	0	0	1 440	1 440
P13171 0* IT-investeringar 2017	0	0	0	1 440	0	0	1 440	1 440
P13191 0* IT-investeringar 2019	0	0	0	0	0	1 440	1 440	1 440
P16151 0* Aggregat IT-system	88	90	710	0	0	0	800	712
P16152 0* Telefon- og varslingssystem	224	0	1 600	0	0	0	1 600	1 377
P16154 0* PC PLO	219	300	100	0	0	0	400	181
P16161 0* IKT i skule og barnehage	0	0	1 000	850	850	550	3 250	3 250
P16181 0* IT-investeringar 2018	0	0	0	0	1 440	0	1 440	1 440
P17141 0* Kjøp av modulbygg	0	0	1 600	0	0	0	1 600	1 600
P18131 0* Portal- og administrasjonsprogram	1 224	1 200	300	0	0	0	1 500	276
P18133 0* Heilelektronisk arkiv	477	387	1 113	0	0	0	1 500	1 023
P18162 0* Oppgradering/utskifting adm.system	25	0	1 800	0	0	0	1 800	1 775
P19092 0* Øystese Kraft AS	149	120	0	0	0	0	120	-30
P19141 Hardangerbadet	2 164	3 134	19 366	0	0	0	22 500	20 336
P31061 0*Tomt Toloheimen-komande omsorgsbustadar	500	500	6 670	0	0	0	7 170	6 670
P37161 0* Takheis PLO	0	0	100	0	0	0	100	100
P60024 0* Bustadfelt - Grodalsåsen, Mikjelsgarden AS	639	550	8 900	0	0	0	9 450	8 811
P60025 0* Utbyggingsavtale Grodalsåsen	0	0	970	0	0	0	970	970
P60094 0* Komp.midlar veg - avkøyring industriområde St.d	465	1 000	500	0	0	0	1 500	1 035
P60096 0* Komp.midlar veg - Skjering, Bakka	0	0	2 500	0	0	0	2 500	2 500
P60134 0* Familie- og læringssenter	0	400	9 600	0	0	0	10 000	10 000
P60161 0* Asfaltering 2016	0	0	1 500	0	0	0	1 500	1 500
P60162 0* Oppgradering bygg 2016	0	0	1 000	0	0	0	1 000	1 000
P60166 0* Fornying teknisk utstyr 2016	0	0	500	0	0	0	500	500
P60171 0* Asfaltering 2017	0	0	0	1 500	0	0	1 500	1 500
P60172 0* Oppgradering bygg 2017	0	0	0	1 000	0	0	1 000	1 000
P60173 0* Fornying teknisk utstyr 2017	0	0	0	500	0	0	500	500
P60181 0* Asfaltering 2018	0	0	0	0	1 500	0	1 500	1 500
P60182 0* Fornying teknisk utstyr 2018	0	0	0	0	500	0	500	500
P60191 0*Asfaltering 2019	0	0	0	0	0	1 500	1 500	1 500
P60192 0*Fornying teknisk utstyr 2019	0	0	0	0	0	500	500	500
P61141 0* Avkøyring Mo	0	200	0	0	0	0	200	200
P61142 0* Næringsareal Mo	0	0	2 000	0	0	0	2 000	2 000
P61143 0* Veg Sandvenhagen/Sæland	97	400	2 000	0	0	0	2 400	2 303
P61145 0* Trafikksikringstiltak - HST-132/12	415	350	400	0	0	0	750	335
P61147 0* Skutlbergvegen - rassikring og veg	4 282	3 795	1 280	0	0	0	5 075	793
P61151 0* Kryss Tolo - Buspareklubben	2	0	1 600	0	0	0	1 600	1 598
P61152 0* Bruprosjekt - Netelandsbrua	276	250	2 250	0	0	0	2 500	2 224
P61153 0* Parkering Bjørketeigen	0	0	1 000	0	0	0	1 000	1 000
P61155 0* Rassikring - murar og fjell	856	600	400	0	0	0	1 000	144
P61156 0* Melstveitvegen	2 199	2 479	1 221	0	0	0	3 700	1 501
P61166 0* Utskifting til LED i veglys	0	0	2 450	2 450	0	0	4 900	4 900
P62132 0* Bårehus Øystese	182	153	4 047	0	0	0	4 200	4 018
P62151 0* Kjøp av veg/grunn Vikøyevjo	1 725	1 900	0	0	0	0	1 900	175
P62152 0* Rødingsveg rådhuset	0	0	400	0	0	0	400	400
P62153 0* Oppgr. av område/bygg teknisk Sandven	101	100	1 900	0	0	0	2 000	1 899
P62155 0* Branntryggleik Strandebarmsheimen	12	12	1 188	0	0	0	1 200	1 188
P62156 0* Servicebygg Mundheim	1 322	0	900	0	0	0	900	-422
P62163 0* Rassikring i Bergshagen	0	0	2 000	0	0	0	2 000	2 000
P62171 0* Utskifting glas og fasade rådhus	0	0	0	1 000	1 000	0	2 000	2 000
P62181 0* Oppgradering bygg 2018	0	0	0	0	1 000	0	1 000	1 000
P62191 0*Oppgradering bygg 2019	0	0	0	0	0	1 000	1 000	1 000
P65161 0* Digitalt naudnett - kompatibel GPS	0	0	230	180	0	0	410	410
P70131 0* Skytebane Vangdalsåsen	12 924	13 000	0	0	0	0	13 000	76
P71092 0* Strandvegen (HST 048/09)	32 360	32 621	0	0	0	0	32 621	261
P71093 0* Oppgradering Mundheim sentrum	10	22	240	0	0	0	262	252
Sum aktive investeringsprosjekt	62 937	63 562	86 775	8 920	6 290	4 990	170 537	107 600

Prosjekt over budsjetttrammer:

P19092 Øystese Kraft AS

Kvam herad er på eigarsida i Øystese Kraft AS. Prosjektet inneheld ein kombinasjon av kjøp juridisk rådgjeving og lån til aksjeselskapet. I tillegg har kommunen aksjekapital i selskapet.

Konsesjonssøknaden til selskapet er til handsaming, og utfall og utgifter uklare.

P62156 Servicebygg Mundheim

1. Etablering av offentleg toalettanlegg ved Mundheim sentrum. Mundheim er eit trafikalt knutepunkt, og mykje nytta stoppestad for turbussar og turistar i sommarhalvåret. Difor var det ynskje om å betra sanitærtilhøve for desse, samt etablera ei god løysing for ventande til korresponderande bussar. Toaletttilbod for buss sjåførar var også sterkt ynskt. Prosjektet er avslutta, men endeleg løysing for drift av bygget – reinhaldet – er ikkje endeleg på plass. Denne vinteren reingjer Mundheim Grendautval, men i komande turistsesong må dette ordnast med ei meir permanent løysing.
2. Tabellen viser ei overskriding på 0,4 mnok. Når anboda kom inn, vart det klart at dei var betydeleg høgare enn forutsett. Prosjektet var difor utsett til etter heradsstyremøte 16/6-15 sak 039/15, der det vart lagt opp til at prosjektet skulle gjennomførast. Etter dette vart prosjekt P71093 – Oppgradering Mundheim sentrum korrigert og oppdelt i eit nytt prosjekt P62156 – Servicebygg Mundheim. P71093 må førebels stå på vent, då vedtaket i 1. tertial er utforma slik at dersom ein ikkje får tak i andre midlar til å dekkja utgiftene til Servicebygg, som låg inne med 0,9 mnok (eksl. mva), skulle ein bruka resten av midlane på P71093 (0,24 mnok ekskl. mva). Utover dette viste det seg ved gjennomføringa at avløpsleidning som var sagt kunne nyttast, ikkje kunne nyttast likevel. I tillegg fekk me ordna med privat vassleveranse som vart mykje betre enn slik det først var tenkt.
3. I denne typen prosjekt, kunne detaljeringsnivået vore endå høgare, og VA-forholdet burde vore avdekka før igangsetting.
4. Det er totalt innvilga 0,55 mnok i kompensasjonsmidlar og 0,25 mnok frå Statens vegvesen (totalt 0,8 mnok). 0,45 mnok av desse er mottekne. Det er difor lånt 1,1 mnok av fondsmidlar utover dei 0,2 mnok kommunen opprinneleg skulle bidra med. Dei resterande 0,24 mnok frå P71093 er førebels ikkje trekt inn då restfinansiering er ikkje klarlagt ennå. Prosjektet er difor ikkje avslutta. Kommunen har bede Mundheim Grendautval søkja om meir midlar, både til sluttfinansiering av dette tiltaket og for å kunna finansiera andre tiltak i Mundheim som opprinneleg var tenkt med P71093.

Prosjekt som ikkje er avslutta, men utan rammer etter 2015:

P61141 Avkøyring Mo

Prosjektet er ikkje starta opp. Tidsforskyvinga vil verta innarbeidd i 1. tertial 2016.

P62151 Kjøp av veg/grunn Vikøyevjo

Som del av «Kvammapakken» vart stein- og jordmassar nytta til utfylling i Vikøyevjo. Kommunen kjøpte grunnen av Statens vegvesen. Det står noko att, men deler av grunnen er seld vidare til Framnes vidaregåande skule.

P70131 Skytebane Vangdalsåsen

Tilkomstveg, parkering, standplassar mm er på plass, men det står noko lite att i høve oppgjer for grunn. Grunnlaget for vidare utbygging er på plass.

P 71092 Strandvegen

Prosjektet er i hovudsak ferdigstilt, men det står noko mindre arbeid igjen som har teke tid å få på plass i påvente av ferdigstilling av avtalar med grunneigarar.

6.5.4 Aktive skule- og barnehageprosjekt

Tekst	Forbruk totalt per 2015	Bud T.o.m 2015	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019	Total- ramme (eksl. mva.komp, inkl. fonds- avsetning)	Rest på total ramme
P90131 0* Ålvik skule	2 178	3 121	37 482	0	0	0	40 603	38 425
P91140 0* Barnehage - Felles	3 868	3 700	4 000	0	0	0	7 700	3 832
P91141 0* Barnehage - Strandebar	1 361	1 000	8 000	10 000	0	0	19 000	17 639
P91142 0* Barnehage - Tørvikbygd	9 317	11 100	12 400	0	0	0	23 500	14 183
P91143 0* Barnehage - Norheimsund	4 519	2 000	18 000	15 000	0	0	35 000	30 481
P91144 0* Barnehage - Øystese	14 248	16 000	17 000	0	0	0	33 000	18 752
Sum aktive skule- og barnehageprosjekt	35 491	36 921	96 882	25 000	0	0	158 803	123 312

Prosjekt over budsjettrammer:

Ingen

6.5.5 Aktive VAR-prosjekt:

Tekst	Forbruk totalt per 2015	Bud T.o.m 2015	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019	Total- ramme (eksl. mva.komp, inkl. fonds- avsetning)	Rest på total ramme
P60153 0* Avlaupsledning Strandebar	0	200	2 200	0	0	0	2 400	2 400
P60158 0* VA Høgdebasseng Ålvik	0	0	1 200	0	0	0	1 200	1 200
P60159 0* VA-leidning Kvammapakken (Øystese sentr. - Str	93	1 000	2 200	0	0	0	3 200	3 107
P60167 0* Fornying teknisk utstyr VAR 2016	0	0	835	0	0	0	835	835
P60174 0* Fornying teknisk utstyr VAR 2017	0	0	0	500	0	0	500	500
P60183 0* Fornying teknisk utstyr VAR 2018	0	0	0	0	500	0	500	500
P60193 0* Fornying teknisk utstyr VAR 2019	0	0	0	0	0	500	500	500
P61073 0* Ny pumpestasjon P5, Tolo	182	183	100	1 718	0	0	2 000	1 818
P61081 0* Utsleppsanering Evjo, Øystese	130	853	200	1 587	0	0	2 640	2 510
P61082 0* VA-anlegg mot Eikedalen	28 129	26 266	934	0	0	0	27 200	-929
P61091 0* Felles slamavskiljar Vikøy	0	0	200	1 300	0	0	1 500	1 500
P61102 0* Vasssleiding Torpe, vidareføring	3 185	7 500	1 000	0	0	0	8 500	5 315
P61111 0* Oppgradering hovudrenseanlegg avløp	1 298	4 300	13 700	50 000	10 000	0	78 000	76 702
P61113 0* Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam	671	2 000	1 500	0	0	0	3 500	2 829
P61114 1* Oppdatering vassforsyningsplan	1	0	500	0	0	0	500	499
P61115 0* Sanering VA Skutlalia	0	0	2 000	0	0	0	2 000	2 000
P61116 0* Sanering Norheim	66	70	930	0	0	0	1 000	934
P61117 1* Oppdatering avløpsplan	1	0	500	0	0	0	500	499
P61118 0* Reserveforsyning vatn	0	0	1 000	1 000	0	0	2 000	2 000
P61120 0* VA-leidning Kvammapakken (Skipadalen - Tolo)	4 722	4 150	1 000	0	0	0	5 150	428
P61148 0* Vassleiding Torpevegen, veg- og murarbeid	4 328	4 260	2 240	0	0	0	6 500	2 172
P61146 0* Prosjektering VA-infrastruktur Tolomarka	67	150	0	0	0	0	150	83
P61154 0* Sanering Norheimsund (Haldeplassen - Straumen)	109	150	350	0	0	0	500	391
P61159 0* VA-pumpestasjon ved Fartøyvernseieret	0	0	1 500	0	0	0	1 500	1 500
P61160 0* Sanering VA Kvam herad, 2016 - vatn	0	0	1 500	0	0	0	1 500	1 500
P61161 0* Kloakksanering Ålvik	0	0	500	0	0	0	500	500
P61163 0* Øvrige VA-prosjekt 2015/2016	1 856	4 000	0	0	0	0	4 000	2 144
P61164 0* Sanering Nedre Vik, Øystese	0	0	1 500	3 000	0	0	4 500	4 500
P61165 0* Opning av dam på Solhaug	13	0	0	1 000	0	0	1 000	987
P61168 0* Sigevatn Tolomarka	0	0	500	0	0	0	500	500
P61169 0* Sanering VA Kvam herad, 2016 - avløp	0	0	1 500	0	0	0	1 500	1 500
Sum aktive VA-prosjekt	44 852	55 081	39 589	60 105	10 500	500	165 775	120 923

Prosjekt over budsjettrammer:

P61082 VA-anlegg mot Eikedalen

Tabellen viser eit overforbruk på 0,9 mnok, men det er motteke inntekter på 1,7 mnok som rammene ikkje er justert for. Såleis står det att 0,6 mnok.

Prosjekt som ikkje er avslutta, men utan rammer etter 2015:

P61146 Prosjektering VA-infrastruktur Tolomarka

Prosjekteringa er ikkje ferdig, men resterande budsjettmidlar vart ikkje overført til 2016.

P61163 Øvrige VA-prosjekt 2015/2016

Prosjekteringa er ikkje ferdig, men resterande budsjettmidlar vart ikkje overført til 2016.

7 Politisk vedtekne budsjettjusteringar i perioden desember 2014 – desember 2015

Tabellen under viser vedtak med økonomiske konsekvensar som er gjort av Kvam heradsstyre og formannskapet i perioden desember 2014 – august 2015, utanom budsjett og tertialar.

Vedtaksperioden går attende til desember 2014 av di det i desembermøtet var 2 saker med økonomisk konsekvens som ikkje var del av budsjettvedtaket for 2015

Møte dato	Saksnr.	Sakstittel	Vedtak i kr	Finansiering
16.12.2014	HST-121/14	Privatskular – søknad om tilskot	804.170	Næringsfond. Kr 100.000 tidlegare innvilga i HST-084/08. Lån kr 150.000, tilskot til betaling av husleige kr 354.170 og tapt stiftingskapital kr 200.000 dekket av næringsfond. Innarbeidd i driftsbudsjett i 1. tertial.
16.12.2014	HST-122/14	Øystese Kraft AS – vidare finansiering av konsesjonssøknaden 2014-2015	100.000	Fond for «Uttak eigenkapital Kvam kraftverk», kto 25300002. Er innarbeidd i investeringsbudsjettet i 1. tertial.
24.03.2015	HST-009/15	Brannsikring av Strandebarmsheimen	1.125.000	Lånefinansiert kr 900.000 og mva.kompensasjon kr 225.000. Innarbeidd i invest.budsjett i 1. tertial
24.03.2015	HST-016/15	Tour des fjords – kommunal støtte	100.000	Næringsfond. Innarbeidd i driftsbudsjett i 1. tertial.
16.06.2015	HST-039/15	Tilskot til fylket for flygel i Kabuso	250.000	Mastefond. Innarbeidd i 2. tertial
24.08.2015	HST-057/15	Kommunal deltaking i Hardangerbadet	20.000.000	Lånefinansiert. Innarbeidd i 2. tertial.
30.09.2015	FSK-037/15	Tinging av forvaltningsrevisjon og organisasjonsgjennomgang	1.000.000	Finansiert med mastefond. Innarbeidd bud. 2016
06.10.2015	HST-061/15	Del av 2. tertial-vedtak, men ikkje innarbeidd i tabellar: Utviding rammer Melstveitvegen – P61156	1.500.000	Finansiert med sal av stein 0,1 mnok og 1,4 mnok auka lånefinansiering. Innarbeidd i 2. tertial.
06.10.2015	HST-061/15	Del av 2. tertial-vedtak, men ikkje innarbeidd i tabellar: Oppretta investeringsprosjekt P61163 – Øvrige VA-prosjekt 2015-16	4.000.000	Finansiert med lån, innarbeidd i 2. tertial.
06.10.2015	HST-067/15	Auka prosjektramma på P90074 – Kvammaskulen 2007 til 134,6 mnok	10.044.187	Finansert med lån. Innarbeidd i 2. tertial.

Møte dato	Saksnr.	Sakstittel	Vedtak i kr	Finansiering
06.10.2015	HST-072/15	Kjøp av del av gnr. 32, bnr. 9 for framtidig utviding innan helse og omsorg – P31061	7.170.000	Finansiert med Bustadfeltfond. Innarbeidd i 3. tertial og budsjett 2016.
15.12.2015	HST-097/15	Nytt reinseanlegg – plan for vidare val og framdrift	70.000.000	Finansiert med lån. Var innarbeidd i øk.plan.
15.12.2015	HST-099/15	Opprusting av området rundt Steinsdalsfossen souvenir	600.000	Innarbeidd i budsjett for 2016. Finansiert med komp.midlar frå næringsfond
15.12.2015	HST-123/15	Kjøp av aksjar i E134 – Haukelivegen	100.000	Aksjekjøp fin. med kap.fond. I tillegg er det driftsutgifter på kr 23.000 + mva som er finansiert av næringsfond.

8 Statuskommentar til budsjettvedtak, HST-110/14

Nummer	Tekst	Status
1 Hovudstrategi for Kvam herad	a. Kvam herad skal i tillegg til lovpålagte oppgåver og servicetenester til innbyggjarane arbeida for vekst i folketalet, auka sysselsetjing og verdiskaping. For å auka interessa for Kvam herad som etableringsstad med bustadbygging og næringsverksemd, er arealdisponering og eit godt vegnett internt og ut av heradet viktig. Vidare skal Kvam herad vera ein ja-kommune, vera service- og løysningsorienterte og med fokus på positive haldningar i alt arbeid og i all kontakt utad. Kvam herad er i dag eit fleirkulturelt samfunn, som skal ha stort fokus på likestilling og integrering.	Ny visjon og strategi er blant anna vedteken i samfunnsdelen av kommuneplanen Planarbeidet til kommunen er viktige verktøy for å gjennomføra hovudstrategien til Kvam herad. I løpet av 2015 vedtok HST bl.a. kommunedelplan for helse og omsorg, næring og kompetanse og integreringsstrategi.
	b. Kvam herad skal ha ein sunn økonomi. Rådmannen skal arbeida for å minimera utgifter og maksimera inntekter for lovpålagde tenester og andre tenester som vert prioritert av Kvam heradsstyre. Servicenivået for ikkje-lovpålagde tenester skal vurderast som innsparingstiltak.	I økonomiplanen ligg det krav til ulike innsparingstiltak som til saman skal ta ned drifta med 40 mnok per år. Vurdering av servicenivå er eit av tiltaka.
	c. Planarbeidet i 2015 skal utførast ihht vedteken planstrategi og -program.	Sjå punkt a.
2. Skatt på eige og inntekt	Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane.	Lagt til grunn i skatterekneskapen.
3 Skattemargin	Avsetnad til skattemargin er 10%.	Lagt til grunn i skatterekneskapen.

4. Eigedomsskatt 2015	a) Med heimel for utskriving i medhald av Eigedomsskattelova § 2 og 3, skal eigedomsskatten i 2015 gjelda heile heradet. b) Eigedomsskattesatsen i 2015 vert 7,0 promille i samsvar med eigedomsskattelova § 11, fyrste ledd. c) Differensiering: I medhald av eigedomsskattelova § 12 bokstav a, vert skattesatsen (skattøyre) for bustader og fritidshus sett til 4 promille. d) Botnfrådrag: Det vert ikkje gjeve botnfrådrag på bustaddelen i eigedomar/fritidseigedomar. e) Fritak for eigedomar etter eigedomsskattelova § 7 vert gjeve for eigedomar som fell inn under § 7 a (Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten) og § 7 b (bygning som har historisk verde). f) Nyoppført bygning som vert nytta til husværeveit etter søknad fritaken for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova i § 7 i 5 år frå den tida bygningen vart ferdig eller heradsstyret endrar eller opphevar fritaket. g) Takstvedtekter for eigedomsskatt i Kvam herad vedteke i heradstyre 18.12.2012 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2015, jf. Eigedomsskattelova §10.	Punkt a-g er lagt til grunn for utfakturering av eigedomsskatt
------------------------------	--	---

5. Låneopptak	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2015 er på 175 mill.kr med fråtrekk av ubrukte lånemidlar pr. 1.1.2015.	Ubrukte lånemidlar pr. 1.1.2015 utgjorde 120,9 mill.kr, dvs. at behovet for nye lån var ca 56 mill.kr. Lånebehovet auka tertialane, men på grunn av sannsynlege tidsforskyvingar vart ikkje låneopptaket auka. Det vart teke opp eit lån på 54 mill.kr.
6. Husbanklån	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 20,0 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).	Kvam herad fekk tildelt 5 mnok i midlar i 2014, men dei vart ikkje utbetalt før i 2015. For 2015 fekk kommunen 17,2 mnok, og vedtaket vart endra til 22,2 mnok for 2015 i 1. tertial.
7. Refinansiering	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar.	Det vart refinansiert 514 mnok i 2015
8. Låneavdrag	Det skal betalast 30,2 mill.kr i avdrag i 2015. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålsteneleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.	Det vart betalt 30,2 mnok i avdrag.
9. Trekkrett	I følgje vedteken plasseringsstrategi for Kvam herad vert det vedteke å oppretthalde trekkrett i kontosystemet til Kvam herad. Trekkretten for 2015 skal vera på inntil 40 mill.kr.	Trekkretten har vore nytta i korte periodar.
10. Delegeringsreglement	Budsjettet for 2015 er definert gjennom obligatoriske hovudoversikter for drift og investering. Rådmannen får fullmakt til å fordela ramma i samsvar med underliggjande dokumentet og tabellar. Prosjekt vert vedtekne i særskilde tabellar.	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialane.
11. Justering av prosjekt i tid	Rådmannen får fullmakt til å justera budsjetta for prosjekt i høve til endringar i tid.	Eventuelle justeringar er omtala i eigne kapittel i tertialane.

12. Prisar og gebyr	Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i samsvar med føresetnader i eiga sak.	Det vart ikkje gjort endringar i pris- og gebyrheftet.
13. Kjøp av eigedomar	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av eigedomar på inntil 4 mill.kr.	Fullmakta er nytta til eit kjøp av bustadhus til utleige til 2,3 mnok.
14. Krisesituasjonar	Rådmannen får fullmakt til å omdisponera ressursar for opp til 2 mill.kr som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.	Fullmakta vart ikkje nytta.
15. Kraftinntekter	Heimfallsinntekter og sal av konsesjonskraft utover opprinneleg budsjett for 2015, skal setjast av i eit kraftfond.	Inntektene vart under budsjett, og tidlegare avsette fondsmidlar måtte nyttast til finansiering av meirforbruk i 2015.
16. Oppbygging av disposisjonsfond	For å gjera økonomien til Kvam herad meir robust i møte med større, uventa endringar i kommuneøkonomien, skal kommunen byggja opp disposisjonsfond tilsvarande 4% av driftsutgiftene.	Det er ikkje funne rom for oppbygging av disposisjonsfond. Tvert om måtte det brukast meir fondsmidlar til å finansiera meirforbruket i 2015.
17. Vurdering av avgiftsområde	Rådmannen skal utgreia samanslåing av dei to avgiftsområda for VA; Kvam og Kvamskogen.	Ny forskrift med samanslåing av område er lagt fram til politisk handsaming i 2016.
18. Flyktningar	Kvam herad presiserer tidlegare vedtak om antal på 15 flyktingar pr. år til å innbefatta familiegjenforening	I samband med aktuell flyktningsituasjon og ny integreringsplan, vart talet auka i 1. tertial til 25 per år, inkl. fam.gjenforening. Kvam busette 32, 20 flyktingar og 12 fam.gjenforeining.

19. Helse og omsorg	Den pressa situasjonen i eining helse og omsorg gjer det nødvendig med ei auke i ramma til sektoren på kr 3,0 mill. for at tenesta skal fungera tilfredstillande. Rådmannen vert bedt om å avhjelpe den akutte mangelen på plassar i sektoren, eventuelt ved å leige nødvendig kapasitet i nabokommunane. Heradsstyret ber rådmannen snarast koma tilbake med sak, for å auka kapasiteten i sektoren. Til dømes ved bruk av modulbygg. Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye institusjonsplasser i helse og omsorg basert på noverande behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam. Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye omsorgsbustader basert på behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam.	Rammeauken på 3 mnok vart innarbeidd. I 1. tertial låg det eit nytt innsparingskrav på 2 mnok, men samstundes vart det gjeve ein rammeauke på 3 mnok til ressurskrevjande brukarar. Det har tidvis vore leigd plassar i nabokommunar. Sak om kapasitetsauke/nye opphaldsplassar vart lagt fram til politisk handsaming i HST 19.5.15. Og ein ny sak er lagt fram til politisk handsaming i 2016.
20. Skytebane Vangdalsåsen	Kvam heradsstyre vedtek å utvida ramma med kr. 3 mill. til totalt kr. 13 mill. på prosjekt P70131 Skytebane Vangdalsåsen. Midlane vert tildelt på følgjande vilkår: • Kr. 1,2 mill. er risikoavsetning i prosjektet. Evt. ubrukt avsetning kjem til frådrag på løyvinga. • Skytebanenemnda skal søkja om meirverdiavgiftskompensasjon for opparbeiding av felles infrastruktur og grunnarbeid. • Evt. mva. kompensasjon kjem til frådrag på løyvinga. Den ekstra løyvinga vert finansiert med Bustadfeltfond, konto 25360003.	Rammeauken vart innarbeidd i investeringsbudsjettet.

21. Damvegen	Damvegen får eit tilskot på inntil kr 2,5 mill. finansiert frå mastekompensasjonsfondet. Det er ein føresetnad at Damvegen vert tilgjengelig for ålmenta og at skogsvegen i Ytre Ålvik får rett av Damveglaget til å kobla seg på Damvegen.	Rammeauken vart innarbeidd i driftsbudsjettet. Midlane er betalt ut.
22. Utbetring av Melstveitvegen	Melstveitvegen vert utbedra for transport av tømmer med trailer, og får kr 2,2 mill. finansiert med kompensasjonsmiddlar for arbeidsgjevar avgift, mellombels lånt av næringsfond.	Rimelegaste anbod er 1,7 mnok ekskl. mva. over prosjektramma. I 2. tertial vart rammene utvida til 4,6 mnok inkl. mva.
23. Tour De Fjords	Tour de Fjords søknad om støtte for start i Kvam vert innvilga med kr 150.000,- med føresetnad av at hardangerrådet eventuelt andre, finansierer resten. Kvam herad sin del vert finansiert med bruk av disposisjonsfond.	Støtta vart auka til kr 250.000 i eit eige vedtak, HST-016/15, og innarbeidd i budsjett/terial.
24. Kinck Jubileum	Jubileet vert støtta med kr 100,000 finansiert med bruk av disposisjonsfond.	Støtta vart innarbeidd i budsjettet.
25. Ingebrigt Vik Jubileum	Jubileet vert støtta med kr 100,000 finansiert med bruk av disposisjonsfond.	Støtta vart innarbeidd i økonomiplanen for 2016.
26. Forskottering kunstgrasbane i Tørvikbygd	Det blir gitt forskotering på spelemiddlar med kr 330.000 finansiert med bruk av disposisjonsfond.	Forskotet vart innarbeidd i budsjettet og utbetalt idrettslaget då grasbanen var ferdigstilt.
27. Hardanger Fartøyvernssenter	Hardanger og Voss museum får eit tilskot til ny publikumsinngang ved Hardanger Fartøyvernssenter på kr 2 mill.kr finansiert av Næringsfondet. Vilåret er at prosjektet vert gjennomført.	Tilskotet vart innarbeidd i budsjettet.

28. Strandebarm skule/Kvam ungdomskule	Ferdigstilling av uteområdet og tribuneanlegget (inkl. Trapp og branndør) ved Strandebarm skule. Innkjøp og montering av el.dørøpnarar ved Kvam ungdomskule. Kostnad er berekna til kr. 400.000,- som vert lånefinansiert.	Prosjektet vart innarbeidd i tertialen.
29. Ta ned drifta (generelle innsparingar)	I samband med 1.tertial 2015 skal rådmannen leggja fram utkast til økonomiplan 2016-2019 med hovudoversikt fordelt på rammeområde. Denne skal syna korleis dei generelle innsparingane i økonomiplan 2016-2019 skal løysast.	Utkast til økonomiplan 2016-2019 vart lagt fram som eiga sak samstundes med tertialen til handsaming i HST 16.6.15. Saka inneheld ei rekkje tiltak for å ta ned drifta med 40 mnok.
30. Driftsbudsjett 2015-2018	Driftsbudsjettet vert vedtek i samsvar med tabellen nedanfor og underliggjande tabellar (tal i 1.000 kr)	Eventuelle budsjettendringar vart kommentert i eige kapittel i tertialen. Avvik mellom justert budsjett og rekneskap er kommentert i eigne kapittel i årsmeldinga.
31. Rammeområde 2015	Budsjettet vert fordelt på rammeområde i samsvar med tabellen nedanfor, jfr. Økonomireglementet for Kvam herad (tal i 1.000 kr)	Eventuelle budsjettendringar vart kommentert i eige kapittel i tertialen. Avvik mellom justert budsjett og rekneskap er kommentert i eigne kapittel i årsmeldinga.
32. Investeringsbudsjett 2015-2018	Investeringsbudsjettet vert vedtek i samsvar med tabellen nedanfor og underliggjande tabellar (tal i 1.000 kr)	Eventuelle budsjettendringar vart kommentert i eige kapittel i tertialen. Avvik mellom justert budsjett og rekneskap er kommentert i eigne kapittel i årsmeldinga.

9 Vedlegg

- Finansrapport
- Gjeldsrapport
- Fondsoversikt